

Bispebrevet

Bruken av provinsialstatuttet frå 1280

Birte Myklebust



Masteroppgåve i historie
Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap

UNIVERSITETET I BERGEN

Våren 2014

Bispebrevet

© Birte Myklebust

2014

Bispebrevet – Bruken av provinsialstatuttet frå 1280

Birte Myklebust

<http://bora.uib.no/>

Forord

Arbeidet med denne masteroppgåva byrja hausten 2012. I løpet av desse to åra byrja eg i ei arbeidsgruppe som hadde som føremål å lage eit personregister til den norske omsetjinga til Gunhild og Magnús Stefánsson av *Árna saga byskups*. I denne samanheng fekk eg ei interesse for sagaen noko dette arbeidet er eit resultat av. Eg vil takke alle medlemmane i denne gruppa: Aleksander, Anders, Dan, Eldbjørg, Frode og Helene, for gode diskusjonar og arbeid kring sagaen. Vidare vil eg takke rettleiaren min Eldbjørg Haug for grundige tilbakemeldingar og råd i skriveprosessen. Alle på masterseminaret i mellomalder ved UiB skal også takkast for tilbakemeldingar på utkast.

Eg vil rette spesiell merksemd til sambuaren min Jobbjørn. Takk for alle timane du har brukt for å pugge norrøne bøyingsmønster med meg. Silje, Solveig og Sunniva vil eg takke for korrektur lesing. Til slutt vil eg takke Marte som utan å klage, har lest gjennom kvart kapittel fleire gonger.

Birte Myklebust

Bergen 14.05.2014.

Forkortingar

DI = *Diplomatarium Islandicum*

DN = *Diplomatarium Norvegicum*

IA = *Islandske Annaler indtil 1578*

NgL = *Norges gamle Love*

NMD = *Norske middelalderdokumenter*

RN = *Regesta Norvegica*

Innhald

1. Introduksjon	1
Statuttlovgjeving - eit etterspurd forskingsemne	2
Arven frå Rudolf Keyser	3
Problemstilling og avgrensing.....	5
Kjelder og kjeldekritiske utfordringar	7
Provinsialstatuttet	8
Biskop Arnes saga	8
Supplerande kjeldemateriale	10
Omgrepsdefinisjonar	11
Metode og struktur	12
2. Provinsialkonsilet i 1280.....	14
Bispetinget.....	14
Føremålet med provinsialkonsil i 1280.....	18
Rettarbota frå 1280.....	28
Innhaldet i provinsialstatuttet frå 1280.....	34
Konklusjon	37
3. Omtalen av provinsialstatuttet frå 1280 i <i>Biskop Arnes saga</i>	38
Lovtakinga av <i>Jónsbók</i> i 1281	38
Konklusjon	46
4. Bruken av provinsialstatuttet frå 1280	47
Kyrkjeleg straff	47
Det store bannet.....	51
Ravn Oddsson	51
Alltinget sommaren 1284	57
Alltinget 1286.....	62
Alltinget 1287.....	63
Alltinget 1288.....	64
Erlend Olavsson Sterke	68
Formyndarstyret til kong Eirik	70

Det mindre bannet – Forbod (interdikt)	70
Åsgrim Torsteinsson	71
Orm Klængsson (Orm i Tunga)	74
Torvald Helgesson.....	77
Stadamennene.....	80
Konklusjon	84
5. Bannlysingsmønsteret til biskop Arne – ei samanlikning	85
Metodiske utfordringar.....	85
Kontekst – Frå venskap til eit konfliktfylt forhold.....	86
Bannlysingar før 1280	87
Samanlikning.....	91
Verknaden av bannet	94
Konklusjon	97
6. Avslutning	99
Kjelder og litteratur	104
Kjelder	104
Oppslagsverk.....	105
Litteratur.....	105
Vedlegg 1	110
Bannlysingar før 1280.....	110
Bannlysingar etter 1280	110
Abstract	112

1. Introduksjon

“På grunn av det som nå er nevnt, må enhver som hører denne beretningen, fremheve den store uenigheten som oppstod mellom folk.”¹

Dette skriv den ukjende forfatteren av *Biskop Arnes saga*. Sitatet er tatt frå ein samanheng der forfatteren skriv om striden kring råderetten over kyrkjene og kyrkjegodset på Island. Folket det oppstod ueinigheit mellom var lekfolk og geistlege. Sjølv om sitatet er frå ein slik konkret samanheng er sitatet karakteristisk for utviklinga i den norske kyrkjeprovinsen i det tidsrommet sagaen dekkjer, ca.1270 -1290. Utviklinga var prega av ulike konflikhtar med grunnlag i dragningar mellom geistlege og lekfolk, kyrkje og kongemakt. Konfliktane har utspring i erkebiskop Jon Raude (1268-1282) sine krav om kyrkjeleg lovgjevingsmynde og fri rett til å dømme etter desse lovene, kyrkjeleg jurisdiksjon. Eg vil i denne oppgåva fylgje oppmodinga til forfatteren av sagaen og framheve denne usemja mellom geistlege og lekfolk ved å rette merksemda mot statuttet utferda på provinsialkonsilet i Bergen 1280.

Provinsialstatuttet frå 1280, også kjent som erkebiskop Jons statutt, er interessant å utforske nærmare av fleire grunnar.² For det første vart statuttet utferda på eit nøye planlagd og nærmast fulltalig provinsialkonsil. På eit slikt kyrkjemøte hadde alle biskopane i kyrkjeprovinsen møteplikt. Erkebiskopen innkalla og leia diskusjonane kring innbyrdes tilhøve eller saker som vedkom kyrkja på møtet. Avgjerslene vart så samla i eit statutt utferda med myndigheit frå heile konsilet og dermed gyldig for heile kyrkjeprovinsen.³ Oppmøtet og førebuinga til provinsialkonsilet i Bergen viser at sakene som skulle verte tatt opp her har vore viktige. Vidare er opphavssituasjonen til statuttet svært spesiell. Det kom til same sommaren som den umyndige Eirik Magnusson skulle kronast. Kong Magnus Lagabøte hadde døydd nokre månadar tidlegare, noko som førte til ein overgang frå ei kongemakt innstilt på kompromiss til ei til dels kyrkjefiendtleg kongemakt som gjekk tilbake på rettar som hadde vorte gitt kyrkja. Statuttet representerer soleis kyrkja sitt forsvar i konflikta som byrja å utvikle seg etter kong Eirik si kroning. I statuttet vart det gjort ein utstrakt bruk av bann, som var kyrkja si øverste straff, for å forsvare rettsstillinga kyrkja hadde opparbeidd seg i 1270-åra med sættargjerda frå 1277 som eit høgdepunkt.

¹ *Biskop Arnes saga* s.108.

² NgL III s.229-241.

³ Skånland, Vegard. (1968) sp.527-528. Imsen, Steinar. (2003) s.19.

Til tross for den sentrale rolla til provinsialstatuttet i konflikta mellom dei to samfunnsmaktene er det eit lite utforska emne. Forskingslitteraturen har konsentrert seg om å skissere årsakene og konsekvensane av konflikta som utvikla seg i Bergen 1280 i staden for å sjå korleis kyrkja handterte den nye situasjonen. Dermed har provinsialstatuttet vorte sett på som eit fåfengt forsøk på å stoppe den anti-kyrkjelege politikken til kongemakta og derfor ikkje vorte diskutert noko nærmare. Eg vil i denne undersøkinga gå vekk frå denne tilnærminga og undersøkje korleis biskop Arne Torlaksson av Skálholt *brukte* statuttet som eit forsvar i konflikta som utvikla seg gjennom ei analyse av *Biskop Arnes saga*. Hypotesen er at statuttet i stor grad vart brukt som eit forsvar for kyrkja.

Statuttlovgeving - eit etterspurd forskningsemne

I ein artikkel i *Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder* peikar Lars Hamre på statuttlovgeving som eit lite utforska forskningsemne. Han hevdar at eit generelt problem for statutt etter *Canones Nidrosienses* er at dei vert brukte som kjelder for historiske og kyrkjehistoriske framstillingar, men ikkje har fått nokon djupare analyse. Spesielt ynskjer han ei nærare utforsking av kjeldeforhold og dei lovtekniske aspekta ved statutta sidan det her finst fleire uløyste og viktige forskingsproblem. Ei djupare undersøking kring statutta vi har bevart kan gje ei betre innsikt i kyrkjeretten som gjaldt i den norske kyrkjeprovinsen i mellomalderen.⁴ Hamre utdjuar ikkje synspunkta sine noko meir, men slik eg forstår Hamre ynskjer han vidare undersøkingar kring heimelen eller rettsgrunnlaget til statutt og forholda kring utferdinga. Terje Liltvedt har i si magisteroppgåve *Norske provinsialstatutter 1280-1351 : en idéhistorisk og rettshistorisk studie* (1991) delvis svara på Hamre sine ynskjer der han går i gang med ei omfattande analyse av statuttlovgevinga frå 1280-1351. Denne undersøkinga har likevel ein meir generell karakter, og går berre inn på kvart enkelt statutt der det er føremålsteneleg for å illustrere tendensar i statuttlovgevinga.⁵

Situasjonen som Hamre skildrar er karakteristisk for forskingslitteraturen kring provinsialstatuttet frå 1280. Eldbjørg Haug sin upubliserte artikkel *Statutory Legislation in the Norwegian Church in the Later Middle Ages* er hittil det einaste unntaket i forskingslitteraturen som har provinsialstatuttet frå 1280 som hovudfokus.⁶ Her går ho nærmare inn på provinsialkonsilet i 1280 og drøftar statuttet frå dette konsilet som kjelde.

⁴ Hamre, Lars. (1972) sp.66.

⁵ Liltvedt, Terje. (1991).

⁶ Haug, Eldbjørg. (2013).

Spesielt diskuterar ho dei to ulike avskriftene vi har bevart av statuttet. Framstillinga hennar representerer soleis eit nytt fokus og ei djupare undersøking kring utferdinga av statuttet, men ho gir ikkje ei undersøking over bruken av det som vil vere fokuset til denne undersøkinga.

Arven frå Rudolf Keyser

Ein hovudgrunn til at forskingslitteraturen tidlegare har brukt statuttet som ei kjelde for ei historisk framstilling og ikkje sjølv vore fokuset, er truleg grunna i merksemda som er gitt til lagnaden til sættargjerda frå 1277. Sættargjerda (av gno. sættargerð f., eit anna ord for forlik eller ei semje) var eit konkordat inngått mellom kongemakt og kyrkje i Tønsberg.⁷ Her oppnådde kyrkja ei stadfesting av tidlegare rettar, samstundes som det ga kyrkja nye.⁸ Spesielt vart det vedtatt kyrkjeleg jurisdiksjon både i kristenrettssaker og klerkemål.⁹ Klerkemål kan definerast som rettslege konflikhtar der geistlege vart saksøkt, medan kristenrettssaker er saker med brot på kyrkja si lære eller brot på kyrkja si økonomiske og rettslege stilling. Slike saker skulle etter kanonisk rett og kyrkjeleg lære høyre under kyrkjeleg jurisdiksjon, og vert ofte omtalt som åndelege saker.¹⁰ Samstundes fekk kyrkja utvida økonomiske rettar med eit nytt tienderegulativ som utvida inntektskategoriane som det skulle betalast tiende for.¹¹ Det er konsensus i forskingslitteraturen om at konflikta som utvikla seg i Bergen 1280 må sjåast i samanheng med dette konkordatet. Etter kong Magnus Lagabøte sin daud gjekk formyrdarstyret til kong Eirik tilbake på rettane til kyrkja som var stadfesta i konkordatet med å utferde ei rettarbot.¹² Ei rettarbot var eit tillegg til gjeldande rett eller ei endring av denne, som skulle tene som ei rettsforbetring.¹³ Innhaldet i rettarbota viste at formyrdarane til kong Eirik ikkje såg på konkordatet som gjeldande rett.

⁷ NgL V s.629. Sættargjerda er trykt i NgL II s.462-477, både den latinske originalen og den gamalnorske omsetjinga med tienderegulativet. Omsetjing i NMD nr.29.

⁸ Om sættargjerda innebar ei nyvinning, stadfesting av eldre rettar eller ei blanding av begge for kyrkja er svært omdiskutert. Sjå f.eks. Keyser, Rudolf.(1858) spesielt s.28-29. Kolsrud, Oluf. (1913, b) s.179-180. Koht, Halvdan. (1916) s.262, 267-270. Seip, Jens Arup. (1942) s.132 og 138. Uavhengig av denne diskusjon var sættargjerda eit viktig forlik for kyrkja. Det ser ein på måten kyrkja har prøvd å forsvare konkordatet både i kong Eirik Magnusson sin kroningseid der dei fekk innarbeid ein lovnad om å la forliket stå, og i provinsialstatuttet frå 1280 ved hjelp av trussel om bannsetjing. Sjå DN I nr.69 og NgL III s.229-241.

⁹ Hamre, Lars. (+2003, a) s.415-417. NMD nr.29 [2.].

¹⁰ Helle, Knut. (1964) s.103 . Hamre, Lars. (+2003, a) s.415-417.

¹¹ NgL II s.474-475. NMD nr.29 s.146-148. Seip, Jens Arup. (1942) s.149-150.

¹² NgL III s.3-12. Omsetjing i utval i NMD nr.32.

¹³ NgL V s.516.

I denne situasjonen vert statuttet oppfatta som ein kyrkjeleg reaksjon på lovgjevinga til formynderstyret til kong Eirik.¹⁴ Dette synet vart grunnlagt av Rudolf Keyser. Hans framstilling av konflikta i *Den norske Kirkes Historie under Katholicismen* (1858) er den første avhandlinga som går meir grundig inn på provinsialstatuttet. Seinare forskingslitteratur har basert seg på denne framstillinga, konsentrert seg om dei same problemstillingane, og er komen til dei same konklusjonane. Det som er skrive om statuttet er derfor i stor mon prega av likskapar. I tillegg til semja kring statuttet som ein reaksjon har fleirtalet av forskarane nemnt samanhengen mellom innhaldet i statuttet og kanonisk rett slik som Keyser, men eit mindretal, representert av Peter Andreas Munch og Lars Hamre, har utdjupa denne samanhengen.¹⁵

Vidare har tidlegare forskingslitteratur i liten grad diskutert kva som vart lagnaden til provinsialstatuttet. Jens Arup Seip er den som er mest eksplisitt her. Han skriv at etter at erkebiskop Jon var død i 1282 gjekk kyrkja tilbake på sine krav om full lovgjevingsmynde og jurisdiksjon i kristenrettssaker. Dette grunnjev han med at statuttet¹⁶ frå eit seinare provinsialkonsil i 1290 har eit reint kyrkjeleg innhald og ikkje går inn på tilhøve mellom verdsleg og kyrkjeleg områder. Dette gjeld også statuttet¹⁷ frå provinsialkonsilet i 1306, men her vert det gjort eit forsøk på å stadfeste provinsialstatuttet frå 1280. Dette førte derimot ikkje fram, og statuttet¹⁸ frå provinsialkonsilet i 1320 kallar han ei endeleg tilbaketrekking frå kyrkjeleg hald. Her vart alle bannsparagrafar gitt av tidlegare erkebiskopar tilbakekalla.¹⁹ Slik eg tolkar Seip ser det ut til at han her hevdar at statuttet frå 1280 vart erklært ugyldig. I stor mon har lagnaden til statuttet vorte framstilt slik som Seip gjer; det var eit kyrkjeleg forsvar som ikkje nådde fram og vert derfor ikkje diskutert noko nærmare.

¹⁴ Keyser, Rudolf. (1858) s.39. Kolsrud, Oluf. (†1958) s.249. Joys, Charles. (1955) s.330 og 333. Helle, Knut. (1972) s.173. Stefánsson, Magnús. (1984) s.104. Haug, Eldbjørg. (2003) s.99. Bagge, Sverre. (2010) s.303. m.fl. har alle skrive samtykkande for ei slik tolking.

¹⁵ Munch viser i fotnoter kvar det er grunnlag for å tru at bannlysingsparagrafane har heimel i kanonisk lovgjeving. Munch, P. A. (1859) s.8-12. Hamre har i ei forelesingsrekkje gjort ei analyse over utferding, form og innhald av kongelovnaden til kong Eirik, rettarbota og provinsialstatuttet, alle frå sommaren 1280. Han prøver her å knyte kvar enkelt paragraf i statuttet opp mot kanonisk rett, rettsvitenskap og ideologi. Dessverre er ikkje denne analysa fullstendig når det kjem til statuttet. Mesteparten av paragrafane er ikkje diskutert og noko av analysa er mangelfull. Hamre, Lars. (1979).

¹⁶ NgL III s.241-243.

¹⁷ NgL III s.243-245.

¹⁸ NgL III s.246-248.

¹⁹ Seip, Jens Arup. (1942) s.157.

Problemstilling og avgrensing

Slik forskingsstatus framstår kring konflikta i 1280-åra er det altså ikkje vorte gjort ei djupare undersøking kring statuttet frå provinsialkonsilet sommaren 1280, med unntak av Haug sin upubliserte artikkel. Det som er gjort har i stor grad vore prega av Keyser si framstilling. Fokuset har vore retta på årsakar og konsekvensar av konfliktsituasjon mellom dei to samfunnsmaktene, og då i samheng med sættargjerda.

Eg vil i denne undersøkinga gje ein annan innfallsvinkel til konflikta i 1280. Medan tidlegare forskning hovudsakleg har vore opptatt av nedgangsperioden til kyrkja i dette tidsrommet, kva for årsakar den hadde og konsekvensane den fekk, vil denne oppgåva rette fokuset på korleis kyrkja handterte denne utfordringa. Statuttet som vart utforma framstår som hovudforsvaret til kyrkja mot åtferda til kongemakta i 1280-åra. Hovudproblemstillinga for denne undersøkinga er: "Korleis vart provinsialstatuttet frå 1280 oppfatta og brukt i konflikta mellom kongemakt og kyrkje i 1280-åra?" Undersøkinga vil på denne måten vere retta mot ein ny måte å sjå konflikta i 1280, samstundes som den vil gje ei djupare undersøking av provinsialstatuttet som svarar til eit etterspurd emne i forskingslitteraturen.

Så langt har forskinga ikkje diskutert korleis statuttet vart brukt i konflikta nærmare enn dei bannlysingane erkebiskop Jon kom med mot fleire av baronane i formyndarstyret til kong Eirik, og korleis desse ignorerte bannlysinga. Statuttet var gyldig i heile den norske kyrkjeprovinsen og truleg har kvar biskop som var til stades på provinsialkonsilet sommaren 1280 fått med seg ei avskrift av både den latinske originalen og den omsette norrøne versjonen. Det er då interessant at det ikkje har vore drøfta tidlegare korleis lydbiskopane brukte og vidareførte budskapet i statuttet. Truleg har statuttet vore den nyaste og mest naturlege heimelen for biskopane å vende til då konflikta utvikla seg. Statuttet har truleg vorte endå viktigare for lydbiskopane i kyrkjeprovinsen etter at erkebiskop Jon døydd i 1282 sidan dødsfallet innleia ein vakanse på erkesetet i seks år.²⁰ Utan ein erkebiskop som støtte har statuttet vore viktig som rettesnor i konfliktsituasjonar. At ein sakner ei slik undersøking har truleg samheng med vurderinga av kjeldesituasjonen som tidlegare har vore at kjeldene seier svært lite om bruksmåten til lydbiskopane av statuttet.

Ved å ta utgangspunkt i ei analyse av samtidssagaen *Biskop Arnes saga* kan ein få ei innsikt som vil opplyse denne problemstillinga. Denne sagaen er skriva om den islandske biskopen

²⁰ Erkebiskop Jon Raude var død i 1282, og erkebiskopsetet stod ledig heilt fram til 1287 då erkebiskop Jørund vart valt og iførd pallium i 1288. Kolsrud, Oluf. (1913, a) s.204-205.

Arne Torlaksson sitt liv og virke som biskop i Skálholt under perioden 1269-1298. Biskop Arne si embetsgjerning er tidlegare tatt opp i masteroppgåva til Heidi Anett Øvergård Beistad, *Kirkens frihet: Biskop Arne Torlaksson som Islands reformator* (2008). Her gjorde Beistad ein utstrakt bruk av *biskop Arnes saga* for å kaste lys over reformarbeidet til den islandske biskopen.²¹ Ho tar dermed opp nokre av situasjonane vi vil drøfte i denne undersøkinga, men ho tar dei opp i lys av eit anna føremål og diskuterar derfor ikkje biskop Arne sin bruk av provinsialstatuttet frå 1280. Ho kommenterer derimot det store talet på bannlysingar vi finn i sagaen og den intensive bruken frå biskop Arne si side spesielt etter 1280.²²

Som biskop i den norske kyrkjeprovinsen og som deltakjar på provinsialkonsilet i Bergen 1280 har Arne Torlaksson hatt både tilgang og motivasjon til å bruke statuttet i sitt forsvar mot alle åtak på rettsstillinga til kyrkja i sitt bispedøme. Dette fokuset på Arne Torlaksson sitt virke som biskop førar til ei naturleg geografisk avgrensing for undersøkinga til Skálholt bispedøme. Vi får stort sett tilgang til bruken berre innanfor dette islandske bispedømet. På Island vart konflikta mellom lekmenn og geistlege konsentrert kring råderetten over kyrkjene, det tilhøyrande kyrkjegodset og inntektene. Denne konflikta vert omtalt som stadamål sidan den tilspissa seg kring dei såkalla stadane. Det norrøne *staðr* kan omsetjast med kyrkjeleg stiftelse (kloster, kyrkje med prestesete, bispesete o.l.).²³ Viss heile garden kyrkja stod på var i heilskap eigd av kyrkja vart dette rekna som ein stad. Sjølv om striden konsentrerte seg kring stadane gjaldt den også bondekyrkjene (bændakirkja). Her var eigedomsforholdet slik at kyrkja eigde berre ein del av jorda.²⁴ Saman med stadamålstriden har spørsmålet om jurisdiksjon og retten til å gje lov også vore ei side ved konflikta på Island. Sagaen sluttar brått i 1290-1291 og kjeldesituasjonen etter dette året vert derfor vesentleg fattigare. Tidsavgrensinga for denne undersøkinga vil derfor strekkje seg hovudsakleg frå 1269 då Arne vart biskop, fram til 1290.

Eg finn det også nødvendig å understreke at denne undersøkinga siktar på å kaste lys over omtalen og bruken av *provinsialstatuttet* via *Biskop Arnes saga*. Undersøkinga vert soleis hovudsakleg avgrensa til to kjelder, den eine ei lov, den andre ei kjelde som vonleg syner lova i praksis. Eg har valt å sjå vekk frå listene over bannstraff trykt i *Diplomatarium Islandicum II* som nr.91, 92 og 93 fordi undersøkinga mi er retta mot omtala og bruken av

²¹ Beistad, Heidi Anett Øvergård. (2008).

²² Beistad, Heidi Anett Øvergård. (2008) s.54 -57.

²³ Heggstad, Leiv., Finn Hødnebo og Erik Simensen. (2012) s.589.

²⁴ Stefánsson, Magnús. (2000) s.12-13. Sigurðsson, Jón Viðar. (2003) s.122.

provinsialstatuttet frå 1280 gjennom ei analyse av *Biskop Arnes saga*. Utgjevarane av *Diplomatarium Islandicum* II, Jón Sigurðsson og Jón Þorkelsson, meiner at desse listene kan ha vorte brukt på Alltinget i 1281 då Jónsbók vart vedtatt.²⁵ Det ville ha vore interessant å undersøkje dette synspunktet og sett nærmare på samanhengen mellom desse listene, provinsialstatuttet frå 1280 og kanonisk rett. Ei slik undersøking må likevel vente til eit seinare høve. Vidare har det ikkje vore mogleg å utdjupe kvar einaste konflikt som kunne føre til ei bannlysing frå biskop Arne. Stadamål, som ofte var årsaka til biskop Arne sine bannlysingar har eg berre definert for denne undersøkinga sitt føremål, men valt ikkje å gje ei djup framstilling av denne eller dei sentrale historiske hendingane relatert til konflikta utanom det nødvendige.²⁶

Kjelder og kjeldekritiske utfordringar

Utgangspunktet for mi undersøking vil vere provinsialstatuttet frå 1280 og *Biskop Arnes saga*. Provinsialstatuttet er omsett av Knut Robberstad i *Lovbod og brev. Frå gamalnorsk tid* (1947).²⁷ Han har omsett den meir fullstendige versjonen av statuttet, *Vidlöftigere Bearbeidelse*, som er trykt i *Norges gamle Love* III.²⁸ *Biskop Arnes saga* er ei norsk omsetjing av Gunhild og Magnús Stefánsson (2007).²⁹ Deira omsetjing er basert på den norrøne utgåva til Guðrún Ása Grímsdóttir, *Árna saga biskups*, i *Íslenzk fornrit* frå 1998.³⁰ Sagaen har vorte skildra som vanskeleg tilgjengeleg sidan den framstår som innvikla og uklår i fleire samanhengar.³¹ Saman med språket sagaen har vorte utgitt på tidlegare, har dette avgrensa bruken av den i forskning. Omsetjinga frå norrønt til moderne norsk av Gunhild og Magnús Stefánsson har soleis vore eit viktig bidrag til å gjere sagaen lettare tilgjengeleg for eit breiare publikum.

Det er ei fare med å bruke omsetjingar sidan dei inneheld ei tolking av originalen og kan derfor føre til at nyanser i den opphavslege teksten forsvinn. Dessutan har ein nemningar som vert omsett, som kanskje er meir forklarande i originalen. Eg har hovudsakleg brukt

²⁵ DI II nr.91, 92 og 93.

²⁶ Sjå f. eks. Stefánsson, Magnús. (1997) og Stefánsson, Magnús. (2000) for ei djupare framstilling av stadamål.

²⁷ Denne omsetjinga vil vidare i teksten verte referert til som *Provinsialstatuttet 1280*.

²⁸ NgL III s.229-237. Teksten i NgL er basert på *Skálholtsbók eldri* (AM 351 fol.) frå andre del av 1300-talet, nærmare datert til 1360. NgL IV s.536.

²⁹ Denne omsetjinga vil vidare i teksten verte referert til som *Biskop Arnes saga*. Eg har valt å bruke formene av dei ulike personnamna og stadnamna som ein finn i denne omsetjinga i mi undersøking.

³⁰ Denne utgåva av sagaen vil vidare i teksten verte referert til som *Árna saga biskups* (1998). Grímsdóttir si utgåve er bygd hovudsakleg på ein rekonstruksjon av *Reykjarfjarðarbók* (AM 122 b fol.). Grímsdóttir, Guðrún Ása. (1998) s.LVI-LVII.

³¹ Stefánsson, Magnús. og Gunhild Stefánsson. (2007) s.13.

omsetjingane, men hatt originalutgåvene som viktige kontroll –og støtteverk. Sidan desse to kjeldene vil danne hovudgrunnlaget for undersøkinga mi vil eg gå nærmare inn på bruken av desse som kjelder.

Provinsialstatuttet

Slik vi har bevart statuttet finst det berre i norrøn omsetjing. Opphaveleg har statuttet vore skriva på latin, men truleg omsett til norrønt samstundes.³² Det finst to ulike versjonar av statuttet som vert kalla *Vidlöftigere Bearbeidelse*³³ og *Kortere Bearbeidelse*³⁴ i *Norges gamle Love III*. Keyser og Munch har sett på desse versjonane som to sjølvstendige omsetjingar av det opphavelege statuttet.³⁵ Skilnaden mellom dei ligg i alder, lengde og innhald. *Vidlöftigere Bearbeidelse* er ei lengre og eldre handskrift som inneheld fleire bannlysingsartiklar enn *Kortere Bearbeidelse*. Sidan ingen av versjonane er førelegg for det andre, representerer dei to ulike utdrag av statuttet. Munch hevdar at ingen av avskriftene er fullstendige og at den opphavlege rekkjefølga på paragrafane ikkje er overhaldt.³⁶ Forholdet mellom dei to ulike avskriftene er vidare diskutert av Charles Joys og Eldbjørg Haug.³⁷

Keyser valte berre å vise til *Vidlöftigere Bearbeidelse* då han skreiv om provinsialstatuttet frå 1280, og ofte er det berre denne versjonen som vert omsett slik Robberstad og utgjevarane av *Norske middelalderdokumenter* har gjort.³⁸ Eg har i denne undersøkinga valt ikkje gå nærmare inn på forholdet mellom desse to avskriftene, men har basert meg på *Vidlöftigere Bearbeidelse*. Dette er fordi ein stor del av undersøkinga vil sjå på bannlysingsartiklane i statuttet der denne versjonen er meir fullstendig.

Biskop Arnes saga

Handlinga i denne sagaen, som føregår hovudsakleg på Island, gir ei god innsikt i utviklinga både på Island og i Noreg.³⁹ Kjelda er ein samtidssaga, noko som gir både fordelar og visse kjeldekritiske utfordringar. Ein samtidssaga er både ei leivning frå den tida den skildrar

³² NgL III s.VI. Hamre, Lars. (1979).

³³ NgL III s.229-237.

³⁴ NgL III s.238-241.

³⁵ Begge versjonane er udaterte, men sidan begge har erkebiskop Jon og dei sju lydbiskopane som utferdarar må dei begge kome frå provinsialkonsilet i 1280 sidan det er berre då vi veit at denne forsamlinga av geistlege var samla. NgL III s.VI-VII. Munch, P. A. (1859) s.11.

³⁶ Munch, P. A. (1859) s.11. Ein vidare diskusjon kring talet på bannlysingsparagrafar tar eg føre meg i kapittel 2 s.34-35.

³⁷ Joys, Charles. (1955) s.335-336. Haug, Eldbjørg. (2013).

³⁸ Keyser, Rudolf. (1858) s.38. *Provinsialstatuttet 1280* s.42-51. NMD nr.33.

³⁹ Seip, Jens Arup. (1942) s.147. Lárusson, Magnús Már. (1956) sp.251.

samstundes som den er ei forteljing om den.⁴⁰ Dette inneber at informasjonen vi kan finne i kjelda ofte er nøyaktig, sidan den er skriven tett oppunder hendingane den skildrar. Samstundes kan den same nærleiken til hendingane føre til at skildringa er farga av ein bestemt haldning eller tolking av ulike situasjonar. Magnús og Gunhild Stefánsson skriv at sagaen vart skriven på slutten av 1200-talet eller byrjinga på 1300-talet.⁴¹ Eg vil hevde at sagaen vart påbyrja tidlegast i 1304 sidan nevøen til biskop Arne, Arne Helgeson, vert omtala som biskop i sagaen noko han vart dette året.⁴² Sagaen vart altså skriven rett etter forliket mellom kongemakt og kyrkje i Noreg i 1290, og etter at det vart oppnådd forlik i stadamála med Sættargjerda på Avaldsnes i 1297.⁴³ Dette var avslutninga på langvarige konflikhtar som hadde prega forholdet mellom kyrkje og kongemakt.

Tradisjonelt sett har Skálholt-biskopen, Arne Helgeson, vorte rekna som forfattaren av sagaen. Dette har Gunhild og Magnús Stefánsson gått mot. Arne Helgeson vert omtalt fire gonger i sagaen, og kvar gong vert det framheva at han var etterfølgjaren til biskop Arne (Torlaksson) på bispestolen i Skálholt. Dei hevdar at Arne Helgeson ville ikkje ha framheva seg sjølv slik i si eiga framstilling sidan det ville gått mot idealet om moderasjon.⁴⁴ Moderasjonsidealet var ein grunnleggjande tanke i mellomalderen; ein skulle vise *humilitas*, audmjukskap.⁴⁵ Sjølvkjærleik eller hovmod var ei dødssynd sidan det innebar ulydnad mot Gud.⁴⁶ Sjølv om Gunhild og Magnús Stefánsson ikkje ser på Arne Helgeson som forfattaren av sagaen, er dei einige i at han har vore ei hovudkjelde til framstillinga i sagaen. Dei hevdar at det einaste som kan vere sikkert med tanke på forfatterspørsmålet er at sagaen vart skriven i Skálholt-miljøet sidan teksten er bygd på materiale som har vore tilgjengeleg i bispestolen sitt arkiv.⁴⁷ Dei som har forfatta sagaen har altså stått nær biskop Arne.

Ei viktig vurdering i bruken av ei kjelde er spørsmålet om tendens. Opphavssituasjon til sagaen gjer at handlingane til biskop Arne i striden i 1280-åra vert rettferdiggjort av forfattaren og biskopen vert framstilt i eit godt lys. Ei velvilje ovanfor biskop Arne vert også understreka med eit samtykke for både ideologi og gjerningar av biskop Arne og erkebiskop

⁴⁰ Helle, Knut. (1964) s.3.

⁴¹ Stefánsson, Gunhild. og Magnús Stefánsson. (2007) s.12.

⁴² Kolsrud, Oluf. (1913, a) s.264.

⁴³ Forliket i 1290 vert omtalt i ein skipan frå kong Eirik og hertug Håkon trykt i NgL III s.17-18. Omsetjing i NMD nr.38. Knut Helle omtalar det som eit endeleg forlik mellom dei to samfunnsmaktene, Helle, Knut. (1964) s.180. Sættargjerda på Avaldsnes i 1297 er trykt i DI II nr.167.

⁴⁴ Stefánsson, Gunhild. og Magnús Stefánsson. (2007) s.11.

⁴⁵ Hamre, Lars. (1979).

⁴⁶ Tobiassen, Torfinn. (1964) s.199-200.

⁴⁷ Stefánsson, Gunhild. og Magnús Stefánsson. (2007) s.11-12.

Jon Raude. Spesielt vert motstandarane til erkebiskop Jon framstilt i eit dårleg lys i sagaen, medan biskop Arne sin hovudmotstandar på Island, Ravn Oddsson, framstår som ein respektert og klok mann. Dette er ein klår tendens i kjelda.⁴⁸

Eg vil hevde at sjølv om *Biskop Arnes saga* er tendensiøs, vil det ikkje eliminere bruken av sagaen som ei kjelde. Tendensen er klår og det er då ei oppgåve for lesaren å avsløre kvar ein ser uttrykk av tendens og kvar ein finn brukbar informasjon. Spesielt vert denne kritiske sansen viktig i mi analyse av bannlysingane som biskop Arne kjem med og omtala av provinsialstatuttet i sagaen. I stor grad må denne analysa basere seg på ein detaljbruk av sagaen. Dette inneber å basere konklusjonar heilt ned på setningsnivå. Ofte er det slik at hendinga vert framstilt som ein samtale mellom ulike personar. Ein slik detaljbruk av sagaen utgjør ei kjeldekritisk utfordring sidan vi aldri kan vere sikre på om forfattaren har attgjeve hendingane så objektivt som mogleg eller om han har attgjeve utsegna til dei ulike aktørane bokstavleg. Her kan ein argumentere for at sjølv om samtalane mellom ulike aktørar ikkje nødvendigvis vert attgjeve bokstavleg kan hovudargumenta og tankemønsteret til personane vere reflektert i attforteljinga i sagaen. Ei bevisstgjerjing av tendens vil gjere det lettare å avsløre dei samanhengane i forteljinga som er uttrykk for tendens og ikkje “sann” informasjon.

Supplerande kjeldemateriale

I tillegg til desse hovudkjeldene har eg brukt anna kjeldemateriale. Hovudsakleg gjeld dette rettarbota frå kongemakta utferda same året som provinsialstatuttet.⁴⁹ Denne har vore viktig for å forstå opphavssituasjonen til statuttet. Vidare har eg gjort bruk av diplomaterialet som er trykt i *Diplomatarium Norvegicum* (DN) og *Diplomatarium Islandicum* (DI). Mange av dei aktuelle diploma for mi undersøking er trykt i *Diplomatarium Islandicum*, men basert på attgjevinga i *Biskop Arnes saga*, sidan orginalkjelda har gått tapt. *Norges gamle Love* (NgL) har også vorte brukt i undersøkinga. Eg har vidare nytta omsetjingane i *Norske middelalderdokumenter* (NMD) av ulike kjelder, Bjørg Dale Spørck si omsetjing av dei norske kristenrettane frå perioden ca.1260-1273⁵⁰, og dei ulike registane ein finn i *Regesta Norvegica* (RN) som støtteverk. I samband med undersøkinga av heimelen til ulike paragrafar

⁴⁸ Sjå f.eks. *Biskop Arnes saga* s.23 og 94.

⁴⁹ Rettarbota er trykt i NgL III s.3-12. Ein finn ei omsetjing i utval i NMD nr.32.

⁵⁰ Spørck, Bjørg Dale. (2009).

i statuttet og ulike bannlysingar har eg tatt i bruk Henry Joseph Schroeder si engelske omsetjing av vedtaka frå dei første 18 generalkonsila.⁵¹

Omgrepsdefinisjonar

Sidan det er fleire omgrep som vert brukt gjennomgåande i denne undersøkinga finn eg det føremålsteneleg å definere dei her. Først og fremst gjeld dette *jurisdiksjon*. Jurisdiksjon eller rettshevding er eit samansett omgrep som vert brukt for myndigheita til å forvalte rettsreglane. Dette inneberer retten til å dømme, domsmakt. Retten til å dømme er tett knytt opp til retten til å gje lover. Når det i sættargjerda frå 1277 vart stadfesta fri kyrkjeleg jurisdiksjon i klerkemål og kristenrettssaker vart kongemakta sin rett til å gje lover på desse områda teoretisk svekka.⁵² Med erkebiskop Jon Raude vart det satt fram krav om full lovgjevingsmynde og fri jurisdiksjon for kyrkja i hennar saker. Dette var også kravet til biskop Arne på Island. Heimelen for kyrkjeleg jurisdiksjon og lovgjevingsmakt finn vi i Matt. 16, 19: “Eg vil gje deg nyklane til himmelriket; det du bind på jorda, skal vera bunde i himmelen, og det du løyser på jorda, skal vera løyst i himmelen”.⁵³ Dette verset vert ofte omtalt som St. Peter’s nøkkelmakt og gir ein biskop myndigheit til å gje eller nekte ein kristen tilgjeving for syndene. Dette inneberer ei domsmakt i alle klerkemål og åndelege saker. I vidare mening gir det biskopen rett til å gje lover som skal leie kristne til frelse. Denne lovgjevingsmynda vert omtala som *potestas jurisdictionis*.⁵⁴

Ei undersøking av kyrkjelege forhold og lovgjeving inneheld ofte svevande uttrykk og omgrep som sjeldan vert presisert og definert i forskingslitteraturen slik som *Guds lov* og *kyrkja sitt område*. I denne oppgåva forstår eg Guds lov som eit samansett omgrep der det for det første betyr ei tilvising til kanonisk rett. Dette er den internasjonale romersk-katolske kyrkja si samling av kyrkjelege føresegner med rettsleg karakter. Dette inkluderte føresegner frå Bibelen og kyrkjefedrene, lovvedtak (*canones*) frå kyrkjemøter eller generalkonsil, og føresegnene frå paven; ofte omtala som pavelovene.⁵⁵ Bruken av Guds lov kunne også innebere ei tilvising til heimleg kyrkjeleg rett. Innanfor denne kategorien har ein kyrkjeleg partikulærlovgjeving slik som statutt. Vidare har ein kristenrettane som i biskop Arne sitt tilfelle gjaldt hovudsakleg den eldre islandske kristenretten, *Kristinna laga þáttur*, og sin eigen kristenrett frå 1275, *kristinrettúr Árna Þorlákssonar*. Når det vert referert til kyrkja sitt

⁵¹ Schroeder, H. J. (1937).

⁵² Seip, Jens Arup. (1942) s.156.

⁵³ Matt. 16, 19.

⁵⁴ Hamre, Lars. (1979).

⁵⁵ Nylander, Ivar. (1963) sp.221-224, Brundage, James A. (1995) s.8 og 10.

område meiner eg dei saksområda kyrkja hevda å ha full jurisdiksjon og lovgjevingsmynde over. Desse sakene vert i sættargjerda definert som alle klerkemål og kristenrettssaker.⁵⁶

Metode og struktur

For å gje eit svar på korleis biskop Arne brukte provinsialstatuttet i konflikta har eg gjort ei djupne analyse av *Biskop Arnes saga* for å finne dei tilfella der biskop Arne brukar bannet. Viss grunngjevinga for bannlysinga hans stemmer overens med bannsparagrafane i statuttet er det sannsynleg at det var i dette lovverket biskopen fann heimelen for straffa. Statuttet var det nyaste heimlege lovverket biskopen kunne vende seg til, og det vart utforma under konflikta, bygd opp som eit forsvar. I fleire samanhengar vert det eksplisitt nemnd i sagaen kven som vart bannlyst og grunngjeving for straffa. Derimot er det svært sjeldan at heimelen for bannlysinga vert nemnt. Nokre stadar vert det heller ikkje skrive eksplisitt at ein person vart bannlyst, men ut frå samanhengen eller ulike situasjonar kan vi sjå på det som sannsynleg. For eksempel kan vi rimeleg sikkert hevde at Torvald Helgesson var i bann sidan han vart nekta inngang i kyrkja. Dette var ein vanleg konsekvens av den kyrkjelege straffa.

Eg har sett opp alle bannlysingane eg fann i *Biskop Arnes saga* i eit tabell-vedlegg. Tabellen er delt inn i to hovudkategoriar; bann før 1280 og bann etter 1280. Vidare har eg tatt med namn og sidetal der bannlysinga er omtalt eller dei sidetala eg finn grunnlag for å tolke det som at personar vart bannlyst. Ofte er det vanskeleg å vere klår over ulike namn i sagaen på same person. Som eit støtteverk har eg brukt registeret til Guðrún Ása Grímsdóttir i hennar utgåve av sagaen.⁵⁷ Samstundes har eg nytta personregisteret til den norske omsetjinga, *Biskop Arnes saga*, som eg har tilgjengeleg etter arbeid i ei arbeidsgruppe der vi inventerte sagaen. Sidan det er ein skilnad på kva ein vil rekne som eit tilfelle vil eg nemne at eg har valt å sjå det etter innhald eller person. Dersom ein person vart bannlyst to gongar og vart løyst frå bannet begge gongane, vel eg å omtale det som eitt tilfelle sidan straffa er knytt til den same personen i stadenfor å rekne det som to eller fleire. Vidare har eg valt å omtale situasjonar der fleire vart bannlyst for same gjerning, men der ikkje alle namna er nemnt, som eitt tilfelle. Dette gjeld for eksempel bannlysinga på Alltinget i 1284.⁵⁸ Ikkje alle bannlysingane etter 1280 i sagaen er diskuterte nedanfor i kapittel 4 på grunn av omfanget. Før 1280 er det snakk om 5 tilfelle med bannlysing, medan det etter 1280 er snakk om ca.40 bannlysingar. I 35 av

⁵⁶ NMD nr.29 [2.].

⁵⁷ *Árna saga byskups* s.467-493.

⁵⁸ Sjå kapittel 4 s.57 f.

tilfella etter 1280 har biskop Arne bannlyst personane sjølv eller gitt fullmakt til andre for å bannlyse.⁵⁹

Undersøkinga har eg disponert over seks kapittel, der det første og det siste representerer introduksjon og konklusjon. Kapittel 2 vil ta føre seg det historiske bakteppet for utferdinga av provinsialstatuttet. Eg har valt ikkje å gå detaljert inn i konflikta som utvikla seg sommaren 1280 for å unngå at eg gjentar det som har vore fokuset til tidlegare forskning. Derimot har eg sett på føremålet med konsilet dette året, tilhøva kring utferdinga av statuttet og innhaldet i det. Dei tre neste kapitla dannar analysa. I kapittel tre vil eg sjå på den avgrensa omtalen av provinsialstatuttet i *Biskop Arnes saga* for å diskutere korleis dette lovverket vart oppfatta i si eiga samtid. I det neste kapitlet vil eg drøfte bannlysingane biskop Arne kom med etter 1280 då statuttet vart utferda for å sjå om dette vart brukt av biskop Arne og korleis. På grunn av det omfattande talet på bannlysingar i perioden 1280 til 1290 er dette kapitlet lengre enn dei andre analysekapitla. I det siste analyse-kapitlet har eg sett på bannlysingane før 1280 for å samanlikne bannlysingsmønsteret til biskop Arne før og etter provinsialkonsilet. Dette inneberer eit brot på kronologien, men eg ser på det som meir føremålsteneleg å gjere det slik sidan bannlysingane før 1280 berre vert diskuterte for å sjå dei i forhold til bannlysingane etter 1280. Dette kapitlet vil også inkludere ei analyse over påverknadskrafta til bannet. Om bannet hadde gjennomslag hjå folket er avgjerande for korleis forboda i provinsialstatuttet i 1280 vart etterlevd.

⁵⁹ Sjå vedlegg 1.

2. Provinsialkonsilet i 1280

Allereie i 1278 kalla erkebiskop Jon Raude inn til provinsialkonsil i Bergen.⁶⁰ Det verdslege møtet med kroninga av Eirik Magnusson får vi først vete om i eit brev frå kong Magnus til kong Edvard av England 6.mai 1280, der kongen fortel om den kommande kroninga.⁶¹ Fleire historikarar ser det som sannsynleg at erkebiskopen og kong Magnus Lagabøte har samkøyrd innkallinga til kvart sitt møte etter ei tidlegare avtale mellom dei to.⁶² Ved ei kroning skulle både geistlege og verdslege vere til stades og ein kan derfor tru at møta vart lagt til same tid og stad for å gjere oppmøtet betre og reisa og utgiftene mindre.⁶³ Vi veit at hovudføremålet med riksmøtet som kong Magnus kalla inn var å få sonen Eirik Magnusson krona. Derimot veit vi lite om føremålet med provinsialkonsilet i 1280.

Intensjonen med dette kapittelet er å klårgjere bakgrunnen for konsilet og det statuttet som erkebiskopen saman med biskopane utferda her. Dette vil eg gjere ved hjelp av ei todelt undersøkjing. Først vil eg fokusere på provinsialkonsilet, og sjå på deltaking og motivasjon bak møtet. Kan ein kome fram til kvifor det vart kalla inn til eit provinsialkonsil? Den andre delen av kapittelet vil fokusere på den endra situasjonen etter kong Magnus sin død. Her vil eg ta føre meg innhaldet i rettarbota frå 1280. Korleis påverka kongemakta si åtferd utferdinga av provinsialstatuttet frå konsilet? Svar på desse problemstillingane vil gje eit nødvendig bakteppe før ein startar ei analyse over omtalen og bruken av statuttet.

Bispetinget

Provinsialkonsilet i 1280 vart halde frå 16. juni, då erkebiskop Jon kom til Bergen, fram til 29. juli.⁶⁴ Som tidlegare nemnt var dette konsilet eit av dei mest besøkte av alle dei norske konsila vi veit om.⁶⁵ Utanom erkebiskopen sjølv var åtte av dei ti lydbiskopane i den norske

⁶⁰ Det er ulike dateringar for kortid dei islandske biskopane vart kalla inn til konsil i Bergen. Dei fleste eldre historikarar vel å bruke årstalet 1278, medan Guðrún Ása Grímsdóttir har i si utgåve av sagaen valt å bruke årstalet 1277. Eg tar føre meg dette nedanfor i teksten.

⁶¹ DN XIX nr.302. RN II nr.233.

⁶² Sjå blant anna Munch, P.A. (1858) s.684-685, Helle, Knut. (1972) s.171 og Hamre, Lars. (1979).

⁶³ Hamre, Lars. (1979).

⁶⁴ I *Biskop Arnes saga* får vi vete at erkebiskopen haldt eit flott gjestbod på Olsok 29. juli for alle biskopane som var til stades på konsilet før han reiste tilbake til Trondheim. Gjestebodet markerar slutten på konsilet. *Biskop Arnes saga* s.74 og 76. Keyser, Rudolf. (1858) s.35 og 40.

⁶⁵ Keyser, Rudolf. (1858) s.35 og Munch, P. A. (1859) s.3. Det har vore eit provinsialkonsil i Bergen i 1405 då biskop Vilkin av Skálholt døydd som har vore like godt besøkt som konsilet i 1280. I tillegg til erkebiskopen var åtte av biskopane i kyrkjeprovinsen tilstades. Haug, Eldbjørg. (1996) s.348-349.

kyrkjeprovinser til stades: Andres av Oslo, Jørund av Holar, Erlend av Færøyane, Arne av Skålholt, Arne av Stavanger, Narve av Bergen, Torfinn av Hamar og Markus av Sudrøyane. Interessant nok vert Markus av Sudrøyane ikkje nemnt som ein av utferdarane av statuttet, men i *Biskop Arnes saga* står det at han var til stades ved kroninga av kong Eirik Magnusson og ved gjestebodet erkebiskop Jon haldt for dei biskopane som var i Bergen 29. juli når konsilet vart avslutta.⁶⁶ P. A. Munch skriv at ei mogleg forklaring på at biskop Markus ikkje nemnast blant utferdarane er at bispedømet hans Man og Sudrøyane ikkje lenger tilhørde den norske krona. Han trengde derfor ikkje å vere med på konsil drøftingane sidan den norske kongemakta ikkje kunne skade kyrkja i hans myndigheitsområde.⁶⁷ Dette er ikkje ein haldbar konklusjon. Sjølv om Man og Sudrøyane ikkje lenger var under den norske kongemakta, var området framleis under Nidaros kyrkjeprovins. Viss Markus var i Bergen ville han ha vore med på drøftingane som ein av lydbiskopane i kyrkjeprovinser uavhengig om bispedømet hans var under den norske krona eller ikkje.

Eldbjørg Haug held det som sannsynleg at biskop Markus var til stades på provinsialkonsilet i 1280, men at han ikkje hadde myndigheit til å utferde eit provinsialstatutt på lik linje med dei andre biskopane. Markus vart innvia til biskop i 1276 eller 1277, men han var i eksil i tre år og hadde derfor ikkje sunge si første messe då konsilet fann stad. Embetstida til ein biskop vert rekna frå han syng si første messe i domkyrkja tilhøyrande bispetet. Det var då han fekk fullstendig rådvelde over kyrkja og mynde over bispedømet sitt. Sidan biskop Markus ikkje hadde sunge si første messe i 1280 hadde han ikkje fullkomen mynde som biskop sjølv om han hadde vorte innvia av erkebiskopen tidlegare.⁶⁸ Årsaka til at han var i eksil var fordi det var konflikter om kven som skulle verte den nye biskopen i bispedømet. Dei geistlege og folket hadde valt abbeden Gilbert som biskop, men den skotske kongen Alexander III ynskte Markus som den kommande biskop. Folket på Man og Sudrøyane ville ikkje ta imot Markus og bispedømet vart derfor lagt under interdikt.⁶⁹ Den ny vigsla Markus kunne derfor ikkje reise tilbake til bispedømet sitt og syngje si første messe før interdiktet var oppheva. Derfor er det truleg at biskop Markus var til stades ved drøftingane på konsilet sjølv om han ikkje er nemnt som utferdar.

⁶⁶ *Provinsialstatuttet 1280* s.42. *NGL III* s.229. *Biskop Arnes saga* s.75.

⁶⁷ Munch, P. A. (1859) s.12.

⁶⁸ Kolsrud, Oluf. (1913, a) s.327. Haug, Eldbjørg. (2013).

⁶⁹ Woolf, Alex. (2003) s.179. Her er det snakk om eit *interdictum locale*, nærmare definert i kapittel 4 s.70.

Dei to biskopane som ikkje var med på konsilet var biskop Olav av Gardar (Grønland) og biskop Peter av Orknøyane. Fråværet til biskop Olav kan forklarast med at han døydde i 1280 og fekk ingen etterføljar før i 1288.⁷⁰ Når det kjem til biskop Peter er det meir usikkert kvifor han ikkje møtte. Både Hamre og Haug held det som sannsynleg at biskop Peter vart fritatt av erkebiskopen til å stille på konsilet sidan han hadde vore i Noreg sommaren 1278 og dermed oppfylt si visitasjonsplikt til erkesetet. Vi veit at konsilet allereie var planlagt då på grunn av innkallinga frå erkebiskopen til dei islandske biskopane, og biskop Peter kan dermed ha spurd om fritak.⁷¹

I tillegg til dei nemnde biskopane har det vore andre geistlege på konsilet. Representantar frå domkapitlane og fleire abbedar har vore til stades, men dei har hatt ei meir rådgjevande rolle. Det var biskopane som hadde den avgjerande myndigheit.⁷² Den sentrale rolla til biskopane i eit provinsialkonsil vert reflektert av at det berre er dei som vert nemnt som utferdarane av statutta. I tillegg ser ein at provinsialkonsil vert ofte omtalt som *byskupaping* (biskopting) og provinsialstatutt som *byskupabréf* (bispebrev) i norrøne kjelder.⁷³ Biskopane si rolle på konsilet som lovgjevarar heng saman med pliktene knytt til embetet. Dei har ei plikt til å vise menneske den rette vegen til frelse og har fått myndigheit til å gje lover om kva som er rett eller gale for å tene dette føremålet. Denne lovgjevingsmynda, kalla *potestas iurisdictionis*, er det biskopen som har full rett på i sitt bispedøme.⁷⁴ Derfor er det også biskopane som vert rekna som det øvste ledd på konsilet og rekna som utferdarane, medan dei andre geistlege har ein avgrensa posisjon som rådgjevarar.

I *Biskop Arnes saga* står det at erkebiskop Jon ga ein frist på to år når han kalla inn til provinsialkonsil.⁷⁵ Dette var ein lang frist, noko som kan forklare det sterke oppmøtet, men og viktigheita av konsilet. Erkebiskopen må ha ynskt eit sterkt oppmøte. Den norske kyrkjeprovinsen strakk seg over eit stort geografisk område, noko som krevde god tid for at alle skulle kunne kome til Bergen til ynskja tidspunkt. Planlegging var derfor ein føresetnad for eit sterkt oppmøte. Provinsialkonsilet i 1280 er det første konsilet vi har bevart eit statutt

⁷⁰ Kolsrud, Oluf. (1913, a) s.282.

⁷¹ Hamre, Lars. (1979). Haug, Eldbjørg. (2013).

⁷² Skånland, Vegard. (1968) sp.527-528. Hamre, Lars. (1979). Liltvedt, Terje. (1991) s.45-46.

⁷³ Sjå f. eks. *Árna saga byskups* s.78 og 123. Det førekjem også at nemninga *kennimannafundr* vert brukt om provinsialkonsil. *Kennimaðr* står då for lærar eller prest, medan *fundr* for møte. Sjå f.eks. *Árna saga byskups* s.66 og Heggstad, Leiv., Finn Hødnebo og Erik Simensen. (2012) s.188 og 342.

⁷⁴ Hamre, Lars. (†2003, b) s.199.

⁷⁵ *Biskop Arnes saga* s.63.

frå sidan kyrkjemøtet haldt i 1163/1164 som lovverket *Canones Nidrosienses* kjem frå.⁷⁶ Det er sannsynleg at fleire provinsialkonsil har vore haldt i den norske kyrkjeprovinsen mellom 1163 og 1280. På det 4. Laterankonsil (1215) vart det slått fast at provinsialkonsil skulle haldast årleg.⁷⁷ Det ser derimot ut som om lovvedtaket ikkje har vorte etterlevd i praksis.⁷⁸

Vegard Skånland peikar på åra 1189/90 og 1247 som moglege tidspunkt det kan ha vore halde provinsialkonsil mellom åra 1163 til 1280.⁷⁹ Terje Liltvedt trekk fram fleire årstal i same tidsperiode der det kan ha vore haldt møter som liknar på provinsialkonsil: 1170, 1188, 1189/90, 1194, 1195, 1218, 1223, 1229, 1233, 1245, 1247, 1273 og 1277.⁸⁰ Det er her viktig å påpeike at Liltvedt ser her på møter som liknar provinsialkonsil. Det betyr ikkje at desse møta tilsvarar det planlagde, velorganiserte og reint geistlege møtet i 1280. I lista til Liltvedt over moglege provinsialkonsil kan det skjule seg såkalla *ad-hoc møter*; møter som vert sett i gang når det er saker som må løysast fort utan noko innkalling eller førebuing. Provinsialkonsilet i 1280 skil seg også ut sidan det er det første reint geistlege kyrkjemøtet der det vart gjort avgjersler for heile kyrkjeprovinsen utan verdsleg påverknad.⁸¹ Kongemakta måtte sjølv be om ei avskrift av statuttet etter konsilet.⁸² I perioden frå og med 1280 fram til 1351 har ein derimot bevart 10 provinsialstatutt.⁸³

Ein kan ikkje vere sikker på om det vart haldt fleire eller mindre provinsialkonsil enn det Skånland eller Liltvedt føreslår sidan vi ikkje har bevart fleire statutt eller kjeldetilvisingar til andre provinsialkonsil, men det skal vesentleg fleire til for å oppfylle påbodet om årlege provinsialkonsil. Sannsynlegvis har påbodet møtt spesielle hindringar i den norske kyrkjeprovinsen på grunn av dei lange strekningane mellom dei ulike bispedøma. Å samle alle biskopane kvar år vil ha vore nærmast umogleg.⁸⁴ Det var dessutan ikkje berre den norske kyrkjeprovinsen som ikkje greidde å etterleve påbodet; ein kan heller sjå på det som ein generell tendens i Europa. Kravet om årlege provinsialkonsil må ha vorte diskutert

⁷⁶ Det er ikkje einigheit om dateringane av *Canones Nidrosienses*. Utgjevarane av NMD har valt å datere *Canones Nidrosienses* til 1152-1180 på grunn av dei ulike tolkingane. NMD nr.11. Eg har valt ikkje å gå nærmare inn på denne diskusjonen her.

⁷⁷ *The Fourth Lateran Council (1215), Canon 6.* I Schroeder, H. J. (1937) s.246-247.

⁷⁸ Liltvedt, Terje. (1991) s.36-37.

⁷⁹ Skånland, Vegard. (1968) sp.528.

⁸⁰ Liltvedt, Terje. (1991) s.36-37.

⁸¹ Helle, Knut. (1972) s.282.

⁸² DN III nr.21. RN II nr.262.

⁸³ 1280 (NgL III s.229-241). 1290 (NgL III s.241-243). 1306 (NgL III s.243-245). 1313 (DN I nr.139). 1320 (NgL III s.246-270). 1327 (NgL III s.270-277). 1334 (NgL III s.277-281). 1336 (NgL III s.281-284). 1336-1346 (NgL III s.284-294). 1351 (NgL III s.301-306). Skånland, Vegard. (1968) sp.528-529.

⁸⁴ Skånland, Vegard. (1968) sp.528.

samtlege gongar, og ein har sett at ingen greidde å følgje påbodet. På konsilet i Konstanz 1414-18 vart det bestemt at provinsialkonsil berre skulle haldast kvart tredje år. Avgjersla vart seinare ratifisert av pave Martin V i 1425.⁸⁵ Dei lange pausane mellom konsila gjer det svært interessant å undersøkje kvifor det vart kalla inn til konsil akkurat i 1280. Ein ser at påbodet om årlege konsil ikkje vart etterlevd, så det må ha vore ved spesielle høve det faktisk vart slike møter.

Føremålet med provinsialkonsil i 1280

Det generelle føremålet til eit provinsialkonsil vart på det 4. Laterankonsil i 1215 definert slik:

In accordance with the ancient provisions of the holy Fathers, the metropolitans must not neglect to hold with their suffragans the annual provincial synods. In these they should be actuated with a genuine fear of God in correcting abuses and reforming morals, especially the morals of the clergy, familiarizing themselves anew with the canonical rules, particularly those that are enacted in this general council, that they may enforce their observance by imposing due punishment on transgressors.⁸⁶

Motivert av gudsfrykt skulle eit provinsialkonsil føre kontroll og innskjerping av dei ålmenne kanoniske rettsreglane. Dei skulle passe på at dei vart etterlevde, spesielt av prestskapet, og straffe dei som eventuelt braut dei. Det er ei tru på at viss ein gjev god opplysing og lovgeving vil det påverke åtferda til menneske til det betre. Ein liknande motivering for provinsialkonsilet i 1280 finn ein skrive i statuttet:

Det som me tenkjer på og stundar etter, er å føra tilsyn med folks åndelege velferd og å gjera våre undermenn vise med dei ting som er gagnlege for dei å vita og å dra sedene og åtferdi deira på rett veg til betring.⁸⁷

Årsaka til at dei samla konsilet og utferda statuttet var for å vise folket den rette vegen til frelse. Denne motivasjonen heng saman med kyrkja som det einaste middelet til frelse og biskopane si embetsplikt til å vise menneska denne vegen. I statuttet vert denne embetsplikta formulert som eit pålagt ansvar frå Gud.⁸⁸ For å oppnå frelse må ein leve i tråd med dei kanoniske føresegnene, og for å kunne det må ein vere opplyste om dei. I mellomalderen var det vanleg tankegang at menneske gjorde seg skuldig i synd når dei ikkje visste betre.

⁸⁵ Skånland, Vegard. (1968) sp.527. Liltvedt, Terje. (1991) s.35.

⁸⁶ *The Fourth Lateran Council (1215), Canon 6.* I Schroeder, H. J. (1937) s.246-247.

⁸⁷ *Provinsialstatuttet 1280* s.42.

⁸⁸ *Provinsialstatuttet 1280* § 7.

Kunnskap om kva som var rett og gale var derfor essensielt for å føre sjelene til frelse.⁸⁹

Utferdarane av statuttet skriv at dei håpar ingen gjer seg skuldige i lovbrott eller gjerningar til skade for kyrkja, og viss dette likevel vart gjort måtte det vere på grunn av vankunne i kva for straff som ventar. Derfor måtte dei opplyse om påbod og forbod slik at “[...] sjølve vankunna, som fyrr hadde tilvik til å falla i synd, skal stoggast av vondskapen som er teken fram i dagen, når ho ser og ottast straffi som skræmmer.” Det vart derfor vedtatt at kanoniske føresegner og lovvedtaka frå provinsialkonsilet skulle lesast opp kvart år ved bispestolane og i dei viktigaste bygdekyrkjene.⁹⁰ Eit slikt påbod kjenner vi igjen i avgjerslene frå det 4. Laterankonsil der ein vert pålagt at vedtektene frå kvart provinsialkonsil skulle lesast opp offentleg i alle bispedøma kvart år.⁹¹ Vidare står det i statuttet at biskopane sine hender (våre hender) kjem

ikkje til å vere reine for blodet av våre undermenn, som er gjevne oss til åndeleg styring, i fall me slo oss til ro med uvarsam tegjing og ikkje kom inn på dette lytet som kunde vera å nemna til gagn for folket.⁹²

Her kjem embetsplikta til biskopane tydeleg fram. Dei var ansvarlege for dei syndene menneska måtte gjere viss dei ikkje hadde opplyst dei om både påbod og forbod. Utan denne informasjonen ville ikkje menneska finne den rette vegen og oppnå frelse, noko som ville tyde at biskopen hadde forsømd embetet sitt. Det er altså embetsplikta til biskopane som ein åndeleg styrar for menneska til evig frelse som framstår i statuttet som motivering og føremål med provinsialkonsilet i 1280.

Dette var den generelle motivasjonen. Igjen står spørsmålet om kvifor erkebiskop Jon kalla inn til konsilet. Rudolf Keyser og P. A. Munch skriv begge at dei ser det som sannsynleg at erkebiskop Jon ynskte å få sin eigen kristenrett lovfesta i 1280 på provinsialkonsilet.⁹³ Ein kristenrett var ei lov som regulerte kyrkja, kyrkjelege eigedommar, geistlege og det religiøse livet til verdslege.⁹⁴ Det hadde vore drakamp kring kristenrettslovgjevinga mellom kongemakt og kyrkje sidan erkebiskop Jon gjorde motstand mot kong Magnus sin lovrevisjon av Frostatingsboka i 1269. Lovrevisjonen hadde allereie byrja under kong Håkon Håkonsson, men det var først då Jon Raude vart erkebiskop det vart konflikt. Erkebiskop Jon hadde ikkje vore lenge i sitt nye embete då han hevda at kong Magnus hadde ingen rett til å revidere

⁸⁹ Hamre, Lars. (1979).

⁹⁰ *Provinsialstatuttet 1280* § 7.

⁹¹ *The Fourth Lateran Council (1215), Canon 6.* I Schroeder, H. J. (1937) s.246-247.

⁹² *Provinsialstatuttet 1280* § 7.

⁹³ Keyser, Rudolf. (1858) s.30-31. Munch, P. A. (1858) s.685.

⁹⁴ Spørck, Bjørg Dale. (2009) s.7.

kristenretten i Frostatingsboka. Erkebiskopen hevda at denne lovbolken, som Guds lov, skulle vere fri frå verdsleg påverknad som kongemakt og ting. Det var kyrkjelege representantar, biskopane, som skulle utforme slik lovgjeving åleine.⁹⁵ Kong Magnus hevda på si side at kristenretten skulle utformast i eit samarbeid mellom kongemakt og biskopane i landet. Utan verdsleg påverknad kunne ikkje lovbolken verte vedtatt som lov.⁹⁶ Sannsynlegvis etter erkebiskop Jon sin påverknad lot Frostatinget kong Magnus berre revidere dei verdslege områda i lovboka, kristenretten måtte han la liggje.⁹⁷ Dette var også i samsvar med kongen sitt synspunkt om at slik lovgjeving skulle utviklast i felleskap med biskopane. Viss erkebiskopen ikkje ville samarbeide ville kong Magnus ikkje gå vidare åleine.⁹⁸

Erkebiskop Jon har truleg satt i gang med å utforme sin eigen kristenrett rett etter hendinga i 1269. I 1272 visiterte den islandske biskopen Arne Torlaksson erkebiskopen, og her skal han ha fått oppmoding frå erkebiskop Jon om å utforme sin eigen kristenrett slik han også hadde gjort.⁹⁹ Erkebiskop Jon skal då allereie i 1272 ha hatt sin versjon ferdig, og truleg har denne kristenretten vorte diskutert på riksmøtet i Bergen 1273 då dei to samfunnsmaktene ynskte å definere grensene mellom kvarandre.¹⁰⁰ Her har truleg kong Magnus ikkje godkjend versjonen til erkebiskopen, sidan Landslova frå 1274 manglar ein klår kristenrett.¹⁰¹ Viss dei hadde kome til einskap hadde kristenretten vore med i dette lovverket. Jens Arup Seip skriv at dette synspunktet endra seg ikkje hjå kong Magnus.¹⁰² Derimot seier Seip mot seg sjølv seinare i avhandlinga der han seier seg einig med Munch og Keyser om at det var sannsynleg at avgjerla kring Jon sin kristenrett skulle takast opp i Bergen 1280.¹⁰³

Munch skriv at synspunktet til kong Magnus endra seg etter 1277 med sættargjerda i Tønsberg. Erkebiskop Jon hadde ikkje gitt opp å få sin kristenrett lovtatt og med sættargjerda vart dei tidlegare stridsspørsmåla, som jurisdiksjon, avgjort mellom den verdslege makta og kyrkja. Erkebiskopen må derfor ha tenkt at det var mykje lettare å få driven gjennom ei lovtaking hjå kong Magnus. Munch skriv vidare at truleg har kong Magnus gitt samtykke til lovtaking av kristenretten til erkebiskopen ikkje lenge etter konkordat-forhandlingane. Om

⁹⁵ *Biskop Arnes saga* s.38. Joys, Charles. (1955) s.284.

⁹⁶ *Biskop Arnes saga* s.54. Seip, Jens Arup. (1942) s.155-156.

⁹⁷ Seip, Jens Arup. (1942) s.100-101.

⁹⁸ Seip, Jens Arup. (1942) s.155.

⁹⁹ *Biskop Arnes saga*. 38.

¹⁰⁰ Spørck, Bjørg Dale. (2009) s.164-165.

¹⁰¹ Helle, Knut. (1964) s.101.

¹⁰² Seip, Jens Arup. (1942) s.155.

¹⁰³ Seip, Jens Arup. (1942) s.158.

kong Magnus og erkebiskop Jon då har inngått ei avtale om å kalle inn til kvar sitt møte er usikkert, men Munch hevdar at det er den mest sannsynlege konklusjonen:

[...] at være det rimeligste, nemlig at Kongen og Erkebiskoppen i Forening besluttede at sammenkalde et Møde af verdslige og geistlige Høvdinge, med saa lang Frist, at det nogenledes kunde blive fuldtalligt, hovedsageligt for at handle om den nye Christenret og derved ganske at bringe de kirkelige Anliggender paa det Rene.

Å krone sonen Eirik Magnusson er noko kong Magnus seinare ville skulle skje på det same møtet etter at han vart sjuk.¹⁰⁴ Keyser skriv liknande som Munch. Han hevdar at med sættargjerda “syntes Veien banet for Erkebiskoppen til at bringe en norsk Christenret i Stand”. Erkebiskopen skal derfor ha kalla inn til provinsialkonsil med føremålet å få kristenretten godkjend av den verdslege makta og lovtatt. I motsetnad til Munch framhev Keyser motsetningsforholdet mellom erkebiskopen og kong Magnus. Kong Magnus skal ha kalla inn til eit verdsleg møte når han vart “opmærksom på Erkebiskoppen Forehavende”. Det var altså ikkje ei felles avtale som låg til grunn for innkallingane til møta i 1280. Vidare skriv Keyser at ei slik innkalling til eit verdsleg møte samstundes med kyrkjemøte stemde overens med norsk skikk, og at kong Magnus skal samstundes med innkallinga ha sagt at på same møte skulle sonen kronast.¹⁰⁵ Slik Keyser framstillar det virkar det som om kong Magnus framleis var motvillig til ei lovtaking av erkebiskopen sin kristenrett og derfor kalla inn til eit verdsleg møte som kunne vege opp mot det den geistlege samlinga ville krevje.

Det kan godt hende at det er slik Munch og Keyser framstiller det; erkebiskop Jon kalla inn til provinsialkonsil i 1280 fordi tilhøva i 1277 var særst gode til å få kjempa fram ei lovtaking av hans kristenrett. Også Seip har skrivne støttande for ei slik tolking. Sættargjerda mellom kongemakt og kyrkje hadde avgjort på ein klårare måte enn før korleis forholdet mellom dei to samfunnsmaktene skulle vere. I tillegg hadde den islandske biskop Arne av Skálholt, etter rettleiing og oppfordring frå erkebiskop Jon, fått lovtatt sin kristenrett på Alltinget i 1275. Kristenretten vart lovtatt med atterhald om at den skulle berre gjelde fram til kongen og erkebiskopen utarbeida ein ny eller endra biskop Arne sin slik dei ynskte den skulle vere. Då kong Magnus fekk vete om lovtakinga i eit brev frå biskop Arne og kongens menn på Island svara han med å la kristenretten stå fram til “han var blitt enig med erkebiskopen og andre lærde menn om hva som skulle gjelde”.¹⁰⁶ Det var altså mykje som gjekk rett veg for erkebiskopen og ei moglegheit for lovtaking av kristenretten var ikkje langt vekke. Viss vi

¹⁰⁴ Munch, P. A. (1858) s.684-685.

¹⁰⁵ Keyser, Rudolf. (1858) s.30-31.

¹⁰⁶ *Biskop Arnes saga* s.38, 48, 49, og 53-54. DI II nr.57. RN II nr.129. DI II nr.60. RN II nr.[146].

skal følge Munch sin tankegang hadde kongen allereie samtykka i lovtakinga. Slik kristenretten til erkebiskop Jon er bevart talar den for standpunktet til Keyser og Munch. I byrjinga står det:

Her begynner den kristendomsbolken som kong Magnus og erkebiskop Jon laget, og som alle andre lydbiskoper i landet samtykket i med fullstendig stadfestelse.¹⁰⁷

Siste setninga kan vise til eit møte der fleire av biskopane må ha vore til stades, og det er nærliggande å tru at dette møtet har vore provinsialkonsilet i 1280.

Tre andre føremål med konsilet er også moglege. Provinsialkonsil og lovgjeving frå ei slik forsamling av biskopar var ei moglegheit til å få innført den ålmenne kanoniske retten i heimleg.¹⁰⁸ Heimleg rett tyder her kyrkjeleg lovgjeving gjeldande for heile kyrkjeprovinsen. Det har vore påpeika at provinsialkonsilet i 1313, inkalla av erkebiskop Eilif, vart halde nettopp for å iverksetje eit påbod om seksårstiende frå pave Clemens V.¹⁰⁹ Det kan tenkast at ein må sjå provinsialkonsilet i 1280 i samheng med generalkonsilet i Lyon 1274, og då ei innføring av internasjonal kanonisk rett i norsk lovgjeving som eit aktuelt føremål med provinsialkonsilet. I 1272 vart erkebiskop Jon, alle dei norske biskopane og andre norske leiarar for kristendomen kalla inn til generalkonsil av pave Gregor X i 1274.¹¹⁰ I eit seinare skriv frå 1273 vart det opplyst om at konsilet skulle haldast i Lyon.¹¹¹ I det sistnemnde brevet vart det informert om at det skulle gjerast vedtak som skulle tene til forbetring av sedene. Erkebiskopen vart derfor oppmoda til å klårgjere og utgreie om tilstanden til den norske kyrkjeprovinsen. Han skulle spesielt ta opp punkt som trengde forandring.¹¹²

Innkallinga til generalkonsil i 1274 kan vere ein del av bakgrunnen for at det i 1273 vart forhandla om eit konkordat mellom dei to norske samfunnsmaktene på riksmøtet i Bergen. Erkebiskop Jon kan ha ynskt å få forholda mellom kyrkje og kongemakt klårgjort før han skulle legge fram tilstanden til den norske kyrkjeprovinsen på generalkonsilet. Det kjem fram av teksten i Bergenskonkordatet frå 1273 at det var erkebiskop Jon som ville forandre tilhøve

¹⁰⁷ *Erkebiskop Jons kristenrett* s.101. "Her hæfr upp kristins doms bolc þæn er skipade Magnus konongr ok Jon ærkhbyskup ok aller aðrer lioðbyskupar i landeno samþykktu með fulkominne staðfæstu." NgL II s.341.

¹⁰⁸ Liltvedt, Terje. (1991) s.29.

¹⁰⁹ Liltvedt, Terje. (1991) s.26-27. DN I nr.139 s.123.

¹¹⁰ I *Biskop Arnes saga* står det at korbror frå Nidaros Sigvat kom tilbake til Noreg i 1272 etter å ha vert hjå pavehoffet. Han hadde då med nyhenda om at pave Gregor X kalla inn til generalkonsil i Lyon 1274. *Biskop Arnes saga* s.37-38. Innkallinga til konsilet skal også ha vorte sendt dette året, medan ei nærmare spesifisering av stad for konsilet skulle sendast seinare, Schroeder, H. J. (1937) *Commentary*. s.324. Dette kjem også fram av innkallinga paven sendte til erkebiskop Jon i 1273, DN VI nr.35 og RN II nr.107. Sjå RN II nr.[100].

¹¹¹ DN VI nr.35. RN II nr.107.

¹¹² DN VI nr.35. RN II nr.107.

mellom kyrkje og kongemakt. Han hevda at fleire saker som tilhørde det kyrkjelege forum vart behandla av verdslege domarar etter gamal sedvane, noko som gjekk mot kanonisk rett og derfor måtte rettast på.¹¹³ Bergenskonkordatet vart gjort avhengig av paveleg stadfesting. Erkebiskop Jon hadde dermed ein gyllen moglegheit til å påverke paven då han reiste til generalkonsilet i Lyon.

Paven godkjende ikkje konkordatet slik det var, men viss det vart lagt til ein klausul, som innebar underkasting av krona under erkebiskopen viss kongemakta braut konkordatet, ville paven samtykke.¹¹⁴ Dette godkjende sjølv sagt ikkje kong Magnus og Bergenskonkordatet vart ikkje norsk lov. Det interessante her er at det ikkje kan vere nokon tvil om at forholda til den norske kyrkja vart diskutert i samband med generalkonsilet. Ikkje berre hadde paven oppmoda erkebiskopen om å rapportere om tilstanden til kyrkjeprovinsen, men erkebiskopen hadde også med seg Bergenskonkordatet som omhandla emnet til paveleg godkjenning.

Viss det var slik at innkallinga til provinsialkonsil i 1280 skal sjåast i samanheng med generalkonsilet i Lyon 1274 er det ei stund mellom då generalkonsilet vart avslutta og innkallinga til provinsialkonsilet vart sendt i 1278. Ei mogleg forklaring på kvifor innkallinga lot vente på seg er at Bergenskonkordatet vart forkasta og ein prioriterte ei avklaring mellom kyrkje og kongemakt før eit kyrkjemøte. Då det først vart kalla inn til provinsialkonsil hadde sættargjerda klårgjort grensene mellom konge og kyrkjemakt i Noreg. Det var kanskje først då erkebiskopen såg det som høveleg å halde eit konsil for å ta opp forordningar vedtatt i Lyon.

Enkelte lovvedtak frå statuttsamlinga i Lyon vart tatt opp i det norske statuttet frå 1280. Munch har påpeika at iallefall ei avgjersle i provinsialstatuttet i 1280 er frå generalkonsilet. Det dreiar seg om § 7. 13 i statuttet om forbodet mot å tvinge ein biskop eller ein annan geistleg til å gje absolusjon eller å tvinge nokon til å gje ein geistleg embete tilbake når han rettmessig har mista det. Slike gjerningar skulle straffast med bann.¹¹⁵ Her vert det skrivne eksplisitt i statuttet at paragrafen kjem frå pave Gregor X.¹¹⁶ Det ser derimot ut som dette vedtaket er den einaste frå generalkonsilet i Lyon 1274 som direkte vart tatt opp i

¹¹³ DN I nr.64 a. Også Knut Helle ser på det som sannsynleg at erkebiskop Jon var initiativtakar til konkordatet, Helle, Knut. (1972) s.165.

¹¹⁴ DN I nr.65. RN II nr.119.

¹¹⁵ Munch, P. A. (1859) s.10. "Absolution from, or revocation of, the sentence of excommunication, suspension, or interdict, extorted or obtained by force or fear, we declare by the authority of this constitution null and void. But that the impudence of violence may not go unpunished, we decree that those who by force or fear extort such an absolution or revocation, are excommunicated." *The second council of Lyon (1274), Canon 20* | Schroeder, H. J. (1937) s.348. *Provinsialstatuttet 1280 § 7.13.* NgL III s.237.

¹¹⁶ *Provinsialstatuttet 1280 § 7.13.* NgL III s.237.

Provisialstatuttet. Ein kan kjenne noko av tankegodset frå generalkonsilet igjen i statuttet, men ikkje i ein så stor grad som ein hadde forventa viss provinsialkonsilet i 1280 vart innkalla med føremål om ta opp lovvedtaka frå generalkonsilet i Lyon i norsk kyrkjeleg lovgjeving. Eg vil derfor hevda at konsilet som erkebiskop Jon kalla inn til i Bergen hadde eit anna føremål.

Eit anna motivasjon bak provinsialkonsilet i 1280 som er mogleg er at det vart kalla inn i samband med sættargjerda som er datert 9. august 1277. Som det endelege oppgjeret mellom kyrkje og kongemakt må det ha vore viktig for kyrkja å få etablert rettane vunne i konkordatet i eiga kyrkjeleg lovgjeving. I provinsialstatuttet frå 1280 ser ein viktigheita av sættargjerda. Lovavgjersler frå konkordatet er kopiert inn i statuttet, noko som kan tyde på at det var viktig for konsilet å konsolidere statusen som kyrkja hadde oppnådd.¹¹⁷ Ein ser også at utferdarane av statuttet har inkludert avgjersler frå skipanen frå kardinal Vilhelm av Sabina (1247).¹¹⁸ Ein god del av innhaldet i statuttet går altså med på å stadfeste og ta opp tidlegare rettar gjevne til den norske kyrkja i kyrkjeleg lovgjeving. Det er derfor nærliggande å hevde at dette var eit viktig føremål med konsilet som erkebiskop Jon kalla inn.

Viss det var slik at innkallinga til provinsialkonsil vart motivert av inngåinga av sættargjerda er det nødvendig å drøfte dateringa av innkallinga frå erkebiskopen nærmare sidan det er usemje i forskingslitteraturen kring kva for år ho vart sendt. Dei fleste forskarar er samde i at innkallinga vart sendt og kom til Island sommaren 1278.¹¹⁹ Guðrún Ása Grímsdóttir har derimot i si utgåve av *Biskop Arnes saga* frå 1998 gått mot den etablerte dateringa og skriv at innkallinga kom til Island i 1277.¹²⁰ Ho skriv ikkje kvifor det passar betre med at innkallinga skal ha kome eit år før. Gunhild og Magnús Stefánsson har i si omsetjing av sagaen frå norrønt til norsk også rekna 1277 som det året innkallinga kom til Island. Truleg har dei tatt over dateringa til Grímsdóttir utan å diskutere årstalet nærmare sidan dei byggjer på hennar utgåve og kommentarar i omsetjinga.¹²¹ Utgjevarane av *Regesta Norvegica* II, Narve Bjørge og Sverre Bagge, har også datert innkallinga til 1277 utan noko grunngjeving.¹²² Viss

¹¹⁷ *Provisialstatuttet 1280* § 6. NgL III s.231-232. Her vert det eksplisitt skriva at den som bryt sættargjerda (sættar giørð þa er giør war millum konungdömsins ok kirkiunnar ok af huarratueggia hálfu war með suardögum staðfest) skal bannlysast. I denne paragrafen vert det også lista opp kva for saker kyrkja hadde jurisdiksjon over, noko som er kopiert ut av konkordatet. NMD nr.29 [2.].

¹¹⁸ *Provisialstatuttet 1280* § 1. NMD nr.21 s.90. NgL I s.452.

¹¹⁹ Sjå f. eks. Munch, P. A. (1858) s.684, Joys, Charles. (1955) s.328 og Helle, Knut. (1972) s.171. Keyser skriv ikkje eit konkret årstal for innkallinga. Han skriv berre at erkebiskopen kalla inn i god tid og viser til biskop Arnes saga. Keyser, Rudolf. (1858) s.30.

¹²⁰ *Árna saga byskups* s.66.

¹²¹ Stefánsson, Gunhild. og Magnús Stefánsson. (2007)s.13. *Biskop Arnes saga* s.63.

¹²² RN II nr.[185].

innkallinga vart sendt frå Noreg sommaren 1277, vert det vanskeleg å setje innkallinga i samanheng med inngåinga av sættargjerda sidan denne vart utferda 9. august 1277. Det var ei avgrensa tid på året ein hadde skipsfart mellom Noreg og utkantane i Nidaros bispedøme, og det er derfor usikkert om erkebiskopen skal ha fått sendt brev frå Tønsberg til alle bispedøma allereie sommaren 1277.

I *Biskop Arnes saga* står det at erkebiskop Jon kalla inn til eit konsil som skulle haldast to år seinare.¹²³ Vi veit at provinsialkonsilet vart halden i 1280, og vi kan då rekne oss fram til at innkallinga må ha vore sendt og komen til Island i 1278. I tillegg står det i sagaen at innkallinga kom til Island det tiende året erkebiskop Jon var i sitt embete.¹²⁴ Jon Raude vart innvia som erkebiskop av pave Klemens IV (1265-1268) 24. juni 1268 og sang si første messe i Nidaros 25. desember 1268.¹²⁵ Embetstida til erkebiskopen vert rekna frå første gongen han sang messe i Nidaros, og dermed tok kyrkja i fullverdige rådvelde.¹²⁶ Det vil seie at det tiende året han var i sitt embete vil strekke seg frå 25. desember 1277 til 24. desember 1278.

Innkallinga må då ha kome i denne perioden med 24. desember 1278 som siste moglege dato. Sidan det står i sagaen at innkallinga kom om sommaren må det ha vore i 1278. Ei mogleg årsak til at innkallinga også har vore datert til sommaren 1277 er kronologien i *Biskop Arnes saga* som gir 1277 som året for innkallinga. Kronologien er derimot ikkje konsekvent, og informasjonen om innkallinga kan like godt ha kome seinare i forteljinga. Det er derfor mykje som peikar på at innkallinga skal daterast til sommaren 1278. Innkallinga til provinsialkonsil kan dermed ha vore motivert av utferdinga av sættargjerda.

Ein fjerde moglegheit er at kyrkja allereie i 1278 merka dei anti-kyrkjelege tendensane hjå kongemakta. Hamre påpeikar at konsil er eit “middel kyrkja ofte har teke i bruk til å møte krisesituasjonar med”. Dette gjeld både i dei tilfella der det var snakk om saker internt i kyrkja, og i dei tilfelle det var konflikter mellom kyrkja og verdslege makthavarar.¹²⁷ Det virkar derimot ikkje som om kyrkja var i krise då innkallinga til provinsialkonsil fann stad. Kyrkja var på dette tidspunktet på ein av toppane i si utvikling med nye rettar og stadfesting av gamle. Det kan likevel vere slik Keyser skriv at det var tydeleg misnøye blant dei verdslege rundt kong Magnus på grunn av vinningane til kyrkja. Han held det som sannsynleg at kong Magnus ga lendmennene nye verdigheitstitlar i 1277, som baron og ridder, for å “mildne de

¹²³ *Biskop Arnes saga* s.63.

¹²⁴ *Biskop Arnes saga* s.63.

¹²⁵ Kolsrud, Oluf. (1913, a) s.204.

¹²⁶ Sjø ovanfor om biskop Markus s.15.

¹²⁷ Hamre, Lars. (1979).

verdslige Stormænds Stemning” etter sættargjerda.¹²⁸ Viss det var slik at det berre var kong Magnus som heldt dei verdslege stormennene tilbake frå å gå til motaksjon mot kyrkja sine krav, er det forståeleg at erkebiskopen saman med andre geistlege har sett på det som nødvendig å halde eit konsil som kunne understreke det kyrkja hittil hadde oppnådd, ta det opp i kyrkjeleg lovgjeving og på denne måten ta vare på statusen hennar.

Det er ingen av desse forslaga til føremål med konsilet i 1280 som kan avkreftast. At føremålet var å ta opp lovgjeving frå generalkonsilet i Lyon 1274 er derimot mindre sannsynleg. Det kan ha vore ein av moglegheitane nemnt ovanfor eller ein kombinasjon av fleire. Det einaste vi kan vere sikre på er den generelle motivasjonen for å vedta lovvedtaka på konsilet som er nemnt eksplisitt i statuttet; å forbetre sedene slik at biskopane kunne fullføre embetsplikta si som åndelege styrarar og lede menneska til evig frelse. Derimot er det klårt at det opphævelege føremålet med provinsialkonsilet i 1280 må ha vorte påverka av den antikyrljelege åtferda til kong Eirik sitt formyndarstyre etter kong Magnus sin død.

I 1280 utferda kongemakta ei stor rettarbot som sikkert har vorte opplevd som eit angrep på kyrkja for dei geistlege. I rettarbota frå 1280 viser utferdarane til deira ansvar til å sjå etter og “bøte på lov og landsrett”. Dei hevda at Landslova (1274) som kong Magnus skipa ikkje var klår nok for folket og dei derfor, på grunn av si plikt til å sjå etter lova, ville skipe nokre saker for å forbetre ho.¹²⁹ I rettarbota går formyndarstyret til kong Eirik mot fleire av rettane til kyrkja og sættargjerda som dei sjølve hadde stadfesta i 1277 med korporleg eid.¹³⁰ Vidare gjev kongemakta forbod mot å selje sølv til geistlege og trekk myntretten til erkebiskopen tilbake.¹³¹ Eit forbod mot sølvsal til geistlege ramma innsamlinga av seksårstienden som det ved generalkonsilet i Lyon 1274 vart fastsatt skulle samlast inn i kvar kyrkjeprovins.¹³² Kongemakta byrja også å skattleggje kyrkjeleg eigedom og gods.¹³³ Viss det var slik at erkebiskop Jon kalla inn til konsil for å få kristenretten sin lovtatt og deretter godtatt av kongen, vil dei endra omgivnadane etter kong Magnus sin død ha endra desse forhåpningane. Biskopane kan ha sanksjonert lovbolken på konsilet, men kongemakta ville aldri ha godtatt den. Viss føremålet var å ta opp forordningane frå sættargjerda og skipanen til kardinal

¹²⁸ Keyser, Rudolf. (1858) s.28-29

¹²⁹ NMD nr.32 s.160.

¹³⁰ Helle, Knut. (1972) s.172-173.

¹³¹ DN I nr.73. RN II nr.294. DN III nr.30. RN II nr.626.

¹³² Schroeder, H. J. (1937) *Commentary* s.325. I eit pavebrev oppmodar pave Martin IV den norske kongen om å ikkje hindre at seksårstienden kan førast ut av landet. Denne oppmodinga siktar på forbodet frå kongemakta om sølvsal til geistlege, DN I nr.73. RN II nr.294.

¹³³ DN III nr.20. RN II nr.255.

Vilhelm av Sabina i eigen kyrkjeleg lovgjeving vil den nye framferda til kongemakta ha understreka dette behovet.

Då erkebiskop Jon kom til Bergen 16. juni 1280 for å halde det planlagde provinsialkonsilet har han fått vite om planane til kongemakta om å utferde ei rettarbot med kyrkjeskadeleg lovgjeving.¹³⁴ I eit vitnebrev datert 17. mars 1281 hevdar biskop Narve at han var vitne til erkebiskop Jon sitt forsøk på å stoppe formyndarstyret til kong Eirik i utforminga av slik lovgjeving allereie før kroninga av kong Eirik 2.juli 1280. Erkebiskopen skal då ha fått ein lovnad på å få lovgjevinga forbetra.¹³⁵ Erkebiskop Jon har truleg brukt dei midla han hadde til rådighet for å få stadfesta rettsstillinga til kyrkja og då spesielt sættargjerda frå 1277. For det første kunne han nekte kroning av kong Eirik viss ikkje han fekk garantiar på at kyrkja sine rettar ikkje skulle krenkjast og at den antikykjelege lovgjevinga då skulle avsluttast.¹³⁶ Kongekroninga var noko kyrkja hadde kontroll over sidan det var ein geistleg seremoni. Erkebiskopen kunne derfor nekte å gje samtykke til kroninga viss ikkje han fekk kongen til å avgje ein kroningseid som han var nøgd med.¹³⁷ Dette skal han ha fått, og ved kroninga 2. juli 1280 sverja kong Eirik ein kroningseid om å halde ved like sættargjerda frå 1277 og å “fjerne dårlige lover og slette sedvaner, især slike som strider mot kirkens frihet, og innstifte gode, slik vi etter våre trofaste menns råd best kan finne dem”.¹³⁸

I eit vitnebrev utferda av erkebiskopen og sju av lydbiskopane om kroningseiden til kong Eirik kjem det fram at forhandlingane kring kroningseiden tok tid for det var usemje om kva den skulle innehalde.¹³⁹ Usemja er ein tidleg peikepinn på kva kongemakta ville gjere vidare. Etter at kroninga var gjennomført gjekk formyndarstyret til kong Eirik tilbake på lovnadane sine og utferda rettarbota i kong Eirik sitt namn.¹⁴⁰ Kongeiden som kong Eirik nettopp hadde sverja vart slik broten. Erkebiskopen har då gått til det andre forsvarsmiddelet han hadde tilgjengeleg: provinsialkonsilet som vart halde same sommaren. Her har biskopane utferda eit statutt til forsvar mot angrepa på rettsstillinga til kyrkja. Det er ei etablert tolking i forskningslitteraturen at provinsialstatuttet i 1280 var ein respons på den anti-kyrkjelege

¹³⁴ Helle, Knut. (1972) s.172, Hamre, Lars. (1979) og Haug, Eldbjørg. (2003) s.98.

¹³⁵ DN III nr.21. RN II nr.262.

¹³⁶ Keyser, Rudolf. (1858) s.35-36. Helle, Knut. (1972) s.172-173. Hamre, Lars. (1979). Haug, Eldbjørg. (2003) s.98. P. A. Munch skriv det ikkje like klårt som dei andre, men kan tolkast til same standpunkt, Munch, P. A. (1859) s.4.

¹³⁷ Hamre, Lars. (1979).

¹³⁸ DN I nr.69. NMD nr.31 s.158.

¹³⁹ DN I nr.69. NMD nr.31 s.158.

¹⁴⁰ DN III nr.21. RN II nr.262.

åtferda til formyndarstyret til kong Eirik.¹⁴¹ Det er også kjelder som tyder på at dette er ei rett tolking. Eit pavebrev frå 1285 basert på biskop Andres av Oslo og biskop Torfinn av Hamar sine forteljingar skildrar striden i 1280-åra. Etter kroninga skal kong Eirik og formyndarane ha gått tilbake på kongeeiden og utferda lovgjeving i strid med sættargjerda og til skade for kyrkja. Dei tok ikkje omsyn til protestane som kom frå provinsialkonsilet.¹⁴² Korkje rettarbota eller provinsialstatuttet er daterte, men basert på den etablerte tolkinga av hendingsforløpet i forskingslitteraturen har rettarbota vore utferda etter kroninga av Eirik Magnusson 2. juli, men før provinsialkonsilet var avslutta 29. juli sidan statuttet frå konsilet er eit svar på rettarbota.¹⁴³ Provinsialstatuttet er heller ikkje datert, men sidan det er ein respons på rettarbota, har det vorte utferda etter kroninga 2.juli.¹⁴⁴

I det følgande vil vi ta føre oss innhaldet i rettarbota frå 1280 for å sjå kva for avgjersler erkebiskopen og biskopane kan ha reagert på. Dette har vorte tatt opp tidlegare i forskingslitteraturen.¹⁴⁵ Det er likevel nødvendig å ta ei kort framstilling av desse paragrafane for å få ei forståing for kvifor provinsialstatuttet vart utforma slik det er. Deretter vil eg sjå på innhaldet i provinsialstatuttet og drøfte korleis det vart påverka av situasjonen i 1280.

Rettarbota frå 1280

Rettarbota frå 1280 vert i *Norges gamle Love* kalla for “Kong Eirik Magnussöns store almindelige Retterbod”. Tittelen som stor og ålmenn er fordi den har eit stort omfang og innhald føreseger om fleire rettsområde enn dei som gjaldt kyrkja.¹⁴⁶ I *Norske middelalder dokumenter* finn ein ei omsetjing som innhald eit utval av lovvedtaka i rettarbota.¹⁴⁷ I alt er det 14 paragrafar som er med i utvalet og av dei kan ein seie at 10 paragrafar går spesielt i mot det kyrkja fekk stadfesta i sættargjerda.¹⁴⁸ Eg vil her kort gå gjennom desse 10 for å knytte dei opp til den anti-kyrkjelege politikken til formyndarstyret til kong Eirik.

¹⁴¹ P. A. Munch, Utgjevarane av NMD, Charles Joys, Lars Hamre og Eldbjørg Haug peikar alle på at innhaldet i statuttet frå provinsialkonsilet er eit svar på avgjerslene i rettarbota. Munch, P. A. (1859) s.14-15. NMD s.158, 160 og 164. Joys, Charles. (1955) s.333. Hamre, Lars. (1979). Haug, Eldbjørg. (2003) s.99.

¹⁴² DN XVII nr.880. RN II nr.379.

¹⁴³ Munch, P. A. (1859) s.14-15. NgL III s.V. NMD nr.32 s.158 og 160.

¹⁴⁴ Munch, P. A. (1859) s.11-12. NMD nr.33 s.164.

¹⁴⁵ Sjå f. eks. Keyser, Rudolf. (1858) s.39. Munch, P. A. (1859) s.17, Stefánsson, Magnús. (1984) s.102-104, og Haug, Eldbjørg. (2003) s.99. Lars Hamre er den som har gått lengst og gjort ei analyse over paragrafane og korleis dei kunne representere eit åtak på kyrkja. Hamre, Lars. (1979).

¹⁴⁶ NgL III s.3-12.

¹⁴⁷ NMD nr.32.

¹⁴⁸ Rudolf Keyser framhev spesielt fem paragrafar som må vore opplevd som krenkjande for kyrkja, Keyser, Rudolf. (1858) s.39.

Den første paragrafen i rettarbota går på prostedømet. Prostane var biskopen sine lokale rettshandhevarar. Det var prosten som skulle oppspore og reise påtale ved kristenrettsbrot i sitt område. Han skulle passe på at straffa vart gjennomført og krevje inn eventuelle bøter som skulle betalast til kyrkja.¹⁴⁹ Prosten var soleis det geistlege motstykket til den verdslege sysselmannen.¹⁵⁰ Omgrepet prost kan ein finne i kjeldene tilbake til byrjinga av 1200-talet, men ein kan ikkje rekne med eit alminneleg prostedøme før etter 1273. Med konkordatet i Bergen frå 1273 og sættargjerda frå 1277 fekk kyrkja anerkjent sjølvstendig jurisdiksjon og ombodet fekk derfor ei positiv utvikling. Med aukande jurisdiksjon og administrasjon trengde biskopen fleire lokale representantar som kunne utføre ulike oppgåver.¹⁵¹ Prosten hadde også domsmyndigheit, rett til å dømme, men kor langt denne strakk seg var avhengig av kor mykje spelerom biskopen i det gjeldande bispedømet valte å gje prosten. Biskopen hadde tilsyn med den lokale rettspleia med sine visitasar.¹⁵²

Artikkelen i rettarbota slår fast “at de prester skal ha prostedømme som ikke har sognekirker og hemmelige skriftemål.”¹⁵³ Det formyndarstyret til kong Eirik her ynskte var å hindre at ein sokneprest samstundes kunne vere prost. Det er openbart at her går kongemakta til åtak på sættargjerda med å gje lov innanfor eit område som tilhørde kyrkja. I konkordatet var det slått fast at kyrkja skulle få avgjere og undersøkje alle saker som tilhørde ho.¹⁵⁴ Når det då er spørsmål om kven som kunne vere prost eller ikkje var det ei kyrkjeleg sak sidan det var snakk om eit geistleg embete. Formyndarstyret byrja soleis rettarbota med ein artikkel som gjekk direkte i mot sættargjerda, noko som viser at dei ikkje aksepterte fri kyrkjeleg jurisdiksjon.

Likevel kan ein argumentere for at paragrafen kan ha rot i ei bekymring i samfunnet for makta til prosten viss han i tillegg var sokneprest. Ein sokneprest med prostedøme i soknet ville få ei tosidig makt både som skriftefar og lokal rettshandhevar.¹⁵⁵ Kyrkjeleg jurisdiksjon kan utøvast på to måtar enten i den interne domstol, *in foro interno*, i den eksterne domstol, *in foro externo*, eller i begge desse. Når ein snakkar om den interne domstolen snakkar ein om

¹⁴⁹ Seip, Jens Arup. (1942) s.70-71 og 75. Helle, Knut. (1964) s.167. Dahlerup, Troels. (1968) sp.537-540. Stefánsson, Magnús. (1984) s.74-77.

¹⁵⁰ Seip, Jens Arup. (1942) s.78 og 169. I prinsippet var det berre geistlege som hadde tittelen prost, men det tyda ikkje at lekfolk ikkje kunne ha prostedøme. Seip, Jens Arup. (1942) s.69 og 78.

¹⁵¹ Seip, Jens Arup. (1942) s.169. Stefánsson, Magnús. (1984) s.76.

¹⁵² Seip, Jens Arup. (1942) s.79.

¹⁵³ “I fyrstunni at upphafe. at þeir prestar hafa prouast dæme er eigi hafa soknar kirkiur oc læynlig skripta mal.” NMD nr.32 [1.]. NgL III s.5.

¹⁵⁴ NMD nr.29 [2.]

¹⁵⁵ Seip, Jens Arup. (1942) s.169. Hamre, Lars. (1979).

skriftemålet. Det er soknepresten si rolle å høyre syndaren sitt skriftemål og pålegge han botsgjerningar for det han har gjort, viss ikkje synda var så alvorleg at det berre var biskopen eller paven som kunne gje absolusjon. Sidan rettargangen går føre seg i skriftemålet vert saka haldt hemmeleg mellom soknepresten og den som skriftar. Soknepresten tek soleis hand om jurisdiksjonen på det interne kyrkjelege området. Når det kom til kristenrettsbrot skulle det leggjast fram for ein kyrkjeleg domstol, altså den eksterne domstol. Her hadde prosten som biskopen sin lokale rettshandhevar ei hand om jurisdiksjonen. Viss embetsdistrikta til soknepresten og prosten var det same, vil det seie at same mann hadde kontroll over jurisdiksjonen både i internt og eksternt forum. Det ville gje personen mynde til å høyre skriftemål, gje straff og absolusjon, samstundes som han kunne reise påtale og, til ein viss grad, avgjere kristenrettssaker. Ein person satt soleis med alvorleg mykje makt.¹⁵⁶ Slik makt kunne lett føre til misbruk. Det kjem fram av artikkelen at det kongemakta prøvde å avgrense var nettopp ei slik tosidig makt. Artikkelen seier ingenting om at geistlege ikkje kunne ha embetet. Artikkelen kan dermed ha hatt ei brei oppslutning hjå folket som kan ha sett på det som ei hindring for geistleg maktmisbruk. I dette tilfellet er det også truleg at biskopane sjølve har vore einig i realitetane kring det mogleg maktmisbruket ei slik tosidig makt kunne føre til. Dei hadde eit absolutt krav om å halde skriftemålet hemmeleg, noko som kunne vere vanskeleg i ein posisjon som både skriftefar og domar.¹⁵⁷ Det dei hovudsakleg har reagert på er at kongemakta gir lov på kyrkja sitt område.

I § 2 vert det slått fast at det var ein verdsleg representant, “forstandige bønder”, som skulle ha oppsyn og kontroll over kyrkja sine eigedommar og tilhøyrande gods.¹⁵⁸ Her gir kongemakta igjen lovgjeving på eit område som kyrkja rekna for sitt.¹⁵⁹ Kongemakta har truleg også her rekna med folket si oppslutning kring avgjersla. Dersom det ikkje var nok midlar i bygningskassa til vedlikehald eller reparasjon av kyrkja var folket i soknet pliktige til å bidra med enten arbeid, pengar eller andre varer. Derfor var det stor interesse for at midlane i den kyrkjelege bygningskassa vart brukt til sitt eigentlege føremål og ikkje for eksempel vart blanda med lønningskassa til dei geistlege knytt til kyrkja. Avgjersla om at det var bønder

¹⁵⁶ Hamre, Lars. (1979). Hamre, Lars. (+2003, b) s.198-199.

¹⁵⁷ Hamre, Lars. (1979).

¹⁵⁸ NMD nr.32 [2.].

¹⁵⁹ Hamre, Lars. (1959) sp.117-118. Hamre, Lars. (1963) sp.413.

som skulle halde kontroll ga altså folket ei moglegheit for å halde kontroll med egne pengar, noko vi kan rekne med ga paragrafen brei oppslutning.¹⁶⁰

Rettarbota sin § 3 omhandlar Olavstollen som er ein fellesnemnar på tre ulike avgifter som skulle betalast til kyrkja; olavssåd, olavskorn og olavsskot. Mesteparten av denne skatten vart betalt i korn.¹⁶¹ Paragrafen avgrensar kvar kyrkja kan selge det dei får inn i Olavstoll til det soknet dei har krevd tollen inn.¹⁶² Her gjev formyndarstyret til kong Eirik på nytt ei lov på kyrkja sitt område som avgrensar sjølvstendet til kyrkja. Hamre påpeiker likevel at denne føresegna ikkje nødvendigvis var meint som ei innskrenking av råderetten til kyrkja over egne eigedomar, men motivert av eit behov for å ha kornet i distrikta og ikkje verte frakta vekk til byane.¹⁶³ Vidare går § 5 inn på skattlegging av geistlege. Det vert slått fast at “Likeens skal også håndgangne menn, prester og biskopsmenn gjøre utfareleidang og skipafe som andre menn”.¹⁶⁴ I mosetnad til bordleidang, som var ein fast årleg skatt betalt med varer eller pengar i fredstid, var utfareleidang ein ekstraordinær skatt som skulle betalast når leidangsflåta faktisk vart kalla ut.¹⁶⁵ Skipafe var ei avgift som skulle sørge for førebuing av leidangsskipa slik som vedlikehald av skip og skipsutstyr.¹⁶⁶ Paragrafen heng truleg saman med endringa i leidangsskatten som vart gjort i Landslova frå 1274. Her vart leidangsskatten gjort om frå ein personleg skatt til å bli ein skatt på jord og formue.¹⁶⁷ Ein konsekvens av denne endringa var at også kyrkjeleg gods måtte matrikulerast og skattleggjast.¹⁶⁸

På to måtar kan kyrkja oppleve denne artikkelen som fiendtleg. For det første går den klårt mot immunitetsprivilegiet knytt til alle geistlege. Dette privilegiet hadde heimel i kanonisk rett og hevda skattefridom og fritaking frå krigsteneste for alle geistlege.¹⁶⁹ I privilegiebrevet frå pave Celestin III for den norske kyrkje, datert til 1194, vart det gitt forbod mot at biskopar, klerkar og abbedar skulle vere med på krigstog og betale noko av sin eigedom til slike

¹⁶⁰ Hamre, Lars. (1959) sp.116-118. Hamre, Lars. (1979).

¹⁶¹ Bjørkvik, Halvard. (1967) sp.553-556.

¹⁶² NMD nr.32 [3.].

¹⁶³ Hamre, Lars. (1979).

¹⁶⁴ “Sua skolu oc handgengnir menn. Prestar oc byskups menn gera uttfara leiðangr oc skipa fe sem aðrer menn” NMD nr.32 [5.]. NgL III s.5.

¹⁶⁵ Seip, Jens Arup. (1942) s.149. Bjørkvik, Halvard. (1965) sp.439. Hamre, Lars. (1979).

¹⁶⁶ NgL V s.573. Bjørkvik, Halvard. (1965) sp.439.

¹⁶⁷ *Magnus Lagabøters landslov* (1915) III, kap.6. NgL II s.38. Bjørkvik, Halvard. (1965) sp.439.

¹⁶⁸ Seip, Jens Arup. (1942) s.147. Hamre, Lars. (1979).

¹⁶⁹ Hamre, Lars. (1979). Sjå f.eks. *Second Lateran Council (1139)*, Canon 15 I Schroeder, H. J. (1937) s.204.

ferder.¹⁷⁰ Ei skattleggjing av geistlege ville dermed ha vore eit brot på kanonisk rett og paveleg forordning.

For det andre hadde erkebiskop Jon fått kong Magnus med på at kyrkjeieigedomar og tilhøyrande formue ikkje skulle skattleggjast.¹⁷¹ I sættargjerda frå 1277 vart det slått fast at dei norske biskoper, abbedar og prestar ikkje skulle vere pliktige til leidangsferder eller å måtte betale noko til slike krigstog. Vidare skulle erkebiskopen ha 100 menn i si teneste fri, biskopane 40 menn kvar og soknepresten 2 menn fri frå å reise på krigstog og å betale leidang.¹⁷² Her vert det gitt skattefritak for geistlege, men berre den faste leidangskatten vert eksplisitt nemnt. Ekstraskatten utfareleidang vert ikkje nemnt. Både Hamre og Seip påpeikar dette, men hevdar at saman med det andre som står i konkordatet gjaldt det sannsynlegvis fritak frå ekstraskatten også. Artikkelen i rettarbota er i det minste “mot sættargjerdens ånd, om ikke mot dens bokstav”.¹⁷³ Erkebiskopen og biskopane på provinsialkonsilet må her ha reagert.

Kongemakta fortsett å gje lovgjeving innanfor kyrkja sitt område i § 6 og 7. Den første av desse to paragrafane handlar om lysing før giftarmål.¹⁷⁴ Det interessante her er at paragrafen går ikkje mot tidlegare kyrkjeleg lovgjeving, men er i tråd med avgjerslene i erkebiskop Jon sin eigen kristenrett, og slik ikkje i motsetnad til kva kyrkja meinte kring giftarmål.¹⁷⁵ Det som har vore krenkjande i dette tilfellet er at dei ignorerer lovgjevingsmynda til kyrkja innanfor kristenrettssaker. Dette gjer dei også då dei tek opp åger i § 26. Dei stadfestar her tidlegare kyrkjeleg lovgjeving, men dei bryt sættargjerda med å gje lov innanfor kyrkja sitt område.¹⁷⁶

I § 7 i rettarbota vert det lovtatt at ingen mann kan tvingast til å gifte seg med ei frille viss han ligger med ho etter at han gjekk til skrifte og bot.¹⁷⁷ Kyrkja har krevd at dei som var skuldige i frilleliv skulle skrifte og gjere bot. Dei fekk deretter ein frist på å enten sverje frilla frå seg og ikkje ha noko meir med ho å gjere, eller å gifte seg med ho. Sannsynlegvis har denne kyrkjelege praksisen vore i strid med det vanlege folk meinte var rimeleg, og når

¹⁷⁰ DN II nr.3. NMD nr.13 s.68.

¹⁷¹ DN III nr.20. RN II nr.255.

¹⁷² NMD nr.29 [5.] [12.] [13.] [14.].

¹⁷³ Seip, Jens Arup. (1942) s.147-149. Hamre, Lars. (1979).

¹⁷⁴ NMD nr.32 [6.]

¹⁷⁵ *Erkebiskop Jons kristenrett* [42.]. Hamre, Lars. (1979).

¹⁷⁶ NMD nr.32 [26.]

¹⁷⁷ NMD nr.32 [7.]

formyndarstyret no gjekk til angrep mot denne har det nok fått brei oppslutning hjå folket.¹⁷⁸ Igjen må kyrkja ha reagert sidan kongemakta gir lovgjeving på eit område som vart rekna som kyrkja sitt. Formyndarstyret til kong Eirik viser på nytt korleis dei ikkje tok omsyn til sættargjerda og hevdar at det var kongemakta som hadde rett til all lovgjeving.

Vidare går fomyndarstyret til kong Eirik mot kyrkja si fridom til å avgjere klerkemål. I § 23 står det at alle søksmål om gods og innløyysning av jordeigedom skal rettast til lagmann eller sysselmann uavhengig om det var lekmann eller klerk som klaga.¹⁷⁹ Likevel kan ein seie, slik som Hamre, at det ikkje nødvendigvis innebar eit brot på konkordatet. I rettarbota er det klårt at det er statusen til saksøkjaren som er det viktige, medan det i sættargjerda vert spesifisert at det er saker mellom geistlege eller saker der geistlege vert saksøkt av lekmenn som kyrkja har jurisdiksjon over.¹⁸⁰ Det vert ikkje nemnt i konkordatet at kyrkja skal ha jurisdiksjon viss også saksøkjaren er geistleg. Viss det er ein lekmann som vert saksøkt av ein geistleg er det naturleg at saka vert avgjort i verdsleg forum. Viss ein geistleg saksøklar ein annan geistleg eller viss ein geistleg vert saksøkt, skal saka derimot verte tatt opp i det kyrkjelege forum. Paragrafen i rettarbota seier ingenting om det, men er retta mot saksøkjaren, og representerer soleis ikkje eit klårt brot mot sættargjerda.¹⁸¹

Den siste paragrafen i rettarbota som ein kan seie er anti-kyrkjeleg er § 27. Den handlar om tiende og seier at “forn kristenrett skal gjelde om tiende av kyrleie, slik at den er jevnstor med det den var før”.¹⁸² Paragrafen setter soleis til sides tienderegulativet som vart gitt samstundes med sættargjerda i 1277.¹⁸³ Jens Arup Seip hevda at denne paragrafen hadde eit populistisk føremål. Sidan tienderegulativet frå 1277 hadde utvida inntektskategoriane som det skulle betalast tiende for, var det taktisk lurt av kongemakta å oppheve regulativet sidan det ville få sterk støtte frå folket. Slik kunne dei samlast mot kyrkja.¹⁸⁴ Denne paragrafen er i ei særklasse i forhold til dei andre sidan det har vore hevda at den er yngre enn dei andre paragrafane. Seip skriv at opphevinga av tienderegulativet ser ut til først å ha vorte utferdta etter brotet med

¹⁷⁸ Hamre, Lars. (1979).

¹⁷⁹ NMD nr.32 [23.]

¹⁸⁰ NMD nr.29 [2.]

¹⁸¹ Hamre, Lars. (1979).

¹⁸² NgL III s.9. NMD nr.32 [27.].

¹⁸³ NgL II s.474-475. NMD nr.29 s.146-148.

¹⁸⁴ Seip, Jens Arup. (1942) s.149-150.

erkebiskopen hausten 1281. Paragrafen har deretter vorte inkludert i rettarbota på eit seinare tidspunkt.¹⁸⁵

Innhaldet i rettarbota innheld altså fleire åtak på rettsstillinga til kyrkja og inneberer eigentleg ei tilsidesetting av sættargjerda frå 1277 sidan rettarbota på fleire område gir lovgjeving der kyrkja hadde fått jurisdiksjonen stadfesta i konkordatet. Ein skal derimot vere forsiktig i å kalle det eit reint angrep sidan ein iallefall i to av paragrafane, § 1 og § 2, viser at kongemakta har prøvd å regulere forhold med kyrkjeleg praksis som kunne ha ført til maktmisbruk ovanfor folket. Eg vil no ta føre meg innhaldet i provinsialstatuttet frå same sommaren for å drøfte korleis statuttet vart påverka av situasjonen som utvikla seg i 1280.

Innhaldet i provinsialstatuttet frå 1280

Kor mange paragrafar som er i statuttet er avhengig av kven som ser. Keyser opererer med eit tal på 10 paragrafar, Munch med eit tal på 20, Knut Robberstad med 21 og Eldbjørg Haug med 23.¹⁸⁶ Eg har i denne undersøkinga valt å støtte meg til Robberstad si inndeling, men ei annan form for nummerering. Der lista over dei 15 paragrafane som skulle føre til det store bann kjem, vel eg å nummere dei som underparagrafar av § 7. Dei vil derfor framstå i teksten som § 7. 1, § 7. 2 og så vidare.

Det har vore drøfta om det manglar nokre paragrafar i statuttet. Munch skriv at ingen av avskriftene vi har av statuttet er fullstendige, men truleg inneheldt statuttet ikkje stort fleire paragrafar enn dei vi har bevarte. Derimot er det meir usikkert om rekkjefølga på paragrafane i avskriftene er lik originalen.¹⁸⁷ Viss vi skal stole på utsagnet i *Biskop Arnes saga* skal det ha vore 35 saker som førte til bann i statuttet.¹⁸⁸ Om dette talet er reelt kan vi ikkje vere sikker på. Det kan godt hende at talet vart overdriven eller redusert i sagaen og vi har ingen andre kjelder til å kontrollere talet. Viss det var slik at det var 35 paragrafar i statuttet er det ikkje i nærleiken av det talet vi har bevart i avskriftene. Utgjevarane av *Regesta Norvegica* II, Sverre Bagge og Narve Bjørgo, har peika på ein paragraf som skriver seg frå provinsialkonsilet i 1280, men som ikkje har vorte tatt opp i avskriftene av statuttet.¹⁸⁹ Biskop Arne av Skálholt skal i 1281 ha kunngjort ei forordning på eit prestemøte som han tilskriver erkebiskop Jon og

¹⁸⁵ Seip, Jens Arup. (1942) s.150-151.

¹⁸⁶ Keyser, Rudolf. (1858) s.37-39. Det skal seiast at Keyser har samla alle dei 14-15 paragrafane som førte til det store bann til ein paragraf, paragraf 9. Munch, P. A. (1859) s.5-12. Robberstad, Knut. (1947) s.42-51. Haug, Eldbjørg. (2013).

¹⁸⁷ Munch, P. A. (1859) s.11.

¹⁸⁸ *Biskop Arnes saga* s.85.

¹⁸⁹ Sjå kommentarane til utgjevarane knytt til RN II nr.252.

bispemøtet i Bergen 1280.¹⁹⁰ Bagge og Bjørge skriv at denne forordninga kan enten ha vore utferda som ein separat forordning frå konsilet og ikkje vore ein del av det originale statuttet, eller så kan paragrafen ikkje ha kome med under avskrivninga av statuttet.¹⁹¹ Dette kan tyde på at det opphavelig har vore fleire paragrafar i original statuttet. Haug skriv at viss talet nemnt i sagaen stemmer kan skilnaden vere grunna i at fleire paragrafar vart sett på som forelda då avskriftene av statuttet vart skrive ned kring 1360. Det var derfor ikkje behov for å ta dei med i avskrifta.¹⁹²

Dei paragrafane vi har bevart, tar i stor grad opp kyrkja si privilegerte rettsstilling og eit forsvar av hennar rettar med trugsmål om bann. For det første har ein alle dei generelle paragrafane som skulle straffe kvar person som la nye tyngsler på kyrkja eller fråtok ho tidlegare rettar.¹⁹³ For det andre var fleire av paragrafane ei stadfesting av fri kyrkjeleg jurisdiksjon. Alle som krenka denne retten skulle bannlysast.¹⁹⁴ Her er spesielt § 6 interessant. I denne paragrafen vert sættargjerda frå 1277 stadfesta og innhaldet i konkordatet er tilnærma kopiert inn i statuttet. Fri kyrkjeleg jurisdiksjon i både klerkemål og kristenrettssaker vert framheva slik det også vart i konkordatet. Viss nokon braut denne paragrafen, og dermed gjorde seg skuldig i ikkje å overhalde sættargjerda, ville dei verte bannlyst med sjølve gjerninga.¹⁹⁵

Vidare har vi ein del paragrafar som går på herredøme over kyrkjene og retten til å dømme over dei.¹⁹⁶ Dette var allereie stadfesta i sættargjerda, og med § 6 også i statuttet, men ein ser at dette har vore viktig for utferdarane å framheve. I § 1 vert kardinal Vilhelm av Sabina sin skipan attgjeve og stadfesta då det gjaldt ran eller hærverk på andre sin faste eigedom. Viss ranssaka gjaldt kyrkjer eller klerkar skulle kyrkja dømme i saka, slik som det også var skrive i sættargjerda. Brot på denne paragrafen skulle føre til bann med sjølve gjerninga.¹⁹⁷ Desse paragrafane vart spesielt aktuelle i konflikta som utvikla seg på Island, noko som vi vil drøfte seinare i kapittel 4 då vi ser på bruken av statuttet under biskop Arne Torlaksson.

¹⁹⁰ DI II nr.84.

¹⁹¹ Sjå kommentarane til utgjevarane knytt til RN II nr.252.

¹⁹² Haug, Eldbjørg. (2013).

¹⁹³ *Provinsialstatuttet 1280* § 2, § 6, § 7. 6, § 7. 7 og § 7.14.

¹⁹⁴ *Provinsialstatuttet 1280* § 1, § 2, § 6, § 7. 6, § 7. 7 og § 7. 14.

¹⁹⁵ Dei ulike typer bann, og då bann med sjølve gjerninga, tar eg føre meg i kapittel 4.

¹⁹⁶ *Provinsialstatuttet 1280* § 1, § 6, § 7. 6 og § 7. 14.

¹⁹⁷ *Provinsialstatuttet 1280* § 1.

For det fjerde er det dei paragrafane som søkjer å verne kring den fredheilage stausen til geistlege. Dette var eit kanoniske privilegium, *privilegium canonis*, som sa at statusen til geistlege var freda ved hjelp av lov og rett.¹⁹⁸ Geistlege kunne derfor ikkje verte krenkja enten med vald eller fråtaking av rettar. Dette privilegiumet vert formulert fleire stadar i statuttet og verna ved hjelp av trugsmål om bann.¹⁹⁹

I tillegg til desse paragrafane, som til sitt ytterste ville oppretthalde det kyrkja tidlegare hadde vunne av rettar, har ein paragrafar som går på kor tid det ikkje var lovleg å reise søksmål eller dømme i saker, forbod mot bruk av kyrkjer som oppbevaringsstad og lysing av ekteskap.²⁰⁰ Til slutt har ein fleire paragrafar kring kjetteri, hærverk eller ran av kyrkjer, forfalsking av pavebrev, forbod mot hjelp til sarasenane²⁰¹ og krenking av kristne og romerar generelt. Alle desse er del av dei 15 paragrafane til slutt i statuttet som skulle føre til det store bann.²⁰² Fleire av desse paragrafane kjenner vi igjen frå vedtaka til tidlegare generalkonsil. Paragrafane om kjetteri i statuttet kan ha vorte inspirerte av vedtaka frå det tredje lateran konsil (1179) og det fjerde lateran konsil (1215).²⁰³ Dei to paragrafane i statuttet frå 1280 der dei som hjelper saraserane eller ranar klerkar eller romerar skal bannlysast ser ut til å ha vorte kopiert frå eit vedtak frå det tredje lateran konsil (1179) sidan innhaldet er tilnærma identisk.²⁰⁴

Den raude tråden i statuttet er stadfesting av rettsstillinga til kyrkja og trugsmål om bann mot alle som krenkjer denne. I situasjonen slik han hadde utvikla seg sommaren 1280 var dette forsvaret nødvendig. Utanom det generelle forsvaret provinsialkonsilet hadde lagt opp til, finn ein fleire paragrafar som kan ha vore retta spesifikt mot tiltak gjort av formyndarstyret til kong Eirik denne sommaren. Ved utferdinga av rettarbota viste kongemakta at dei ikkje tok

¹⁹⁸ Schroeder, H. J. (1937) *Commentary* s.205. Sjå f. eks. *First Lateran Council (1123)*, Canon 20 og *Second Lateran Council (1139)*, Canon 15 | Schroeder, H. J. (1937) s.192 og 204-205.

¹⁹⁹ *Provinsialstatuttet 1280* s.42, 44, 45, 47-48 og 49, § 6, § 7, § 7. 5, § 7. 6, § 7. 7, § 7. 13 og § 7. 14.

²⁰⁰ *Provinsialstatuttet 1280* § 3, § 4 og § 5.

²⁰¹ Omgrep nytta for arabarar og muslimar.

²⁰² *Provinsialstatuttet 1280* § 7. 1, § 7. 2, § 7. 3, § 7. 4, § 7. 8, § 7. 9, § 7. 10, § 7. 11 og § 7. 12.

²⁰³ *Third Lateran Council (1179)*, Canon 27 og *Fourth Lateran Council (1215)*, Canon 3 | Schroeder, H. J. (1937) s.234-235 og s.242-44. P. A. Munch har peikt på at § 7.3 i provinsialstatuttet frå 1280 kring kan vere inspirert av vedtak 3 frå det fjerde lateran konsil (1215). Munch, P. A. (1859) s.8.

²⁰⁴ Sjå *Provinsialstatuttet 1280* § 7.11 og § 7.12. "[...] while they glory in the Christian name, at the same time they supply the Saracens with arms, iron and bands for the construction of their galleys, and thus become equal and even superior to them in malice, since they furnish them with arms and other necessaries to attack the Christians. There are some also who to satisfy their avarice assume the guidance and piloting of galleys and piratical ships of Saracens. We decree, therefore, that all these are excommunicated for their iniquity [...]. They also are to be excommunicated who capture or rob Roman and other Christians carried on vessels on matters of business or other honest purposes. And those also who, instead of rendering aid as the rule of faith requires, impelled by a damnable avarice, rob Christians who suffer shipwreck, are to be excommunicated if they do not restore the tings taken." *Third Lateran Council (1179)*, Canon 24 | Schroeder, H. J. (1937) s.232-233.

omsyn til sættargjerda frå 1277. Det er derfor høgst sannsynleg at konsilet har sett på det som ei viktig oppgåve å få inn eit forbod på å bryte konkordatet. Dette har dei då gjort i § 6, samstundes som dei tek opp ein del av innhaldet i sættargjerda. På denne måten stadfestar konsilet konkordatet. I den same paragrafen, § 6, ser ein eit konkret forsvar mot det kongelege forbodet mot å selje brent sølv til geistlege som kom sommaren 1280.²⁰⁵ Det vart slått fast i statuttet at klerkane var fri frå alle tyngsler som lekmenn legg på dei. Kongen eller dei som styrde på vegne av han kunne dermed ikkje legge ned forbod om å selje brent sølv eller andre gjenstandar til geistlege. Viss dei likevel vart gjort skulle dei ansvarleg bannlysast.²⁰⁶ Charles Joys og Eldbjørg Haug har peika på at også § 7. 7 i statuttet kan sjåast på som ein direkte konsekvens av lovgjevinga til kongemakta.²⁰⁷ Her vert det slått fast at dei som utferdar skipaner mot rettsstillinga til kyrkja skal bannlysast viss dei ikkje tar slike forordningar ut av lovbøkene. Dei som vel å dømme etter slike lover skulle kome i det same bannet.²⁰⁸ Her ville konsilet ramme alle slags type krenkingar av kyrkja som kunne kome, samstundes som dei ramma dei som allereie hadde utferda slike. Formyndarstyret til kong Eirik fekk her ei åtvaring; enten måtte dei ta rettarbota ut av lovbøkene ellers kom dei i bann. Ein ser altså at statuttet både generelt og meir spesifikt er bygd opp som eit forsvar mot framferda til kongemakta.

Konklusjon

I dette kapittelet har vi sett nærmare på provinsialkonsilet i 1280. Føremålet med dette konsilet kan ha vore å få kristenretten til erkebiskop Jon lovtatt eller få rettsstillinga til kyrkja stadfesta ved å ta opp sættargjerda i eigen kyrkjeleg lovgjeving. Det kan også ha vore slik at erkebiskopen allereie i 1278 merka dei anti-kyrkjelege tendensane hjå kongen sine handgangne menn og derfor ynskte eit konsil for å drøfte tiltak for å forsvare kyrkja si stilling. Forandringane som kom etter kong Magnus sin død forandra drastisk tilhøva til kyrkja, og slik statuttet er bygd opp er det tydleg at det innebar eit forsvar mot kongemakta si åtferd. Før vi startar ei undersøking over korleis dette forsvaret vart brukt av biskop Arne Torlaksson på Island, skal vi i det neste kapittelet undersøkje omtala av provinsialstatuttet frå 1280 i *Biskop Arnes saga*.

²⁰⁵ DN I nr.73. RN II nr.294. Sjå Seip, Jens Arup. (1942) s.152. Forholdet til sættargjerda vart tidlegare diskutert i teksten s.24.

²⁰⁶ *Provinsialstatuttet 1280* § 6.

²⁰⁷ Joys, Charles. (1955) s.333. Haug, Eldbjørg. (2003) s.99. Denne paragrafen har P. A. Munch hevda er inspirert av vedtak 44 frå det fjerde lateran konsil (1215) sjølv om den er meir generell enn den vi finn i statuttet.

Munch, P. A. (1859) s.9. Sjå *Fourth Lateran Council (1215)*, Canon 44 I Schroeder, H. J. (1937) s.275.

²⁰⁸ *Provinsialstatuttet 1280* § 7. 7.

3. Omtalen av provinsialstatuttet frå 1280 i *Biskop Arnes saga*

I *Biskop Arnes saga* finn vi ulike syn på provinsialstatuttet frå 1280 og lovgjeving generelt. Omtalen kring statuttet er svært avgrensa, men tilhøva kring lovtakinga av den islandske lovboka *Jónsbók* i 1281 kan gje oss viktig innsikt i haldningane til dei to ulike partane. Korleis vart provinsialstatuttet frå 1280 sett på i samtida?

Det er eit viktig atterhald med ei slik analyse sidan framstillinga av argumenta dei ulike aktørane kjem med er attgjeve av sagaforfattaren. Dei representerer dermed ikkje nødvendigvis faktiske utsegn, men kan vere ei tolking av situasjonen frå forfattaren si side. Ein kan likevel hevde at sjølv om synspunkta til dei ulike aktørane kanskje ikkje er ordrett attgjeve, gir dei iallefall essensen i dei ulike standpunkta til partane.

Lovtakinga av *Jónsbók* i 1281

Jónsbók, oppkalla etter lagmann Jón Einarsson, var Island si landslov.²⁰⁹ Island hadde sine egne lover sjølv om dei var under den norske kongen si myndigheit. For at ei norsk lov skulle vere gjeldande for islendingane måtte den godkjennast på Alltinget. *Jónsbók* har hatt Magnus Lagabøte si landslov frå 1274 som grunnlag, og er meint som ei erstatning for *Járnsíða* frå 1271.²¹⁰ Kong Magnus hadde utferda ei kunngjering til det islandske folket truleg kort tid før han døydde 9. mai 1280, der han fortel kvifor det vart gjort ein revisjon av lovboka og kva for bolkar ho bestod av.²¹¹ Kong Eirik har då etter faren sin død sendt ein instruks til Lodin Lepp om å reise til Island og få lovboka lovtatt.²¹² Lodin hadde tidlegare vorte brukt av både kong Håkon Håkonsson (1204-1263) og kong Magnus Lagabøte til fleire viktige sendeferder.²¹³ Det var altså ein erfaren sendemann kongemakta no sendte til Island, noko som tyder på at lovtakinga av *Jónsbók* var ei prioritert sak for den norske kongemakta.

Lodin Lepp, saman med lagmann Jon Einarsson, kom til Island sommaren 1280.²¹⁴ Tida fram til Alltinget i 1281 skal dei ha brukt til kunngjering av bodskapen frå kongemakta og for å ta

²⁰⁹ Namnet *Jónsbók* går så langt tilbake som byrjinga av 1300-talet, men vert vanlegvis omtalt i kjeldene som "landslagabókin" (landslovsboka), "lögbókin" (lovboka) eller berre "bókin" (boka), Lárusson, Mágnum Már. (1962) sp.612-613. Eg vel å bruke omgrepet *Jónsbók* i nokre samanhengar sjølv om omgrepet ikkje nødvendigvis vart brukt på 1280-talet.

²¹⁰ Lárusson, Mágnum Már. (1962) sp.613-615.

²¹¹ DI II nr.78. RN II nr.238.

²¹² *Biskop Arnes saga* s.76.

²¹³ Helle, Knut. (1972) s.592.

²¹⁴ *Biskop Arnes saga* s.76.

imot truskapseidar frá folket. Truskapseidane innebar “á sverge dem [kong Eirik og hertug Hákon] land og troskap”[Mi tilføyning].²¹⁵ Hyllinga av kong Eirik og hertug Hákon má ein sjá i samanheng med dødsfallet til kong Magnus Lagabøte og kroninga av sonen Eirik Magnusson i 1280. Det var ei handling som understreka truskap frá det islandske folket til dei nye makthavarane. Slik det vart framstilt i *Biskop Arnes saga* avla folket desse truskapseidane utan nokon innvendingar. Spesielt vert det påpeika at biskop Arne viste seg som ein sann venn av kongedømet og at nevøen til biskopen, Loft Helgesson, avla eiden saman med bøndene.²¹⁶ Loft vert seinare anklaga for landssvik av Lodin, men dette vil eg kome tilbake til nedanfor (s.45).

Sjølv om det var pålagt at den nye lovboka skulle gjelde som ny lov, var det fleire av folket som viste misnøye: “Folk mente at mange bestemmelser, både når det gjaldt ubotemål og andre forhold, var strengere enn folket i landet var tjent med”.²¹⁷ Ubotamål var lovbrot som var så alvorlege at dei ikkje kunne straffast med bøter. Eit slikt lovbrot vart straffa med at vedkommande vart lyst fredlaus. Personen kunne ikkje i slike tilfelle løyse seg frå straffa.²¹⁸ Viktigare for vårt føremål er at også biskop Arne meinte at mykje av innhaldet i boka var mot Guds lov og at Jónsbók derfor ikkje kunne lovtakast i sin heilskap.²¹⁹ Misnøya skapte grunnlag for at tre ulike grupper skreiv ned kva dei ikkje kunne godta med den nye lovboka og kunngjorde det på lagtinget. Den første gruppa bestod av biskop Arne, geistlege og biskopen sine vener. Den andre gruppa var dei håndgangne menn, og den siste gruppa var bøndene.²²⁰ Lodin Lepp som hadde fått instruks av kongen om å få Jónsbók lovtatt reagerte sterkt på at andre enn kongen “tenkte på å gi lover i landet, lover som kongen alene skulle rå for”. Han las opp kongebrevet som trua med “kongens vrede” viss ein ikkje lot lovboka lovtá.²²¹

²¹⁵ *Biskop Arnes saga* s.80. “Þegar hann [Lodin Lepp] hafði sétt ráð fyrir skipi ok varnaði sínum fóru þeir herra Jón lögmaðr þingum yfir landit með boðskap herra Eiríks konungs ok herra Hákonar hertoga ok létu sverja þeim land og þegna hvar sem þeir fóru, ok létu menn skjótt til þess”. *Árna saga byskups* s.85-86.

²¹⁶ *Biskop Arnes saga* s.80. Bondeiden som Loft dá har sverga er formulert i *Magnus Lagabøters Landslov* II, kap.12.

²¹⁷ *Biskop Arnes saga* s.80. “Fannz mönnum svá sem margir hlutir væri í henni mjök frekir um óbótamál ok aðra hluti þá sem óhentir vóru landsbúinu.” *Árna saga byskups* s.86.

²¹⁸ NgL V s.655.

²¹⁹ *Biskop Arnes saga* s.80.

²²⁰ *Biskop Arnes saga* s.80-84. DI II nr.87. RN II nr.[279]. DI II nr.88. RN II nr.[280]. RN II nr.[281].

²²¹ *Biskop Arnes saga* s.84. “Herra Loðinn varð við þetta mjök heitr at búkarlar gerðu sik svá digra at þeir hugðu at skipa lögum í landi, þeim sem konungr einn saman átti at ráða. [...] Eptir þat lætr hann lesa konungsbréf þat er honum bauð þat at láta lögleiða bókina, ok kvað hann reiði mundu sæta þá sem öðruvís gerðu.” *Árna saga byskups* s.93-94.

Biskop Arne sin respons til utsegna frá Lodin Lepp var å vise til provinsialstatuttet frá 1280: “Biskopen sa han hadde erkebiskop Jons brev med forbud mot å lovtá mye av det som stod i boken”. Deretter vart provinsialstatuttet frá 1280 lest opp til forsamlinga med alle sine bannsartiklar.²²² Utgjevarane av *Regesta Norvegica* II, Sverre Bagge og Narve Bjørge, reknar forbodet frá erkebiskopen mot å lovtá lovboka som ei separat forordning utferda på provinsialkonsilet i 1280 og dermed ikkje som ein del av statuttet.²²³ Dette er ei mogleg tolking, men eg trur at når det vert referert til *bréf Jóns erkibyskups* kan det like godt dreie seg om statuttet som eit eige brev utferda på det same konsilet.²²⁴ Dette framstår som meir truleg når ein ser på den vidare forteljinga av hendinga i sagaen der det vert skriva at no som tingmennene har høyrd kva som stod i statuttet ville dei forstå kor stor skilnad det var mellom innhaldet i lovboka og det som erkebiskopen hadde påbode.²²⁵ Det vert altså sett eit likskapsteikn mellom det som erkebiskop Jon hadde forordna og statuttet. Vidare viser Lodin berre til eitt brev når han kritiserer biskopen for at han nektar å samtykkje i ei lovtaking av lovboka, og det er det som biskopen lot lese opp, nemleg statuttet. Statuttet vert også omtalt av Lodin som *bréf Jóns erkibyskups*, noko som var ein vanleg måte å referere til statuttet på.²²⁶ I tillegg ville det ha vore ei ekstra understreking av forboda i statuttet viss erkebiskopen utferda ei tilleggsforordning på konsilet. Biskop Arne hadde allereie eit lovverk utferda med heimel hjá alle biskopane i den norske kyrkjeprovisen, inkludert erkebiskopen. Eg vil derfor hevde at det som Bagge og Bjørge har valt å rekne som ei separat forordning frá konsilet basert på omtalen i *Biskop Arnes saga* eigentleg berre er ein annan nemning for statuttet; *bréf Jóns erkibyskups*. Likevel er det slik at uavhengig om mi tolking er rett eller ikkje brukar biskop Arne bevisst statuttet for ikkje å lovtá lovboka sidan han las det opp til forsamlinga på Alltinget for å vise kor mange lovbrot dei gjorde seg skuldige om dei samtykka i ei lovtaking.

Biskop Arne hevda at skilnadane mellom det som stod i *Jónsbók* og det som stod i statuttet var så store at ein på grunnlag av forboda i statuttet ikkje kunne lovtá boka.²²⁷ Akkurat kva for kapittel i *Jónsbók* biskop Arne var mot vert utdjupa i sagaen på fleire sider. Fleire av desse gjaldt kyrkja sin stilling, men det var også ein del som gjaldt meir álmenne saker som at fe

²²² *Biskop Arnes saga* s.85. “Byskup segir at hann hafi þat bréf Jóns erkibyskups er bannaði at lögleiða marga hluti þá sem í bókinni stóðu.” *Árna saga byskups* s.94.

²²³ Sjá kommentarane til utgjevarane knytt til RN II nr.[253].

²²⁴ *Árna saga byskups* s.94.

²²⁵ *Biskop Arnes saga* s.85.

²²⁶ *Biskop Arnes saga* s.85-86.

²²⁷ *Biskop Arnes saga* s.85.

skulle verte henta frå fellesbeite når det var fire veker igjen av sommaren.²²⁸ Av kapittel biskop Arne ikkje kunne godta på grunnlag av kyrkja si rett kan ein spesielt nemne avgjersla om at det skulle vere ein felles lagmann for både verdslege og kyrkjelege saker.²²⁹ Dette stridde mot sjølvle ånda i statuttet frå 1280 som hevda at når det kom til saker som involverte kyrkja skulle kyrkja ha domsrett. Lekmenn hadde ikkje myndigheit til å gje lover eller dømme innfor kyrkja sitt område; det var snakk om sjølvstendig kyrkjeleg jurisdiksjon i eigne saker.²³⁰ I forlenginga av denne motstanden kunne ikkje biskop Arne tillate dei andre kapitla i Jónsbók som sa lov på nettopp kyrkja sitt område. Dette gjaldt avgjerslene om kjetteri, ekteskap, tiende også vidare.²³¹

Biskop Arne gjekk vidare inn på sættargjerda frå 1277 som han hevda vart broten viss lovboka vart lovtatt. Viktigast for biskop Arne var spørsmålet om jurisdiksjonen:

Der [Sættargjerda] står det at biskopen, og ikke legfolk, skal si lov i alle saker som gjelder Den hellige kirke; han skal undersøke dem og dømme i dem. Den verdige kong Magnus hadde for seg selv og sine arvinger og alle etterkommere overfor kirken gitt avkall på all den makt eller rett han eller hans forgjengere, Norgesveldets formenn, hadde hatt eller syntes å ha som følge av hevd etter landets lover om slike forhold.²³²

Det kjem klart fram i biskop Arne si tale ovanfor at når det kom til lovgjeving og domsrett innanfor kyrkja sitt område skulle kyrkja få bestemme sjølv, den verdslege makta hadde her ingen innverknad. At sættargjerda og spesielt avgjerslene om at kyrkja sin jurisdiksjon ikkje skulle krenkjast var og nedskrive i provinsialstatuttet frå 1280:

[...] Det har me og fastsett stødig at i fall nokon lekmann tek under seg til forhøyr og ransaking eller dom slike saker som berre skal dømast for styresmennene i den heilage kyrkja, og lekmannen soleis vanvyrder den lovlege domaren i saki og med vitende bryt sættargjerdi som vart gjord millom kongemakti og kyrkja og vart stadfest frå bae sider med eidar, eller den mann som dreg ein klerk med tvang inn under lekmenns dom, eller lekmen som dømmer um kyrkje-eigedomar eller klerkar utan at dei som skal råda, er spurde eller når dei mæler imot, då feller den lekmannen over seg fullkome bann av sjølvle gjerningi.²³³

Statuttet gir ein heimel for bannlysing ved sjølvle gjerninga ved brot på konkordatet og då spesielt kyrkja sin frie jurisdiksjon. Vidare vert det i statuttet lista opp dei sakene som spesielt vart avtalt skulle ligge under kyrkja sin jurisdiksjon i sættargjerda. Desse avgjerslene er som

²²⁸ *Biskop Arnes saga* s.81-83.

²²⁹ *Biskop Arnes saga* s.81.

²³⁰ *Provinsialstatuttet 1280* s.42-51.

²³¹ *Biskop Arnes saga* s.81-83.

²³² *Biskop Arnes saga* s.85.

²³³ *Provinsialstatuttet 1280* § 6.

kopierte ut frå konkordatet.²³⁴ Biskop Arne handla altså også her i tråd med statuttet når han viste til sættargjerda.

At statuttet inneholdt avgjersler som la straff på dei som braut konkordatet treng derimot ikkje å vere årsaka til at det spesielt vert nemnt. Sættargjerda hadde stadfesta tidligare kyrkjelege rettar og gitt nye. Konkordatet var derfor svært viktig på sine eigne premissar. Viktigheita til konkordatet vert jo nettopp understreka med at det vert nemnt i statuttet. Det kan tenkjast at biskopen ville vise til sættargjerda sidan det var eit konkordat og dermed ikkje rein kyrkjeleg lovgjeving slik som statuttet var. Det var eit forlik mellom kongemakt og kyrkje. At grunnlaget for nektinga mot lovboka også kunne finnast i slik lovgjeving kunne gje forsvaret til biskop Arne meir tyngde. Samstundes kan ein seie at statuttet gjaldt alle sidan straffa for å bryte nokon av føresegnene, og føresegnene sjølve, gjaldt alle og kunne dermed ramme alle. Grunnlaget til biskop Arne for å inkludere begge deler kan ganske enkelt vere å ha støtte i fleire rettskjelder. Dette er den første og siste gongen vi ser at biskop Arne viser til sættargjerda i argumentasjonen sin mot framferda til lekmennene.

I tillegg til provinsialstatuttet og sættargjerda viste biskopen til den gamle kyrkjelege fridomen vedtatt på Alltinget i 1253 “at der Guds lov og landets lov ikke stemmer overens, skal Guds lov alltid rå [...]”.²³⁵ Som eit fjerde forsvarsgrunnlag viste biskopen til den nye kristenretten.²³⁶ Mágnus Már Lárusson meiner at det her er snakk om den yngre kristenrett frå 1275.²³⁷ Dette må vi sjå som sannsynleg sidan kristenretten lovtatt i 1275, oppkalla etter biskop Arne (*Kristinréttur Árna Þorlákssonar*), var utarbeida av biskop Arne etter råd frå erkebiskop Jon.²³⁸ Biskop Arne forfatta lite av teksten i kristenretten sjølv, men var lovredaktøren bak kristenretten som han baserte på fleire ulike kjelder. Han har henta inspirasjon og tekst frå både erkebiskop Jon og kong Magnus sine kristenrettar, men også *Kristinna laga þáttur*, den eldre islandske kristenretten.²³⁹

I Lárusson sin leksikonartikkel om lovtakinga av Jónsbók i KLNLM listar han opp grunnlaget for kritikken av lovboka frå biskop Arne. Det er her interessant at han ikkje nemnar

²³⁴ *Provinsialstatuttet 1280* § 6. NMD nr.29 [2.].

²³⁵ *Biskop Arnes saga* s.85-86. DI II nr.1.

²³⁶ Lodin Lepp tar med den nye kristenretten som eit av argumenta til biskop Arne mot lovtakinga, *Biskop Arnes saga* s.86.

²³⁷ Lárusson, Magnús Már. (1962) sp.615.

²³⁸ *Biskop Arnes saga* s.38 og 49.

²³⁹ Stefánsson, Magnús. (1984) s.59-65. Sjå også Spørck, Bjørg Dale. (2006) s.84-86 og 91-92, og Beistad, Heidi Anett Øvergård. (2008) s.29-30.

provinsialstatuttet frå 1280.²⁴⁰ Som sagt ovanfor byrjar biskop Arne si motstandstale nettopp med at ei lovtaking vil stride mot statuttet og kan derfor ikkje godkjennast.²⁴¹ Årsaka til at Lárusson ikkje har tatt med statuttet er uvisst, men det viser igjen kor lite merksemd statuttet har fått i tidlegare forskingslitteratur.

Argumentasjonen som biskop Arne kjem med mot lovtakinga av Jónsbók vil derimot ikkje Lodin godta. Ifølgje sagaforfataren skal han ha reagert “med sinne” på biskop Arne si tale og forsamlinga sin samtykkande respons til den. Svaret han ga til biskopen byrja med eit angrep på autoriteten til provinsialstatuttet:

Det brevet som De, herr biskop, lot lese opp, inneholder meget som vi er helt enige i, men jeg trodde likevel ikke at de som utstedte det, hadde rett til å gi slike bestemmelser for alle.²⁴²

Då Lodin stilte spørsmål ved autoriteten til utferdarane gjekk han direkte inn på spørsmålet om jurisdiksjon. Kort oppsummert hevdar Lodin at statuttet ikkje hadde noko legislativt mynde, det var berre kongen som skulle og kunne gje lover. Lodin viser her tankegangen som var rådande hjå formyndarstyret til kong Eirik. Formyndarstyret gjekk tilbake på sættargjerda og hevda at kongen hadde full lovgjevingsmakt også på saker innanfor området til kyrkja.²⁴³ Synet til Lodin vert understreka seinare i sagaen når han svarar biskop Arne:

De uttalte, herr biskop, at De ville følge brevet til erkebiskop Jon, videre forliksbrevet til erkebiskopen og kong Magnus, og den nye kristenretten, og vedtaket om at Guds lov skal gå foran landets lover. Men jeg vil ikke gå med på noe av dette, og aldri har jeg noen sted, hverken til lands eller til vanns, opplevd at en konges rettigheter ble tråkket på slik som her, og da særlig av biskopene.²⁴⁴

Ifølgje Lodin var det å gå mot ei lovtaking av Jónsbók det same som å motseie kongen sin rett til å seie kva som skulle vere lov. Kongemakta ville ikkje anerkjenne statuttet, sættargjerda, kristenretten til biskop Arne eller Alltingsvedtaket frå 1253 som gjeldande lov. Dei av lekmennene som valte å støtte biskop Arne i ikkje å lovt lovboka kalla Lodin for landrådemenn, altså ein person som var skuldig i svik mot kongemakta.²⁴⁵ Då Lodin stilte spørsmål ved autoriteten til provinsialkonsilet gjekk det på å forsvare kongen sin suverenitet over lovgjevinga. Biskop Arne derimot hevda at kyrkja hadde fri kyrkjeleg jurisdiksjon på

²⁴⁰ Lárusson, Magnús Már. (1962) sp.615.

²⁴¹ *Biskop Arnes saga* s.85.

²⁴² *Biskop Arnes saga* s.86.

²⁴³ Dette ser vi på måten paragrafar i rettarbota frå 1280 gir lover på kyrkja sitt område, sjå kapittel 2. Ei slik haldning hjå kongemakta vert også nemnd i *Biskop Arnes saga* s.91.

²⁴⁴ *Biskop Arnes saga* s.86.

²⁴⁵ *Biskop Arnes saga* s.87.

alle åndelege områder og dette skulle ikkje kongemakta ha noko rett til å påverke. Ein slik tankegang var i tråd med sættargjerda. Provinsialkonsilet hadde også legislativt mynde som ei forsamling av biskopar. Kyrkja var den einaste vegen til frelse og det var biskopane si plikt å vise menneska denne vegen ved å lære dei kva som var rett og gale. Dette ga dei autoritet til også å gje lover som tente målet om å oppnå frelse.²⁴⁶ På provinsialkonsilet i 1280 var tilnærma alle biskopane i provinsen samla saman med erkebiskopen og eit slikt konsil hadde difor meir tyngde i avgjerslene dei kom fram til enn avgjerslene til ein enkelt biskop.

Ein ser at konflikta mellom biskop Arne og Lodin grunnar i to ulike ideologiske standpunkt. Lodin Lepp går hardt ut og hevdar at kongen var einerådande på lovgjevinga, og at biskopane som hadde utferda statuttet ikkje hadde mynde til å utferde lovgjeving som gjaldt alle. Ei slik halding ser vi også hjå Ravn Oddsson som på Alltinget i 1284 uttalte at “Vi vet jo også at ingen andre enn kongen skal rå over lovene i vårt land”.²⁴⁷ Ravn vil heller ikkje sjå på bannlysingane til biskop Arne som gyldige så lenge dei som var bannlyste handla i tråd med kongeleg forordningar sjølv om dei då braut statuttet.²⁴⁸ Denne haldninga har vorte omtalt som ultra-rojalistisk.²⁴⁹ Med ei slik haldning vil dei ikkje sjå på forordningane i statuttet som gjeldande sidan det var kongen som var suveren i all type lovgjeving. Biskop Arne stod derimot for ei annan ideologisk retning som ga eit annleis svar på tilhøvet mellom kyrkje og kongemakt. Denne retninga kan vi kan spore heilt tilbake til pave Gelasius I (492-496), som ofte vert omtalt som Gelasius doktrina. Pave Gelasius hevda at den kristne verda vart styrd av to makter; ei verdsleg og ei åndeleg makt. Den verdslege makta peika på kongedømet, medan den åndelege på kyrkja. Desse skulle eksistere samstundes og vere klar over kvart sitt myndigheitsområde. Likevel var den åndelege makta heva over den verdslege, sidan det var kyrkja som måtte stå til ansvar for dei feiltrinn som kongedømet eventuelt hadde gjort då dommedag kom.²⁵⁰ Denne doktrina vart tatt opp igjen seinare av fleire pavar og kanonistar. Ein av dei mest kjende er pave Gregor VII (1073-85) som innleia ei reformrørsle, kalla for gregorianisme eller den gregorianske reform, som ville lausrive kyrkja frå verdsleg mynde og påverknad. Det innebar eit krav om kyrkjeleg kontroll over tilsetjing til kyrkjelege embete, kontroll over kyrkjelegdom og tilhøyrande gods, fri kyrkjeleg jurisdiksjon og

²⁴⁶ Hamre, Lars. (1979). Sjå kapittel 1 s.11.

²⁴⁷ *Biskop Arnes saga* s.113. “Svá vitum vér ok at engi á váru landi á lögum at ráða utan konungr [...]”. *Árna saga byskups* s.127.

²⁴⁸ *Biskop Arne saga* s.149. Dette tek vi også opp i kapittel 4 sjå f.eks. s.63.

²⁴⁹ Seip, Jens Arup. (1942) s.156.

²⁵⁰ Tierney, Brian. (1964) s.10-11. Canning, Joseph. (1998) s.35-36.

lovgevingsmynde på kyrkja sitt område.²⁵¹ Biskop Arne har i tråd med ein slik ideologi hevda at lekmenn kunne ikkje seie kva som skulle vere lov i åndelege saker. Tankegangen til den islandske biskopen ser vi også igjen hjå erkebiskop Jon Raude og forfattaren av *Biskop Arnes saga*.²⁵² I samband med stadamála skriv sagaforfattaren at når det kom til alt som var i Guds eige eller var gjort heilag var det forordningane til biskopane, blant anna statutt, som var gjeldande lov på dette området.²⁵³ Det er tydeleg eit krav om sjølvstendig kyrkjeleg jurisdiksjon i åndelege saker. Gelasius doktrina kan vi også sjå igjen i kong Magnus Lagabøte si lovgjeving. I Landslova til kong Magnus står det: “[...] den samme Gud har skipet kongedømmet til verdslig myndighet som biskopen til åndelig”.²⁵⁴ Det er eit klårt uttrykk for ei slik deling av myndigheitsområde som pave Gelasius uttrykte. Likevel ville ikkje kong Magnus godkjenne at erkebiskop Jon skulle utforme kristenretten på eigenhand; den skulle utformast under eit samarbeid mellom konge og erkebiskop.²⁵⁵

Sjølv om Lodin fordømde den legislative mynda til statuttet er det interessant at folket meinte sjølv at statuttartiklane var gyldige også for dei. Det kjem klårt fram etter at biskop Arne las opp alle bannsartiklane i statuttet til forsamlinga. Forsamlinga reagerte med å rope at det var umogleg for dei “å stå under førti ubotemål som stod i boken [Jónsbók], og trettifem bann saker som stod i statuttet”.²⁵⁶ Folket kunne ikkje forhalde seg til to motstridande lovverk. Det vart til slutt avgjort at Jónsbók skulle lovtakast utanom dei kapitla i lovboka som det vart avgjort at erkebiskopen og kongen skulle avgjere i fellesskap. Lodin vann altså fram med sin argumentasjon. Dei som hadde støtta biskop Arne i ikkje å lovta lovboka kalla han for landrådemenn og stevna dei til Noreg for å svare for seg. Blant desse var nevøen til biskopen, Loft Helgeson.²⁵⁷ I tillegg til å vere i slekt med biskop Arne var Loft forstandaren over bispestolen på Skálholt.²⁵⁸ Saman med Loft var det også sju andre lekmenn som valte ikkje å møte kongen sitt pålegg om lovtaking av boka; Arngrim Teitsson, Snorre frå Ásar, Orm frå Reynir, Alleiv Kløngsson, Eiliv Ossurson, Sigfus Stabbe og Magnus Petersson.²⁵⁹ Som med Loft heng truleg valet deira om å støtte biskopen saman med slektskap eller venskap med biskop Arne. Alle var enten i familie med biskop Arne eller kom frå same stad som biskopen

²⁵¹ Sigurðsson, Jón Viðar. (2003) s.122.

²⁵² At biskop Arne og erkebiskop Jon hadde eit slikt syn vert også eksplisitt formulert i *Biskop Arnes saga* s.38.

²⁵³ *Biskop Arnes saga* s.105.

²⁵⁴ NMD nr.28 s.134.

²⁵⁵ Sjå kapittel 2 s.20.

²⁵⁶ *Biskop Arnes saga* s.85.

²⁵⁷ *Biskop Arnes saga* s.87.

²⁵⁸ Stefánsson, Magnús. (1984) s.114.

²⁵⁹ *Biskop Arnes saga* s.87.

vaks opp, Síða i Skaptafellsping.²⁶⁰ Stevninga til Noreg vart ikkje tatt imot med glede. Ei slik innkalling til å møte i Noreg framfor kongen for å drøfte si sak var ei stor økonomisk belastning sidan det var ei dyr reise og den stevna måtte som oftast rekne med eit utanlandsopphald i Noreg på opp i mot eit år.²⁶¹ Lodin hevda at det var hovudsakleg Loft som hadde gjort seg skuldig i svik mot kongen sidan han hadde svergja falsk eid til kongen.²⁶² Tiltala frå Lodin kan ha samanheng med hyllingseiden han avla til kong Eirik og hertug Hákon seint på året 1280 eller våren 1281. Her lovde han å vere tru mot kongen, noko Lodin hevda Loft ikkje var då han gjekk mot forordninga til kongen om at lovboka skulle lovtakast. Det var også berre Loft som reiste til Noreg for å diskutere anklagane med kongen, dei andre sju vart det krevd bøter frå for å ha brote påbodet til kongen, bréfabrot.²⁶³ Loft reiste til slutt til Noreg i 1283 og fekk etter ei tid tilgjeving frå kongen og vart ein av kongen sine håndgangne menn. Sommaren 1287 fekk han løyve frå kongen til å reise tilbake til Island.²⁶⁴

Konklusjon

Tilhøva kring lovtakinga av Jónsbók viser at det var ulike syn på provinsialstatuttet frå 1280 i samtida. Kongemakta, her representert av Lodin Lepp, hevdar at biskopane ikkje hadde myndigheit til å utferde lover som skulle gjelde alle. Statuttet var derfor ikkje gyldig lov. Biskop Arne på side hevda derimot gyldigheit for forordningane i statuttet og brukar det bevisst mot lovtakinga av Jónsbok. Det islandske folket skal ha følt seg pliktige til å følgje statuttet sidan dei skal ha klaga over alle forboda som var i statuttet på same måten som dei klaga over alle ubotemåla som var i den verdslege lovboka. Dei ulike syna på statuttet si gyldigheit som lovverk heng saman med to motstridande ideologiar hjå partane kring tilhøvet mellom kyrkje og kongemakt. Medan Lodin Lepp hevdar at kongen er suveren i lovgjevinga, hevdar biskop Arne at makta til å styre er delt mellom det verdslege og det åndelege, der kyrkja har rett på fri kyrkjeleg jurisdiksjon innanfor sine åndelege saker.

²⁶⁰ *Biskop Arnes saga* s.87. Stefánsson, Magnús. (1984) s.114-115.

²⁶¹ Stefánsson, Magnús. (1984) s.178.

²⁶² *Biskop Arnes saga* s.87.

²⁶³ *Biskop Arnes saga* s.116. NgL V s.113.

²⁶⁴ *Biskop Arnes saga* s.96-97 og 121-122.

4. Bruken av provinsialstatuttet frå 1280

I tidlegare kapittel har vi sett på tilhøva kring utferdinga av provinsialstatuttet og ulike haldningar til statuttet si lovgjevingsmynde. I dette kapitlet skal vi sjå korleis kyrkja prøvde å forsvare seg i konflikta som utvikla seg ved å drøfte bruken av statuttet. Korleis vart statuttet brukt av biskop Arne for å fremje kyrkja sin rett på Island i 1280-åra? Som nemnt tidlegare inneheldt statuttet fleire bannsmål. Viss ein då ser på bannlysingane biskopen kjem med kan ein sjå om grunngevinga for straffa kan ha heimel i statuttet. Analysen er delt inn etter type straff, noko som fører til at ei nærmare definering av kyrkjeleg straff vil kome først. Eg har også valt å ha med ein siste del i analysa avgrensa til stadamennene. Dette er menn som hadde tatt råderett over stader eller bondekyrkjer mot kyrkjeleg lov. Kva for straff desse vart pålagde av biskop Arne endrar seg og det er derfor føremålstenleg å handsame bannlysingane av dei for seg.

Kyrkjeleg straff

Det er to hovudtypar av kyrkjelege straffer; *poenae vindicativae* og *poenae medicinales*, den siste også omtalt som *censurae*.²⁶⁵ *Poena* er latin for straff. *Poena vindicativa* (*vindicta* lat. hemn/straff) er ei straff som skulle gjere opp for det som var gjort gale. Føremålet var å refse for brotsverket. Måten dette var gjort på var at vedkommande frivillig angra på åtferda og utførte botsgjerningar som skulle vege opp for synda. Bot er ei av dei sju sakramenta i den katolske kyrkja og inneheld tre ulike prosessar. For det første må ein angre. Deretter kjem skriftemålet der ein erkjennar sine synder, og til slutt må ein utføre gjerningar som skal bøte for synda. Botsgjerningane varierte frå bøter, krav om bøn, faste eller almisse. *Poena vindicativa* omtalast derfor ofte som botsstraff. *Poena medicinalis* derimot var ei medisinsk straff, og vert derfor ofte omtalt som lækjande. Det betyr ei straff som skulle føre til forbetring av syndaren slik at han tar avstand frå sine dårlege handlingar.²⁶⁶ I provinsialstatuttet frå 1280 finn ein fleire formuleringar som viser tilbake til synet på straff som lækjande. Rolla til biskopen vert samanlikna med rolla til ein lækjar: “oss som er sette til lækjaren for sjælene”. På same måten som ein lækjar har biskopen ansvar for å rettleie mennesket i korleis ein best tek vare på si eiga helse. For lækjaren gjeld dette den fysiske helse, medan det for biskopen gjeld den åndelege. Ein lækjar bør fortelje korleis ein bør leve

²⁶⁵ Hamre, Lars. (†2003, b) s.198-99.

²⁶⁶ Haraldsø, Brynjar. (1999) s.166. Hamre, Lars. (†2003, b) s.198-199.

livet, men også kva som er skadeleg. Det same gjeld biskopen, han må opplyse om dei forboda som er og kva for straff brot på dei førar til slik at mennesket får rett åndeleg styring.²⁶⁷ Det er innanfor poenae medicinales vi finn ekskommunikasjon eller bannlysing og suspensasjon. Målet med desse var altså å rettleie menneska til å kome attende på den rette vegen og vise lydnad til kyrkja, slik det også står formulert i statuttet: “[...] å dra sedene og åtferdi deira på rett veg til betring.”²⁶⁸

Ekskommunikasjon eller bannlysing utestengde den skuldige frå den kyrkjelege felleskapen på ymse vis. Ein bannlyst fekk avgrensa tilgang til gudsteneste, sakramenta og personen sin rettslege kompetanse kunne verte svekka.²⁶⁹ Kor langt denne utestenginga strakk seg var avhengig av kva for bannlysing vedkommande hadde pådratt seg. I mellomalderen skilja ein mellom *excommunicatio major* (det store bannet) og *excommunicatio minor* (det mindre bannet). Dette skiljet er flytande. Det er snakk om korleis det burde vere, men som vi vil sjå er skiljet diffust når det kjem til bannlysing i praksis. I denne oppgåva vel eg å bruke omgrepet bannlysing i stadenfor ekskommunikasjon, noko som inneber at eg vil bruke omgrepa det store bann og det mindre bann. Det mindre bann vert ofte omtalt som interdikt eller forbod, og eg vil hovudsakleg bruke forbod om det mindre bann.

Felles for det store bann, forbod og suspensjon er måten dei må påleggast den skuldige. Sidan straffa berre gjeld dei som ikkje frivillig vil bøte for sine handlingar, men må lækjast ved hjelp av straff, skal vedkommande få fleire advarslar eller påminningar om å gå vekk frå si syndige åtferd. Det er vanlegvis snakk om tre slike påminningar. Viss den skuldige ikkje forbetrar seg etter desse påminningane, skulle bannet lysast.²⁷⁰ Denne praksisen finn vi døme på i *Biskop Arnes saga* der Åsgrim Torsteinsson vart lyst i forbod av biskop Arne etter tre advarslar slik som Guds lov påla.²⁷¹ Denne typen bannlysing vert omtalt som *excommunicatio ferendae sententiae*. Det er derimot enkelte tilfelle der desse påminningane eller advarslane fell vekk. Det dreiar seg då om *excommunicatio latae sententiae*, bannlysing ved sjølve verket. *Ferendae sententiae* og *latae sententiae* er rettslege omgrep der det første tyder at ein dom skal illeggast medan det siste omgrepet kan omsetjast med ein dom som allereie er avgjort. Hamre forklarar skilnaden slik:

²⁶⁷ *Provinsialstatuttet 1280* § 7.

²⁶⁸ *Provinsialstatuttet 1280* s.42.

²⁶⁹ Seierstad, Andreas. (1959) sp.77-78. Cross, F. L. (red.) (1974) s.490. Haraldsø, Brynjar. (1999) s.30-31. Hamre, Lars. (†2003, b) s.199.

²⁷⁰ Seierstad, Andreas. (1959) sp.80. Hamre, Lars. (†2003, b) s.199.

²⁷¹ *Biskop Arnes saga* s.96.

Ein skil difor mellom *censurae ferendae*, sensurar som må ileggast og kunngjerast for vedkomande av den rette, kompetente domar, i regelen biskopen, og *censurae latae sententiae*, sensurar som oppstår ved sjølve gjerninga, *ipso facto*, af sjólfa verkini.²⁷²

Skilnaden var altså at i tilfelle med *excommunicatio ferendae sententiae* fekk den skuldige oppmodingar om å forbetre seg. Om det ikkje skjedde noko forbetring skulle dommaren, vanlegvis biskopen, avgjere kva for dom vedkommande skulle få. Eit slikt bann måtte altså ileggjast og forkynnast for syndaren. I tilfelle med *excommunicatio latae sententiae* fekk den skuldige straff automatisk med utføringa av gjerninga. Dommen var då avgjort på førehand i kyrkjeleg lovgjeving. Det var vanleg også ved denne typen bannlysing at bannet vart kunngjort for syndaren.²⁷³ Det var ved spesielt grove misgjerningar mot kyrkja at det vart snakk om bannlysing ved sjølve verket, slik som vald mot ein klerk. Derimot vart ikkje bann med sjølve gjerninga rekna som den alvorlegaste, men *excommunicatio ferendae sententiae* sidan det då var snakk om ei formell bannlysing. Då visste fleire at ein var i bann. Ved bannlysing med sjølve gjerninga var det ofte slik at bannet vart lyst over ei større gruppe med menneske, noko som gjorde det vanskeleg å vite kven som faktisk var i bann. Ofte vart også denne typen bannlysing brukt i ein så stor grad over fleire typer misgjerningar slik at det mista delar av si gjennomslagskraft.²⁷⁴

Eit mogleg problem med pålegginga av kyrkjeleg straff var at dei bannlyste kunne hevde at dei ikkje kjende til lovene dei vart dømde etter viss bannet berre hadde heimel i kanonisk rett. I prinsippet var det slik at alle kristne var pliktige til å følgje kanonisk rett, men det kunne ikkje nødvendigvis nyttast av biskopen som gyldig rettsgrunnlag før det vart tatt opp i den heimlege retten slik som i kristenrettane eller statuttlovgjevinga i kvart land. Den som vart straffa av biskopen med bann etter kanonisk rett utan heimel i heimleg rett kunne hevde at han vart utsett for rettsvillfaring; ikkje kjennskap til rettsreglane han vart dømd etter. Ei lov kunne ikkje vere gyldig eller bindande før den vart kunngjort ovanfor alle som den skulle gjelde for.²⁷⁵ Rettsvillfaring kunne også vere eit problem når det kom til bannlysing med sjølve verket viss kunngjeringa av bannet ikkje hadde vorte erklært med namn. Ein person kunne då nekte for at han var i bann. Denne problemstillinga vil vi ta fram døme på seinare i teksten og drøfte vidare i kapittel 5.

²⁷² Hamre, Lars. (†2003, b) s.199.

²⁷³ Seierstad, Andreas. (1959) sp.80-81. Hamre, Lars. (1979).

²⁷⁴ Seierstad, Andreas. (1959) sp.82.

²⁷⁵ Schroeder, H. J. (1937) *Commentary* s.5. Haug, Eldbjørg. (2013).

Ei anna problemstilling som er nødvendig å ta opp før vi byrjar analysa av bannlysingane etter 1280 er sjølvmotseiingane vi finn i provinsialstatuttet frå 1280 når det kom til kva for straff som skulle påleggast etter same type lovbrod. Eit lovbrod vert ofte tatt opp i fleire ulike paragrafar i statuttet der det nokon gongar skulle føre til forbod, medan andre stadar til det store bann. Dette er tilfellet der lekmenn krevde råderett over kyrkjeleg eigedom. I § 1 i statuttet ser vi at kyrkja krevde herredøme over kyrkjeleg eigedom. Alle som rana kyrkjene eller geistlege skulle bannlysast. Derimot er det ikkje spesifisert nærmare kva for type bann det er snakk om så paragrafen opnar for både det store bann og forbod. Dei andre paragrafane i statuttet som omhandlar råderetten over kyrkjene gir det store bann som passeleg straff viss lekmenn dømer om slike eigedomer eller krevjer råderetten.²⁷⁶ Ein kan tolke det slik at sidan resten av paragrafane som omhandlar det same lovbrodet gir det store bann som straff er det truleg at § 1 også gjer det. Likevel ser ein at biskop Arne både påleggjer stadamennene forbod og det store bann for lovbrodet, noko som tyder på at statuttet opna for begge straffene for det same lovbrodet. Kva for straff som skulle påleggast er altså ikkje konsekvent i statuttet. Nokon gongar var det slått fast at eit lovbrod var så alvorleg at det skulle føre til bannlysing med sjølve verket, medan det seinare kunne krevje *excommunicatio ferendae sententiae*. Her kan vi ta fram råderetten over kyrkjeleg eigedom igjen som døme. § 1 ville gje bannlysing med sjølve gjerninga, medan § 7. 6 og § 7. 14 truleg gjev *excommunicatio ferendae sententiae* for same lovbrodet.²⁷⁷

Denne motseiinga i statuttet vart sannsynleg løyst av kvar enkelt biskop. Som nemnt tidlegare hadde biskopen, som innehavar av *potestas iurisdictionis*, rett til å gje lover og dømme etter desse lovene, og derfor er det truleg rom for at biskopen kunne tilpasse straffa etter situasjonen. Der lovgjeving var uklår, slik som i provinsialstatuttet, er det sannsynleg at biskopen også her kunne tilpasse straffa etter kor alvorleg lovbrodet var. Ifølgje forfatternen av *Biskop Arnes saga* skal biskop Arne ha brukt ei slik tilnærming til straff i enkelte samanhengar: “Inntil vidare ville han [biskop Arne] utsette tiltak mot kirkens uvenner og tilpasse dem til gjerningenes karakter.”²⁷⁸ Derfor er det ikkje alltid slik at straffa personane vart pålagt stemmer overens med det som var pålagt i provinsialstatuttet frå 1280 sjølv om det var statuttet som vart brukt som heimel.

²⁷⁶ *Provinsialstatuttet 1280* § 1, § 6, § 7. 6 og § 7. 14.

²⁷⁷ *Provinsialstatuttet 1280* § 1, § 7.6 og § 7.14.

²⁷⁸ *Biskop Arnes saga* s.156.

Det store bannet

Det store bannet hadde mykje større konsekvensar enn det mindre bannet sidan det innebar ei total utestenging frå den kyrkjelege fellesskapen. Vedkommande kunne ikkje ha eit kyrkjeleg embete, fekk ikkje tilgang til sakramenta eller høyre messa, fekk ikkje ei kyrkjeleg gravlegging og gjekk fortapt i det hinsidige.²⁷⁹ Det å vere i bann påverka også vedkommande sine rettar i verdsleg samanheng. Han vart ærelaus og den rettslege kompetansen til ein bannlyst vart enten heilt eller delvis tapt.²⁸⁰ Det innebar eit tap av moglegheita til å vere vitne eller delta i rettssak på nokon slags måte, gjere bindande avtalar, motta arv, vere dommar, vere lærar og skrive testament.²⁸¹ Dette vert i provinsialstatuttet frå 1280 omtalt som at det fell på den bannlyste eit *æveleg vanære*.²⁸² I tillegg vart det sosiale samkvemet ein bannlyst kunne ha svært avgrensa. Andre kristne vart råda til ikkje å halde seg saman med ein bannlyst person sidan sosialt samkvem med ein bannlyst kunne føre til at ein sjølv kom i det mindre bann.²⁸³ Bannlyste menneske var fordømde av kyrkja inntil dei hadde betra seg og kristne skulle derfor ikkje omgås dei. Eit slikt forbod mot sosial omgang med bannlyste ser ein at også verdslege makthavarar oppmoda om. Kong Magnus Lagabøte skal ha sendt eit brev til alle i Hamar bispedøme der han blant anna forbaud folket å ha samkvem med bannlyste menneske.²⁸⁴ I situasjonen som utvikla seg i 1280-åra vart derimot bannet brukt i ei politisk konflikt. Dei verdslege konsekvensane av bannet vart dermed sterkt svekka.²⁸⁵

Eg vil her gjere greie for bannlysingane av Ravn Oddsson og Erlend Olavsson Sterke som er dei sikraste døma på personar som biskop Arne Torlaksson lyser i det store bann.

Ravn Oddsson

Ravn Oddsson var ein av dei mektigaste personane på Island. Han vart satt til å styre halve Island av kong Magnus, og 1279 fekk han tittelen merkesmann.²⁸⁶ Merkesmannen var under stallaren i hirdorganisasjonen. Stallaren skulle styre hirdjurisdiksjonen og fremme kongen sitt bodskap både på ting og hirdstevne. Som merkesmann var oppgåva til Ravn å bere kongen sitt

²⁷⁹ Seierstad, Andreas. (1959) sp.77-79. Cross, F. L. (red.) (1974) s.490. Hamre, Lars. (†2003, b) s.199.

²⁸⁰ Med rettsleg kompetanse meinar eg myndigheit, ha myndigheit til å gjere noko. Sidan ein bannlyst person var å rekne som ærelaus hadde han ikkje myndigheit i rettslege samanhengar.

²⁸¹ *Provinsialstatuttet frå 1280 § 7. 3.* Seierstad, Andreas. (1959) sp.77-78. Hamre, Lars. (†2003, b) s.199.

²⁸² "æfinlig vfrægð" *Provinsialstatuttet 1280 § 7. 3.* NgL III s.234.

²⁸³ Hamre, Lars. (†2003, b) s.199.

²⁸⁴ NgL II s.486. RN II nr.240. Dateringa av brevet er usikkert, men det må ha vorte skrive mellom 1267 og 1280, sjå kommentarane til utgjevarane knytt til RN II nr.240.

²⁸⁵ Stefánsson, Magnús. (1984) s.110.

²⁸⁶ *Biskop Arnes saga* s.34-35 og 72. IA s.70.

merke, hjelpe stallaren med styringa av hirdjurisdiksjonen og ellers fremje kongen si sak.²⁸⁷ I sagaen er det Ravn som fleire gonger legg fram brev og skipaner frå kongen, og han vert gjentatte gonger omtalt som leiaren til lekfolket på Island.²⁸⁸ Ravn vert karakterisert som biskop Arne sin største motstandar i stadamála og leiar for stadamennene. I skipanen frå 1283, som vi vil diskutere nærmare nedanfor, vart Ravn sett ansvarleg til å skaffe lekmennene kyrkjeieigedomane tilbake.²⁸⁹ Ravn hevda at kyrkja ikkje hadde nokon rett til å ta stadane frå lekmenn. Kyrkja hadde ikkje uavhengig rett til stadane og dermed hadde korkje biskopen eller andre geistlege rett til å bannlyse på grunnlag av eit slikt feilaktig synspunkt.²⁹⁰ Sjølv om Ravn vart rekna som biskop Arne sin hovudmotstandar vert han framstilt som ein høgt respektert og klok mann i sagaen. For å finne ut om biskop Arne brukte statuttet i bannlysinga av Ravn må ein diskutere situasjonane mellom Ravn og biskopen nærmare. Kvifor vart Ravn bannlyst?

Omtalen av bannet til Ravn er tvetydig i sagaen. Ein finn både utsegn om at Ravn for andre gong er komen i bann og utsegn om at han ikkje var bannlyst før 1288 eller eit år seinare, 1289.²⁹¹ Dermed vert det vanskeleg å vete for det første om han verkeleg var i bann når det står i sagaen at han var det, og for det andre kva for lovgeving biskop Arne brukte som grunngeving for bannlysinga. Første gongen vi får opplyst i sagaen *med namn* at Ravn Oddsson vart bannlyst er sommaren 1288. Her står det at Ravn la ein plan om å overraske presten Torvald Helgesson og broren hans Jon Helgesson, og tvinge dei til å leggje sakene sine under lekmannsdom. Torvald var klar over planen til Ravn og både han og Jon flykta inn i kvar sine kyrkjer, men dei ga til slutt opp og la sine saker under Ravn sin dom, altså verdsleg dom. Etterpå tok Ravn tak i ein prest med namnet Didrik og “skremte han ettertrykkelig” fordi han hadde prøvd å varsle Torvald om planen til Ravn. Seinare sender biskopen eit brev til Ravn der han opplyser at han “*enda en gang* var falt i det større bann” [mi utheving] på grunn av framferda si mot Torvald, Jon og Didrik. Bannlysinga skulle biskopen synge over han på Torlaksmesse etter Alltinget.²⁹² Sidan det ifølgje sagaen er andre gongen Ravn kom i det store bann, har han allereie vore i bann før 1288. Truleg har Ravn kome i det store bann med sjølve gjerninga allereie i 1282 medan han var i Noreg. Han skal då ha samtykka i at erkebiskop Jon vart lyst i utlegd. Truleg har bannet han då kom i ikkje vorte fulgt opp grunna

²⁸⁷ Helle, Knut. (1964) s.148. Imsen, Steinar. (2000) s.45-46. *Hirdskråen* kap.17 og 18.

²⁸⁸ Sjø f. eks. *Biskop Arnes saga* s.113 og 139.

²⁸⁹ “[...] ok er Rafn Oddsson skyldogr til at fylgia hefdarmonnum at fæ þessa *stade* alla.” DI II nr.113 s.241.

²⁹⁰ Dette er eit gjennomgåande tema i sagaen, sjå f.eks. *Biskop Arnes saga* s.35 og 149.

²⁹¹ *Biskop Arnes saga* s.153, 154-156 og 166.

²⁹² *Biskop Arnes saga* s.154-156. “[...] at nýju fallinn í meira bann [...]”, *Árna saga byskups* s.176.

den tilspissa situasjonen mellom kyrkja og kongemakta. Ravn vart seinare, i 1289, lyst i bann *med namn* av erkebiskop Jørund for denne gjerninga.²⁹³ Bannlysinga i 1289 av erkebiskopen vil eg kome tilbake til seinare (s.68).

Valet av dato for bannlysinga av Ravn i 1288 kan ikkje ha vore tilfeldig valt av biskopen. Torlaksmesse 20.juli, var den største kyrkjelege høgtidsdagen i Skálholt bispedøme. Det er derfor nærliggjande å hevde at det kan ha vore ein intensjon hjå biskop Arne bak valet av dato for bannlysinga av hans største motstandar i stadamála.²⁹⁴ Når det står at biskopen skal synge bannlysinga over Ravn siktar det til bannlysingsseremonien. Denne seremonien vart halden under ei gudsteneste med ringjande kyrkjeklokker og tende lys. Bannlysingsformlane og dommen skulle bli uttalt, og lysa skulle snuast og kastast på bakken slik at dei slokna.²⁹⁵

Omsetjarane av *Biskop Arnes saga*, Gunhild og Magnús Stefánsson, skriv i ei fotnote at det er snakk om *anathema* då Ravn vart bannlyst på torlaksmesse, og at det vart definert som ei utestenging frå alle kyrkja sine goder.²⁹⁶ Dei ser då *anathema* som ei anna nemning for det store bann. Andreas Seierstad skriv at *anathema* vart brukt synonymt med ekskommunikasjon og bann, og då spesielt som ei nemning for dei høgtidlege bannlysingane som vart utført ved hjelp av ein seremoni.²⁹⁷ Seremonien det er snakk om er den som Ravn truleg fekk på Torlaksmesse. I likskap med omsetjarane av sagaen brukar altså også Seierstad *anathema* synonymt for bannlysing.²⁹⁸ Det er derimot ein skilnad mellom desse to nemningane. Schroeder påpeikar at denne skilnaden ligg ikkje i straffa, men korleis ein kunne oppnå absolusjon. Ein person i det store bann måtte søkje absolusjon frå den biskopen som lyste bannet over han, medan *anathema* innebar at ein berre kunne verte løyst frå bannet av paven. Det var altså bannssaker som paven reseverte for sin absolusjon. Dette gjaldt spesielt saker der det hadde vorte nytta vald mot geistlege. Biskopen kunne likevel løyse den bannlyste frå bannet viss han var i livsfare.²⁹⁹ Skilnaden mellom *anathema* og det store bann vart tatt opp av pave Innocent II på eit kyrkjemøte i 1131, og på det andre Lateran-konsil i 1139 vart vedtaket

²⁹³ *Biskop Arnes saga* s.167. Også Jon Brynjolvsson og Erlend Olavsson Sterke vart lyst i bann for å ha jaga erkebiskop Jon Raude frå Noreg s.167 og 169.

²⁹⁴ Stefánsson, Magnús. (1984) s.148.

²⁹⁵ Seierstad, Andreas. (1959) sp.81. Cross, F. L. (red.) (1974) s.50.

²⁹⁶ *Biskop Arnes saga* s.155.

²⁹⁷ Seierstad, Andreas. (1959) sp.81.

²⁹⁸ Seierstad, Andreas. (1959) sp.77-81.

²⁹⁹ Schroeder, H. J. (1937) *Commentary* s.205.

fornya. Skilnaden mellom ekskommunikasjon og anathema fekk då universell gyldigheit i den katolske kyrkja.³⁰⁰

Skilnaden og likskapen mellom anathema og det store bann ser ein også i provinsialstatuttet frå 1280. Her vert nemningane *fullkomit bann* (det fullkomne bann/det store bann) og *pafans bann* (pavebann/anathema) brukt. I lista over paragrafar som skulle føre til det store bann i statuttet ser ein to paragrafar som ga heimel for anathema, § 7. 5 og § 7. 8. I den sistnemnde paragrafen vert det presisert at det er berre paven som kan gje absolusjon, unntatt i livsfare.³⁰¹ Skilnaden mellom det store bann og anathema vert soleis understreka i statuttet ved bruk av nemninga *pafans bann* eller ei presisering av at det berre var paven som kunne gje absolusjon. Samstundes ser vi at dei paragrafane som skulle føre til anathema er inkluderte i lista over dei lovbrota som skulle føre til det store bann, noko som kan vere eit uttrykk for likskapen mellom dei. Det er derimot ikkje sikkert at den opphavelige rekkjefølgja til paragrafane i statuttet er overhaldt i avskriftene, og paragrafane om anathema kan opphavelig høyre til ein annan stad i det originale statuttet. Det er likevel tydeleg at det er misvisande å omtale anathema og det store bann som ulike nemningar på same type straff. Begge førte til like stor grad av utestenging frå den kristne fellesskapen, men anathema var meir alvorleg sidan det ville krevje oppmoding til paven for å få absolusjon.

Det er hovudsakleg to handlingar sommaren 1288 som Ravn kan bannlysast for ifølgje kyrkjeleg lovgjeving. For det første la han hand på presten Didrik og trua presten Torvald. Dette gjekk imot det kanoniske privilegium om at geistlege var fredheilage.³⁰² I provinsialstatuttet frå 1280 vert det fleire stadar skrive at klerkar var fredheilage, og fleire paragrafar krev bannlysing av personar som krenkjar geistlege enten med vald eller fråtaking av rettar.³⁰³ Spesielt § 7.5 i statuttet er interessant i denne samanhengen. Her vert det slått fast at alle som med vond vilje legg hand på ein klerk skal av sjølvve verket straffast med anathema. Dette gjaldt også dei tilfella der det ikkje vart brukt fysisk vald, men trugsmål, fengsling eller andre måtar som ikkje innebar å leggje hand på lekamen. Det var ingen lekmann som hadde ei slik makt over geistlege.³⁰⁴ Framferda til Ravn mot prestane Torvald

³⁰⁰ Schroeder, H. J. (1937) *Commentary* s.205. Sjå *Second Lateran Council (1139)*, Canon 15 | Schroeder, H. J. (1937) s.204-205.

³⁰¹ *Provinsialstatuttet 1280* § 7. 5 og § 7. 8. NgL III s.233-234 og 236.

³⁰² Sjå kapittel 2 s.36.

³⁰³ *Provinsialstatuttet 1280* s.44, 45, 47-48 og 49, § 6, § 7, § 7. 5, § 7. 6, § 7. 7, § 7. 13 og § 7. 14.

³⁰⁴ *Provinsialstatuttet 1280* § 7.5.

og Didrik var altså eit klårt brot på statuttet. Dermed kan vi seie oss einige med Gunhild og Magnús Stefánsson i at det truleg er anathema Ravn vart bannlyst i.

For det andre tvinga Ravn presten Torvald til å leggje sine saker under verdsleg dom, og her kjem vi til kjerna av konflikta som førte til framferda til Ravn våren 1288. Torvald Helgesson var ikkje berre prest, men også prost på Vestfirðir, same område som Ravn hadde syssel. Sidan prostane var ein del av lokalforvaltninga til biskopane var eit angrep på prostane eit trugsmål mot biskopen si stilling og jurisdiksjon.³⁰⁵ Då biskop Arne oppretta eit prostedøme på Vestfirðir hausten 1285 skal Ravn ha reagert og sagt at så lenge han hadde syssel på Vestfirðir skulle ikkje Torvald ha noko prostedøme der, og i 1286 skal han ha klagt over at “presten Torvald hadde prostedøme på Vestfirðir”.³⁰⁶ Ut på våren 1287 skal Ravn ha tatt steget endå lengre og sendt eit brev med Sveinbjørn frå Súðavík. Brevet skulle forkynnast over heile Vestfirðir. I brevet vart alle personar som anarkjente presten Torvald som sin leiar, la sakene sine under hans jurisdiksjon eller følgte, støtta eller forsvarte han truga med å ha utøvd landssvik og ville dermed vere rettslause ovanfor kongens menn.³⁰⁷ Dette brevet veit vi berre om slik det har vorte attgjeve i sagaen.

Sidan sagaen er bygd opp kring biskop Arne og hans gjerningar tar den derfor i stor grad berre opp misgjerningane mot kyrkja, og nyanserar motivasjonen bak dei svært lite. Dette er og tilfellet når det kjem til motførestillinga til Ravn kring prostedømet til Torvald. Haldninga hjå Ravn kan ha samanheng med dei negative haldningane hjå kongemakta i Noreg om at ein prest samstundes kunne ha eit prostedøme.³⁰⁸ I rettarbota frå 1280 vart det allereie i den første paragrafen slått fast “at de prester skal ha prostedøme som ikke har sognekirker og hemmelige skriftemål.”³⁰⁹ Rettarbota er tradert i det islandske handskriftet *Skárðsbók* frå 1363, noko som tyder på at innhaldet har vore rekna som gjeldande lov også på Island.³¹⁰ Ravn si haldning kan soleis vere grunna i det same synet på den tosidige makta ein sokneprest med prostedøme ville ha, og ikkje nødvendigvis vere eit reint angrep på kyrkja slik som det vert framstilt i sagaen.

Framferda til Ravn mot prosten Torvald med å tvinge han til å underkaste seg verdsleg dom og hindre han i å dømme i kristenrettssaker er likevel i klår strid med sættargjerda frå 1277 og

³⁰⁵ Stefánsson, Magnús. (1984) s.140.

³⁰⁶ *Biskop Arnes saga* s.130 og 134.

³⁰⁷ *Biskop Arnes saga* s.149-150.

³⁰⁸ Dette ser også Magnús Stefánsson som sannsynleg. Stefánsson, Magnús. (1984) s.140.

³⁰⁹ Dette vart tatt opp i eit tidlegare kapittel, sjå kapittel 2 s.29-30.

³¹⁰ DI II nr.86 C.

sjølvve essensen i provinsialstatuttet frå 1280, der det vart slått fast fri kyrkjeleg jurisdiksjon både i klerkemål og kristenrettssaker. I statuttet vart det hevda at alle lekmenn som enten dømmer eller seier kva som skal vere lov i saker som “berre skal dømast for styresmennene i den heilage kyrkja” eller “dreg ein klerk med tvang inn under lekmenns dom” kjem i det store bann med sjølvve gjerninga.³¹¹ I tillegg er det fleire artiklar som grunngeve det store bann når ein krenkjar rettsstillinga, og då spesielt jurisdiksjonen, til kyrkja.³¹² Biskop Arne kan dermed ha brukt provinsialstatuttet frå 1280 som heimel for bannlysing av Ravn.

Sjølv om det her finst grunngeving i provinsialstatuttet frå 1280 for å lyse Ravn i det større bann kan ein ikkje stadfeste at det var statuttet biskop Arne brukte i dette tilfellet. Heimel for ei bannlysing av dei som krenkjar det kanoniske privilegium om at geistlege var fredheilage finn ein i kanonisk rett frå langt tilbake.³¹³ Samstundes kan ein ikkje avkrefte at det var statuttet biskopen brukte. Misgjerningane til Ravn mot Torvald og fridomen til kyrkja generelt er alle dekkja av statuttet, noko som gjer det mindre sannsynleg at biskopen ville vendt til ein annan heimel enn den nyaste han hadde tilgjengeleg. Likevel er det viktig å påpeike at sjølv om det står i sagaen at biskop Arne bannlyste Ravn i samanheng med overfallet av Torvald i 1288 er det truleg fleire gjerningar som gjer at Ravn vart lyst i det større bann av biskop Arne denne sommaren. Tidlegare i sagaen skriv forfattaren om åtferda til Ravn og om korleis biskop Arne svarte på denne. Biskop Arne skal ikkje ha halde seg taus ovanfor trugsmåla til lekmennene, og prøvd å refse dei i den grad han følte. Likevel skal han ha sagt at han ikkje ville lyse Ravn eller nokon av dei nærmaste støttespelarane hans i bann før etter Alltinget sommaren 1288. Viss han gjorde det tidlegare var han redd for at dei ville verte hardare mot kyrkja, og derfor kunne han berre gje dei ein passande straff etter Alltinget for alt dei hadde gjort mot kyrkja.³¹⁴ I den tilspissa situasjonen som var mellom kyrkja og kongsmennene på Island i 1287-1288 kan biskop Arne ha ynskt å utsetje tiltak mot lekmennene, som å lyse dei i det større bann, til etter Alltinget i håp om å oppnå eit forlik. Denne omtala i sagaen om framferda til biskop Arne mot Ravn og lekmennene viser at det er hendingar tidlegare enn 1288 som har aktualisert spørsmålet om å lyse Ravn formelt i det store bann. I eit forsøk på å kome nærmare til dei tidlegare misgjerningane til Ravn som har aktualisert spørsmålet om bann vil eg konsentrere diskusjonen kring hendingane på Alltinget i 1284, 1286, 1287 og 1288.

³¹¹ NMD nr.29 [2.]. *Provinsialstatuttet 1280* s.44.

³¹² *Provinsialstatuttet 1280*, spesielt § 1, § 2, § 6, § 7.5, § 7.6, § 7.7, § 7.13 og § 7.14.

³¹³ F. eks. *Second Lateran Council (1139)*, Canon 15. I Schroeder, H. J. (1937) s.204-205.

³¹⁴ *Biskop Arnes saga* s.153.

Alltinget sommaren 1284

På Alltinget 29. juni i 1284 vart ein skipan for Island frå 1283 lovtatt. Denne skipanen frå kong Eirik og hertug Håkon kom til Island hausten 1283 saman med Ravn.³¹⁵ Det er sannsynleg at Ravn var med i utforminga av skipanen medan han var i Noreg. Han reiste til Noreg sommaren 1282 og skipanen er truleg utforma frå denne sommaren til sommaren 1283.³¹⁶ I skipanen vart det islandske folket råda til ikkje å halde seg nærmare til biskopane og andre lærde menn meir enn nødvendig. Kyrkjene hadde vorte urettmessig tatt av klerkar frå lekmenn som etter sine foreldre hadde lovleg hevd. Kyrkjeieigedomane skulle derfor gjevast tilbake til lekmennene slik det var i kong Håkon Håkonsson og erkebiskop Sigurd sine dagar. Ravn hadde plikt til å hjelpe lekmennene med å få kyrkjeieigedomane tilbake.³¹⁷ Skipanen sikta hovudsakleg til arvestadar, erfðarstaðir, og stader med hevd, hefðarstaðir. Arvestader var stader som hadde vorte etablert på det vilkår at etterkommarane til den som ga jord til kyrkja skulle ha rett til å ha herredøme over staden og forvalte formua knytt til den. Stader med hevd var stader som hadde vorte forvalta av den same familien i over 30 år.³¹⁸ Dette var i strid med dommen til erkebiskop Jon frå 1273, som ga biskop Arne all råderett over både stadane og bondekyrkjene sett til side.³¹⁹ Vidare var det føreskrive i skipanen at berre den kristenretten og tiendeordninga frå Håkon Håkonsson og erkebiskop Sigurd skulle gjelde. Falkejakt var det Ravn og kongebreva som skulle bestemme over.³²⁰ Biskop Arne har vore klar over innhaldet i skipanen før Ravn kom til Island sidan Loft Helgesson, som var i Noreg, sendte brev og ei avskrift av skipanen tidlegare på året.³²¹

Våren før lovtakinga på Alltinget i 1284 kom dei geistlege og stadamennene fram til eit forlik kring skipanen frå kongemakta på Brautarholt, omtalt som Brautarholt-forliket.³²² Biskop Arne saman med biskop Jørund og abbed Runolv i Ver ga ei minimumstolking av skipanen og hevda at det berre var erfðarstaðir, arvestader, som vart ramma av skipanen: “Vi finner ikke noe sted krav om at de stader som ikke har som vilkår at de skal arves innenfor ætten,

³¹⁵ *Biskop Arnes saga* s.102. Skipanen er berre bevart i eit brotstykkje av ei avskrift frå rundt 1500. Brotstykkjet er trykt i DI II nr.113.

³¹⁶ *Biskop Arnes saga* s.94. Stefánsson, Magnús. (1984) s.118-119.

³¹⁷ DI II nr.113.

³¹⁸ I kjeldene vert ofte arvestadar og stader med hevd brukt synonymt. Stefánsson, Magnús. (2000) s.12-13.

³¹⁹ *Biskop Arnes saga* s.162. DI II nr.39. RN II nr.108. Stefánsson, Magnús. (1984) s.119. Stefánsson, Magnús. (2000) s.13. Denne dommen vert tatt opp vidare i fotnote 484 s.86.

³²⁰ *Biskop Arnes saga* s.101. DI II nr.113.

³²¹ *Biskop Arnes saga* s.98-100.

³²² DI II nr.114. RN II nr.350.

skal overdras til legfolk.”³²³ Det gjaldt vidare berre dei arvestadane der ættmenn utan avbrot hadde hatt herredøme sidan kong Håkons og erkebiskop Sigurds dagar.³²⁴ Fleire stadar vart dermed ikkje ramma av skipanen viss ein godtok biskop Arne sin tolking. Stadamennene saman med Ravn ga derimot ei vid tolking.³²⁵ Biskop Arne har ifølgje sagaen følt seg pressa og skal ha gått med på å tåle påboda i skipanen frå 1283 fram til det var komen ein ny erkebiskop i Nidaros, så lenge det ikkje stridde mot skyldig lydigheit til Gud.³²⁶ Erkebiskop Jon Raude var då død (1282), og erkebiskopsetet stod ledig heilt fram til 1287 då erkebiskop Jørund vart valt og iførd pallium i 1288.³²⁷ Biskop Arne kunne ikkje vete at vakansen skulle verte så lang, og inngjekk eit midlertidig forlik for å unngå å avgjere noko endeleg før han fekk støtte og råd frå Nidaros. Det var snakk om å avgrense verknadane av skipanen. Påboda i skipanen frå kongemakta i Noreg vart dermed godtatt med Brautarholt-forliket, men biskop Arne la ei annan tolking av brevet til grunn enn Ravn og stadamennene.

Slik sagaen skildrar hendingane på Alltinget i 1284 peikast Ravn ut som leiar. Han skal ha tatt med seg lagmann Erlend Olavsson Sterke, Åsgrim Torsteinsson, lagmann Jon Einarsson og fleire menn til Alltinget for å drøfte korleis dei geistlege hadde stilt seg til innhaldet i skipanen om å gje frå seg stadane.³²⁸ Forsamlinga vart einig om at biskopen ikkje hadde haldt forliket på Brautarholt om å tåle skipanen, og stilt seg motvillig. Derfor lovtok dei skipanen frå 1283 og Brautarholt-forliket utan at biskop Arne var til stades.³²⁹ Grunngevinga til lekmennene og Ravn for å skulde biskopen for å ha brote Brautarholt-forliket har truleg samanheng med rundskrivet biskopen sendte rundt i bispedømet sitt etter at fleire lekmenn gjekk saman om å ta tilbake herredømet over stadane, sannsynlegvis før Alltinget i månadsskiftet juni-juli. I det oppfordra han alle til å gå imot at lekfolk skulle ta over nokon av kyrkja sine eigedommar eller part i desse. Fleire prestar følgte oppmodinga til biskopen.³³⁰ Ifølgje stadamennen hadde biskopen med ei slik framferd ikkje tålt påboda i skipanen frå 1283 som han lovde han skulle på Brautarholt.

³²³ *Biskop Arnes saga* s.101-102. Stefánsson, Magnús. (1984) s.121-122.

³²⁴ *Biskop Arnes saga* s.101-102.

³²⁵ Vi får vete seinare i sagaen at kong Eirik meinte at stadamennene gjekk for langt. *Biskop Arnes saga* s.163 og 169.

³²⁶ *Biskop Arnes saga* s.102-103.

³²⁷ Kolsrud, Oluf. (1913, a) s.204-205.

³²⁸ Erlend, Åsgrim og lagmann Jon vert skrive med herretittel i sagaen, og alle tre er håndgangne menn, ein del av hirden til kongen. Representasjonen på Alltinget har vorte delt mellom hirdmedlemmar og bønder noko som vi får hint om i sagaen: “Noen av herremennene og en stor del av almuen [på tinget]”. Nokre geistlege har også vore til stades. *Biskop Arnes saga* s.108-109.

³²⁹ *Biskop Arnes saga* s.108-109.

³³⁰ *Biskop Arnes saga* s.106-107.

Då biskop Arne fekk vite om lovtakinga av skipanen på Alltinget svarte han med å bannlyse alle som hadde vore til stades ved lovtakinga. Dette gjaldt også dei geistlege som var der sjølv om dei ikkje nødvendigvis hadde vore med på lovtakinga, dvs. at dei ikkje bekrefta lovtakinga med håndslag. Geistlege kunne ikkje “unnskyldes med uvitenhet om det de hadde plikt til å vite”, og når dei ikkje gjekk imot lovtakinga var dei komne i bann berre med å vere der.³³¹ Det er interessant at det var geistlege til stades på tinget som ikkje gjorde motstand mot lovtakinga. Truleg har dette samanheng med slektskapsforhold, men eg vil ikkje gå nærmare inn på dette i denne undersøkinga. Forteljninga vidare av det som skjedde på Alltinget 1284 framstillast av sagaforfattaren som ein dialog mellom partane. Vi kan aldri vere sikker på om partane faktisk har uttalt seg slik. Sjølv om formuleringane ikkje nødvendigvis er korrekte er haldningane og hovudargumenta som forfattaren skildrar med formuleringane sannsynlegvis reelle.³³² Kvifor vart forsamlinga på Alltinget med Ravn i spissen bannlyst?

Biskop Arne skal ha grunngeve bannlysinga av alle som var til stades på Alltinget under lovtakinga slik:

Jeg har fått vite at dere uten vilkår har lovfestet alt som ble skrevet i brevet fra kongen og dronningen, det som kom til Island i fjor sommer, og dermed brutt bispebrevet som jeg lot lese opp i den samme lagretten som vi nå står i, og at dere har latt folk med håndslag stadfeste en ny ufrihet mot Den hellige kirke. Dersom dette er sant, er det ikke mulig å forstå det annerledes enn at dere er falt i det største bann ved selve gjerningen.³³³

Her kjem det tydeleg fram at det var lovtakinga av skipanen som førte til bannlysinga. Påboda i denne, spesielt lekmennene sin rett til herredøme over stader, vart rekna som ei krenking av rettsstillinga til kyrkja. Biskopen tar også føre seg heimelen for bannlysinga der han viser til eit bispebrev som han hadde lese opp på Alltinget tidlegare. Bispebrevet, *byskupabréfit*, som biskop Arne viser til er truleg provinisialstatuttet frå 1280.³³⁴ Dette statuttet hadde biskopen tidlegare lest opp på Alltinget under lovtakinga av Jónsbók i 1281.³³⁵ Brot på provinisialstatuttet frå 1280 vert altså eksplisitt nemnt i sagaen som grunnlag for bannlysinga.

³³¹ *Biskop Arnes saga* s.108-110.

³³² Stefánsson, Magnús. (1984) s.129-130.

³³³ *Biskop Arnes saga* s.110. “Svá er mér flutt at þér hafit greinarlaust allt þat lögtekit sem í konungsbréfi ok drottningar er ritat, því sem í fyrra sumar kom til Íslands, ok brotit byskupabréfit, þat sem ek lét lesa í þessari sömu lögréttu sem nú stöndum vér í, ok létu menn staðfest með lófataki nýtt ófrelsi móti heilagri kirkju. Þat má ok eigi annat skilja en at þér séf af sjálfu verkinu, ef þetta er satt, í hit meira bann fallnir.” *Árna saga byskups* s.123.

³³⁴ *Árna saga byskups* s.123. At det er Provinisialstatuttet frå 1280 biskop Arne siktar til med bispebrevet har også omsetjarane av sagaen, Gunhild og Magnús Stefánsson konkludert med, sjå *Biskop Arnes saga* s.110.

³³⁵ *Biskop Arnes saga* s.85. Sjå kapittel 3 s.40 f.

Kvifor vart lovtakinga av skipanen frå 1283 rekna som så alvorleg når biskop Arne hadde gått med på å tåle forordningane i Brautarholt-forliket?

For biskop Arne var Brautarholt-forliket ein måte å kome seg ut av ein vanskeleg situasjon. Det var ein midlertidig løysing. Biskopen hadde gått med på å *tåle* forordningane, men ikkje å *samtykke* i dei. Han kunne tåle verknadane av påboda i skipanen fram til det kom ein ny erkebiskop så lenge verknadane ikkje “var i strid med skyldig lydighet mot Gud”.³³⁶ Kva dette eigentleg innebar er diffust. Biskop Arne skal ha presisert at han ville tåle ei riktig tolking av skipanen frå kongen, men som tidlegare nemnt var det ikkje einigheit om kva for tolking som var rett.³³⁷ Det einaste som er sikkert er at lekmennene med Ravn som leiar gjekk lengre enn minimumstolkinga til biskopen. Magnús Stefánsson skriv at truleg innebar det å tåle forordningane at biskop Arne ikkje ville lyse dei som tok stader og bondekyrkjer i bann med sjølve gjerninga.³³⁸ Det hadde biskop Arne heller ikkje gjort då lekfolk tok stader første halvdel av 1284. Biskop Arne inngjekk forliket medan han var under press frå motparten si side. Ravn hadde trua med å gå fram mot han slik framferda var mot geistlege i Noreg viss han ikkje gjekk med på å tåle skipanen. Biskop Arne kunne derfor gå tilbake på forliket med å hevde at det ikkje var gyldig på grunn av trugsmål.

Stefánsson skriv vidare at det også ser ut til at biskopen har sett på brevet frå kongemakta meir som eit råd og ikkje som forordningar. Biskopen omtalar brevet som “kongens råd”.³³⁹ Skipanen frå kongen omhandla kyrkjelege saker, noko biskop Arne må ha sett på som ugyldig sidan det berre var kyrkja som hadde myndigheit til å avgjere slike saker. Her hadde ikkje kongen myndigheit og dermed kunne ikkje skipanen vere meir enn i beste fall ei oppmoding. På same grunnlag kunne ikkje lekmenn på tinget lovtta ei lov som gjaldt kyrkja sine saker. Det var det berre dei kyrkjelege leiarane som hadde mynde til. Dette har ikkje vore tankegangen til stadamennene som rekna desse som påbod frå kongen; ein autoritet dei hadde lovd truskap til og dermed var pliktige til å følgje.³⁴⁰ I tillegg er det klart at viss skipanen vart lovtatt ville stadamennene tene på det sidan dei då hadde ein lovfesta rett til herredøme over kyrkjeeigedomane. Då skipanen vart lovtatt på Alltinget var påboda i kongebrevet gjeldande som islandsk lov. Det var nettopp ei endeleg avklaring kring skipanen biskopen hadde prøvd å utsetje med Brautarholt-forliket. Kva for bann vart forsamlinga lyst i?

³³⁶ *Biskop Arnes saga* s.108 og 114.

³³⁷ *Biskop Arnes saga* s.108.

³³⁸ Stefánsson, Magnús. (1984) s.127.

³³⁹ *Biskop Arnes saga* s.106. “konungsráð”, *Árna saga byskyps* s.118.

³⁴⁰ Stefánsson, Magnús. (1984) s.127-128.

Det kjem fram fleire stadar i sagaen at det var det store bann med sjølve gjerninga det var snakk om. Biskopen skal ha erklært at alle hadde kome i bann berre med å vere til stades ved lovtakinga, noko som tilseier at gjerninga var så alvorleg at advarslane falt vekk. I tillegg skal biskopen ha sagt det eksplisitt.³⁴¹ Provinsialstatuttet frå 1280 vert brukt som heimel for bannlysinga og det er fleire paragrafar i dette lovverket som grunngjev det større bann med sjølve gjerninga ved lovtaking av ein slik skipan. Spesielt er § 6 interessant sidan det git heimel for bannlysing med sjølve gjerninga med brot på den kyrkjelege fridomen gitt i sættargjerda. I tillegg vert det fleire stadar i statuttet skrive at lekmenn som hevdar at dei har rett til å dømme eller ha vald over kyrkjeieigedomar kjem i bann.³⁴² Spesielt ein artikkel i statuttet går direkte inn på herredømet over kyrkjene og tilhøyrande gods. Viss lekmenn, uansett rang, tvingar styresmenn i den heilage kyrkja til å gje frå seg eigedomar eller gardar til lekmenn, skal dei vere bannsette fram til dei gir tilbake det som er tatt med makt.³⁴³ I tillegg har ein dei generelle paragrafane i statuttet som gir heimel for bannlysing av alle dei som med vond vilje krenkjer rettsstillinga til kyrkja eller prøver å bryte ned kyrkja sin fridom.³⁴⁴ Vond vilje, på norrønt *illvilja*, kan ein forstå som ei gjerning med vonde konsekvensar som vert gjort sjølv om ein har kunnskap til å vete betre. Det er altså ei overlagt handling med føremål å krenkje.³⁴⁵ I § 7. 7 vert det slått fast at einkvar som gjev skipingar imot rettsstillinga til kyrkja, eller sysselmenn og lagmenn som dømmer etter slike skal kome i bann. Deretter vert det i same paragraf lista opp fleire privileg, blant anna at kyrkja hadde fått rett til å ha makt og herredøme over kyrkjeieigedomane og jurisdiksjon i åndelege saker.³⁴⁶ Dette er akkurat det som vart krenkja med skipnaden frå 1283 som vart lovtatt på Alltinget. I tillegg til eit krav om herredøme over kyrkjeieigedomane, ga skipnaden også forordningar kring kristenretten og tienden. Handlinga på Alltinget er altså direkte dekkja av provinsialstatuttet frå 1280. Sjølv om paragrafen ikkje seier noko om kva for bann det er snakk om, veit vi at det er det store bann sidan paragrafen er ein del av lista over dei lovvedtaka som førte til det store bann. Ravn vart altså bannlyst allereie i 1284 då han som leiar av ei forsamling lovtok kongeskipnaden frå 1283.

Bannlysinga av dei som var til stades på lovtakinga vart derimot tatt tilbake av biskopen då lekmena vart spurde om å forsvare seg. Dei hevda at dei berre hadde lovtatt at forliket som

³⁴¹ *Biskop Arnes saga* s.110.

³⁴² *Provinsialstatuttet 1280* § 1, § 6, § 7.6, § 7.7 og § 14.

³⁴³ *Provinsialstatuttet 1280* § 7.14.

³⁴⁴ *Provinsialstatuttet 1280* § 2, § 6, § 7.6, § 7.7 og § 7.14.

³⁴⁵ Hamre, Lars. (1979).

³⁴⁶ *Provinsialstatuttet 1280* § 7.7.

var inngått på Brautarholt mellom biskop Arne og Ravn skulle haldast. Derfor hadde dei ikkje lovtatt noko som gjekk mot Guds lov og rett. Viss det var slik hadde dei ikkje brote provinsialstatuttet frå 1280, og statusen mellom partane var som før lovtakinga på Alltinget. Partane kom fram til eit nytt forlik som samsvarte for det meste med Brautarholt-forliket.³⁴⁷ Biskop Arne sendte deretter ut eit hyrdebrev etter forhandlingane på tinget slik at alle i bispedømet skulle vere klar over kva som var avgjort på Alltinget og slik hindre at feilaktige versjonar vart spreidde. I dette hyrdebrevet stod det at sidan lekmennene tok tilbake sine ord og lovde samstundes å halde det som var avtalt, unngjekk dei bannet. Viss dei likevel byrja igjen med å lovgje og dømme innanfor kristenretten skulle “de falle i det bann som Den hellige kirkes lovbøker, og i tillegg det åpne brevet fra min herre erkebiskop Jon og hans lydbiskoper vitner om”.³⁴⁸ Det åpne brevet til erkebiskop Jon og lydbiskopane er ei tilvising til provinsialstatuttet frå 1280. Igjen brukar biskop Arne statuttet som trugsmål og lovleg grunngeving for å utøve straff og hevde kyrkja sin rett.

Alltinget 1286

Situasjonen hadde tilspissa seg fram til Alltinget i 1286. Sommaren 1285 hadde biskop Arne nekta å kome til Alltinget, og Ravn saman med fleire handgangne menn reiste derfor direkte til Skálholt. I Skálholt domkyrkje inngjekk biskopen og Ravn eit forlik som i stor grad samsvarte med forlika frå 1284.³⁴⁹ Før Alltinget 1286 hadde Ravn stevna fleire prestar til tinget slik at dei måtte underkaste seg verdsleg dom.³⁵⁰ Dette gjaldt sannsynlegvis dei prestane som biskop Arne hadde satt på stadane og bondekyrkjene i strid med skipanen for Island frå 1283. Igjen ser vi at Ravn kjem med eit angrep på den frie kyrkjelege jurisdiksjonen til kyrkja som var gitt i sættargjerda frå 1277 og attgjeve i provinsialstatuttet frå 1280, til å dømme alle saker på kyrkjeleg område og alle saker som involverte geistlege. Dette skulle etter statuttet straffast med bann.³⁵¹

På Alltinget i 1286 kjem Ravn og lekmennene med fleire angrep på rettsstillinga til kyrkja. Ravn kjem med trugsmål mot biskopen, og erklærer at alle som biskop Arne har gitt herredøme over stadar og bondekyrkjer i strid med skipanen frå 1283 var lyst utlegde.³⁵² Det virkar som om dette var tomme trugsmål frå Ravn for å få biskopen til å inngå eit forlik.

³⁴⁷ *Biskop Arnes saga* s.110-116.

³⁴⁸ *Biskop Arnes saga* s.117. “[...] þá falli þeir í þat bann sem lögbækr heilagrar kirkju vátta ok þar með opit bréf míns herra Jóns erkibyskups ok hans undirbyskupa.” *Árna saga byskups* s.131.

³⁴⁹ *Biskop Arnes saga* s.132-133.

³⁵⁰ *Biskop Arnes saga* s.135.

³⁵¹ *Provinsialstatuttet 1280*, sjå f. eks. § 1, § 2, § 6, § 7.6, § 7.7 og § 7.14.

³⁵² *Biskop Arnes saga* s.136.

Biskop Arne møtte ikkje opp på tinget og Ravn sender fleire utsendingar til Skálholt med brev som oppfordrar biskopen å gå med på eit nytt forlik.³⁵³ Situasjonen vert til slutt slik at dei tidlegare forlika som Brautarholt-forliket og forliket i Skálholt domkyrkje framleis var gjeldande, og biskop Arne går med på å leggje sakene sine under kong Eirik og den kommande erkebiskopen i Nidaros sin dom.³⁵⁴

Det er altså fleire gjerningar og forhold som Ravn gjer seg skuldig i mot Guds lov generelt og provinsialstatuttet frå 1280 spesielt, men det vert ikkje omtalt noko om ei bannlysing av Ravn kring Alltinget i 1286.

Alltinget 1287

Ved Alltinget i 1287 bannlysar biskop Arne alle til stades på tinget slik som i 1284. Igjen er det Ravn som framstår som leiaren av den kyrkjefiendtelege framferda. Ravn erklærte på nytt at alle som biskopen hadde sett på stadar og bondekyrkjer som eigentleg var i lekmennene sitt eige, var i utlegde og lot namna deira verte kunngjorde på lokale ting. Han fekk vidare alle på tinget til å fastsetje dommen med handsopprekking. Han gjekk også mot biskop Arne si mynde med å erklære at alle lekmenn biskopen hadde bannlyst fordi dei hadde tatt stadar og bondekyrkjer var uskuldirge. Dei hadde berre følgt skipanen frå 1283. Bannet var ikkje rettferdig og derfor ville han “pleie omgang” med dei bannlyste som om dei ikkje var i bann.³⁵⁵ Biskop Arne reagerte med å erklære at alle som hadde vore på tinget var i bann.³⁵⁶ Handlingane til Ravn på Alltinget innebar fleire angrep på rettsstillinga til kyrkja, men heimelen for bannlysinga av han og resten av tingmennene vert ikkje nemnt eksplisitt i sagaen. Etter Alltinget i 1284 hadde biskop Arne vist til provinsialstatuttet frå 1280 då han straffa lekmennene, og sa vidare i eit hyrdebrev frå 1284 at viss lekmennene fortsette med framferda si mot kyrkja ville han igjen straffe dei slik som statuttet føreskreiv.³⁵⁷ Det er altså sannsynleg at biskopen brukte statuttet også då han straffa Ravn og lekmennene for handlingane på Alltinget i 1287.

Handlingane på dette tinget innebar fleire brot på paragrafane i statuttet. For det første går Ravn imot sjølvve essen i statuttet når han seier kva som skal vere lov når det kom til kyrkjeieigedomane, slik som eg har diskutert tidlegare. I tillegg tilsidesette han bannlysingane

³⁵³ *Biskop Arnes saga* s.135-138. DI II nr.135.

³⁵⁴ *Biskop Arnes saga* s.138. DI II nr.136.

³⁵⁵ *Biskop Arnes saga* s.149.

³⁵⁶ *Biskop Arnes saga* s.149.

³⁵⁷ Sjå ovanfor s.59 f.

til biskopen med framleis å ha samkvem med dei som biskop Arne hadde bannlyst. I statuttet var det slått fast at den lekmann som ikkje brydde seg om avgjerslene til geistlege i kristenrettssaker og heller ga dom sjølv ville kome i det større bann med sjølv gjerninga. Begge deler vart sett på som brot på kyrkja si rettsstilling.³⁵⁸ Sjølv om ei bannlysing av Ravn og alle til stades på Alltinget i 1287 kan grunnjevast utifrå Provinsialstatuttet frå 1280, og at det er rimeleg å tru at biskopen brukte dette lovverket som heimel på grunn av tidlegare argumentasjon, kan vi ikkje i dette tilfellet bekrefte det heilt sikkert.

Alle som var på tinget i 1287 og angra på åtferda si kunne kome til biskopen som ville løyse dei frå bannet. Interessant nok står det også i sagaen at han ville gje absolusjon til alle som hadde noko å gjere med Ravn “i den grad det var mulig”.³⁵⁹ Viss det var slik at biskop Arne sa at han ville gje absolusjon *berre viss det var mogleg* til dei som var med Ravn, er det rimeleg å tru at Ravn allereie var i det store bann. Det er tydleg at han ikkje kunne få absolusjon slik situasjonen no var, og at det å ha sosial omgang med han ikkje var ynskja. Situasjonen var såpass kritisk at det ser ut til at det ikkje vart gjort noko forsøk på å oppnå eit forlik mellom partane på tinget.³⁶⁰

Alltinget 1288

På dette Alltinget endra forholda seg drastisk. For første gong sidan 1283 grip den norske kongemakta aktivt inn for å løyse stadamålstriden.³⁶¹ Olav Ragnridsson saman med Sigvat Halvdansson vart sendt til Island for å fremje kongen si sak. Olav var ein høgt akseptert mann og var på denne tida stallare under kong Eirik. Dette innebar at han var ein nær rådgjevar av kongen og skulle fungere som hans talsmann. Som stallare var Olav over merkesmannen i rang og skulle leie hirdjurisdiksjonen.³⁶² Olav greier å få partane til å inngå eit forlik som innebar ei stadfesting av alle dei tidlegare forlika. Konfliktane mellom partane skulle avgjerast av kongen og erkebiskopen, utanom dei sakene dei ville la biskop Arne avgjere. Fram til ein dom var avgjort skulle dei med herredøme over stadane og bondekyrkjene framleis ha det. Det vart gitt sikkerheit for biskop Arne i tilfelle dommen vart til fordel for lekmennene og biskopen måtte betale erstatning til dei og kongedømet. Det vart også gitt sikkerheit for kyrkjeieigedomane og kyrkjegodset. Biskop Arne skulle gje absolusjon til alle

³⁵⁸ *Provinsialstatuttet 1280* f.eks. § 44, 48-49 og 51.

³⁵⁹ *Biskop Arnes saga* s.149. “[...] kallaði alla þá í banni sem á þessu þingi höfðu verit ok lét leysa hvern er til handa gekk, ok svá hvern þann er Hrafn samneytti ef hann kom því til vegar”, *Árna saga byskups* s.168.

³⁶⁰ *Biskop Arnes saga* s.149-150.

³⁶¹ Stefánsson, Magnús. (1984) s.156.

³⁶² *Biskop Arnes saga* s.156. Imsen, Steinar. (2000) s.44-45. *Hirdskráen* kap.17. Helle, Knut. (1964) s.148. Helle, Knut. (1972) s.592.

som var bannlyste på grunn av konfliktane mellom kyrkje og kongemakt, då spesielt stadamála.³⁶³ Alle som ville ha absolusjon måtte avleggje eid på å anke dommen i sakene sine til erkebiskopen og kongen, medan biskop Arne skulle dømme i sakene som dei avgjorde at han hadde mynde til.³⁶⁴

Årsaka til at eg her tek med hendingane på Alltinget i 1288 er hovudsakleg fordi det vert nemnt i sagaen at då biskop Arne skulle gje absolusjon var det ikkje alle som lot seg løyse, deriblant Ravn. Det er ingen spesifikk grunngjeving til at Ravn ikkje lot seg løyse frå bannet, men det står at når det kom til dei andre som ikkje lot seg løyse frå bannet var det fordi dei hevda at dei var uskyldige eller fordi dei nekta for å vere lyst i bann. Sagaen attgjev argumentet deira slik at sidan dei hadde vorte bannlyst med sjølve gjerninga, hadde det ikkje vorte lyst særskilt bann over kvar enkelt med namn.³⁶⁵ Her kjem vi inn på det som eg nemnte ovanfor med skilnaden på bann med sjølve gjerninga, og bann der det først var ilagt advarslar og deretter lyst eit bann over personen med namn. Ein person kunne nekte for eigentleg å vere i bann viss han vart bannlyst med sjølve gjerninga på grunnlag av rettsvillfaring. Viss ein er villfaren med rettsreglane som pålegger straff kan ein krevje at straffa er ugyldig. Det er truleg det biskop Arne prøver å unngå at lekmenn kan hevde på Alltinget i 1284 sidan han presiserer at alle er kjende med forordningane i provinsialstatuttet frå 1280 som hadde vorte lest opp på Alltinget tidlegare.³⁶⁶ Sidan ein ved bannlysing med sjølve verket ikkje får advarslar om å endre åtferd kan ein hevde at ein ikkje viste betre. Vidare kan ein også påstå at når ein ikkje får ein rettargang eller lysing med namn, vert det vanskeleg å vete kven som faktisk var i bann. Det er tydelegvis det fleire har valt å hevde etter Alltinget i 1288. Sidan fleire ikkje vil vedgå handlingane sine vil biskop Arne heller ikkje gje dei absolusjon. Truleg har Ravn også nekta for at han har gjort noko klanderverdig slik som han gjorde på Alltinget i 1287 då han hevda at dei som hadde følgd skipanen frå 1283, og tatt stadar, var uskyldige. Bannet biskop Arne hadde pålagt dei var derfor ugyldig.³⁶⁷

Sjølv om eg ikkje har tatt med alle handlingane til Ravn, viser dei eg har tatt med i tidsperioden frå hausten 1283, då Ravn kom tilbake til Island frå Noreg, til og med sommaren

³⁶³ *Biskop Arnes saga* s.158-160. DI II nr.141 A. RN II nr.493. Stefánsson, Magnús. (1984) s.155.

³⁶⁴ *Biskop Arnes saga* s.159-160.

³⁶⁵ *Biskop Arnes saga* s.160. "Ek gekk Hrafn til lausnar, ok sumir þeir sem ekki kölluðuz sekir né forboðaðir fyrir þat er byskup sagði þá af verkunum sjálfum fallna í bann eðr forboð, þegar eigi var einkanliga lýst stórmælum yfir þeim af kennimönnum." *Árna saga byskups* s.181.

³⁶⁶ *Biskop Arnes saga* s.110.

³⁶⁷ *Biskop Arnes saga* s.149.

1288 at det er fleire grunnar til at biskop Arne kan ha lyst han i det store bann. Provinsialstatuttet frå 1280 vert brukt som grunngeving for bannlysinga i 1284 av alle på Alltinget, og vert vidare nemnt som heimel av biskop Arne for eventuelle bannlysingar som måtte kome viss lekmennene ikkje endra framferda si mot kyrkja etter forliket i 1284.³⁶⁸ Dette gjer det sannsynleg at det er provinsialstatuttet frå 1280 biskop Arne brukar i seinare bannlysingar av stadamennene og leiaren deira Ravn. Statuttet vert derimot ikkje brukt eksplisitt som grunngeving for bannlysinga av alle på Alltinget i 1287. Alle handlingane til Ravn som eg har vist til, konsentrert kring Alltinga, har truleg samla vore med på lysinga av Ravn i det store bann på Torlaksmissa etter Alltinget i 1288. Dette er delvis grunna i at det kjem fram i sagaen at bannlysinga på Torlaksmissa allereie var planlagd før Alltinget, men utsett på grunn av taktiske omsyn. Biskop Arne kunne ikkje vite då at kongen hadde sendt ein utsending til Island for å kome fram til eit forlik mellom partane, og ei bannlysing før Alltinget av leiaren til lekmennene ville kanskje føre til open strid.

Det er interessant at Ravn ikkje kunne løysast frå bannet i 1287 og 1288. Dette viser at han har vore i bann før bannlysinga i 1288 og at det har vore snakk om alvorlege lovbrøt. Det kan vere at det er bannet som han pådrog seg i 1282 då han var med på å drive erkebiskop Jon frå Noreg han ikkje kan få absolusjon frå sidan dette truleg har vore snakk om anathema.³⁶⁹ Det kan også vere at Ravn har kome i eit bann før 1287 som ikkje er nemnt eksplisitt i sagaen. Det kan også vere det bannet han kjem i på Alltinget i 1287 saman med dei andre tingmennene. Meir sannsynleg er det at Ravn ikkje lot seg løyse fordi han ikkje såg på bannlysingane frå biskop Arne som gyldige. Viss Ravn ikkje angra og gjorde bot for åtfersa si kunne han heller ikkje få absolusjon. Vidare kan årsaka til at det ikkje vert nemnt ei bannlysing av han før 1288 vere at dei banna han kjem i før dette året var med sjølve gjerninga.

Stefánsson hevdar at Ravn ikkje vart bannlyst på Torlaksmissa 20. juli 1288, i motsetnad til det eg har rekna som truleg.³⁷⁰ Han skriv ikkje nærmare kvifor han hevder det, men truleg er det fordi det vart oppnådd forlik mellom partane på Alltinget. Årsaka til at eg hevdar at Ravn vart bannlyst av biskop Arne som planlagd etter Alltinget, er fordi det kjem tydeleg fram at biskopen nektar å ha sosialt samkvem med Ravn etter tinget. Dette tyder på at Ravn var i det store bann. For det første ville Olav Ragnridsson ha både biskop Arne og Ravn til eit gjestebod etter forliket på Alltinget. Biskopen nekta å kome viss Ravn også skulle vere der,

³⁶⁸ *Biskop Arnes saga* s.117.

³⁶⁹ Definisjon av anathema s.53 f.

³⁷⁰ Stefánsson, Magnús. (1984) s.163.

sidan dei ikkje kunne vere til stades i same gjestebod.³⁷¹ Seinare inviterte biskop Arne Olav til eit gjestebod hjå seg i Skálholt. Han skal då ha presisert ovanfor Olav at han var velkomen så lenge han ikkje tok med seg Ravn.³⁷² September 1288 skal partane ha førebudd seg til avreise til Noreg for å få drøfta stadamála hjå kongen og erkebiskopen. Tett oppom avreise skal biskop Arne ha nekta å sove på garden Langahlíð viss Ravn også skulle sove der. Biskopen gjekk inn i kyrkja fram til Ravn reiste til ein annan gard for å overnatte.³⁷³

Det kan argumenterast i mot dette med at framferda til biskopen mot Ravn kan ha vore grunna i ei personleg konflikt mellom dei to, og ikkje ei bannlysing. Det vert presisert i sagaen at Ravn og Olav reiste på eit skip til Noreg, medan biskop Arne var på eit anna seinsommaren 1288.³⁷⁴ Biskop Arne hadde truleg gitt Ravn absolusjon før reisa til Noreg på grunn av fara for forlis.³⁷⁵ Bannet kan dermed ikkje ha vore årsaka til at dei ikkje delte skip. Likevel vil eg hevde at dette ikkje er uttrykk for ei personleg konflikt, sidan Ravn ikkje skal ha hatt noko mot å vere saman med biskopen. Dette er tydleg då både han og Olav ynskjer å overnatte på same gard som biskop Arne. Det er biskopen som nektar. I tillegg er framferda til biskopen mot Ravn når det kjem til gjesteboda i samsvar med korleis biskopen oppfører seg seinare mot den bannlyste Jon Brynjolvsson. Sidan Jon var bannlyst, nektar biskop Arne å vere i same gjestebod som han. Biskop Arne kan ha følgd erkebiskop Jon Raude sitt døme då ha nekta å vere i same gjestebod som den bannlyste Hallkell Ogmundsson.³⁷⁶ På grunnlag av framferda til biskop Arne ovanfor Ravn ser eg det som truleg at biskop Arne bannlyste Ravn på Torlaksmesse 1288.

Det er då merkverdig at biskop Arne vert klandra av den ny innsatte erkebiskop Jørund då han kom til Noreg i 1288 for ikkje å ha vore strengare mot stadamennene i sitt bispedøme. Erkebiskopen hadde fått vite av biskop Jørund av Hólar at biskop Arne ikkje hadde bannlyst nokon av stadamennene, deriblant Ravn. Biskop Arne skal ha forsvart seg med at “dette ikke var vanlig tale blant folk på Island”.³⁷⁷ Grunnlaget for påstanden om Ravn kan vere at biskop Arne ikkje bannlyste han med namn før sommaren 1288. Før det har Ravn truleg vore i bann med sjølve gjerninga. Biskop Jørund av Hólar, som erkebiskopen hadde fått informasjonen

³⁷¹ *Biskop Arnes saga* s.160.

³⁷² *Biskop Arnes saga* s.160.

³⁷³ *Biskop Arnes saga* s.164.

³⁷⁴ *Biskop Arnes saga* s.165.

³⁷⁵ Vi ser at biskopen ga Eindride Boggul og Nikolaus Oddsson absolusjon på same grunnlag. Sjå kapittel 5 s.90.

³⁷⁶ *Biskop Arnes saga* s.175-176.

³⁷⁷ *Biskop Arnes saga* s.166.

sin frå, reiste til Noreg sommaren 1287 og skal ha vore hjå erkebiskopen fram til sommaren 1288.³⁷⁸ Han har dermed ikkje fått med seg bannlysinga av Ravn, og har derfor fortalt erkebiskopen at biskop Arne ikkje hadde refsa stadamennene hardt nok. Skal vi tru sagaen er også informasjonen om at ingen av stadamennene vart bannlyst før 1287 feil sidan det står i sagaen at fleire av desse vart bannlyst hausten 1286.³⁷⁹ Bannlysinga av stadamennene vil eg kome tilbake til seinare. Ravn vart iallefall lyst i det større bann på nytt i 1289 medan han var i Noreg. Først av erkebiskop Jørund for å ha vore med på å lyse erkebiskop Jon i utlegd og deretter av biskop Arne for alle misgjerningane han hadde gjort i Skálholt bispedøme.³⁸⁰ Det vert ikkje her spesifisert kva for heimel som låg til grunn for bannlysingane.

Erlend Olavsson Sterke

Erlend Olavsson Sterke var lagmann på Island, og saman med Ravn Oddsson vart han av dei geistlege på Island rekna som ein av leiarane mot alle angrep mot rettsstoda til kyrkja.³⁸¹ Kvifor vart Erlend bannlyst? Vi får først vite om bannlysinga av Erlend i samband med bannlysinga av Ravn Oddsson sommaren 1288. Det står at på same måte som biskopen ville lyse Ravn i bann på Torlaksmesse ville han bannsette Erlend viss han ikkje gjekk med på forlik.³⁸² Sidan dette siktar til ein bannlysingseremoni slik som for Ravn, er det tilnærma sikkert at det også for Erlend er snakk om det store bann. Vi veit at Erlend ikkje vart forlikt med biskopen sidan det seinare i sagaen er omtalt to bannlysingar som han skal ha fått absolusjon frå. Det første bannet kom han truleg i allereie 1282 då han var med på å lyse erkebiskop Jon i utlegd. Truleg har han vore i bann med sjølve gjerninga allereie då, og kanskje fått ei bannlysing med namn seinare av erkebiskop Jørund slik som Ravn.³⁸³ Det andre bannet kom han i på Island fordi han hadde sagt kva som var lov når det kom til herredøme over kyrkjene. Dette skulle etter kyrkjeleg synspunkt vere opp til biskopane, og Erlend hadde tidlegare gitt eid på å halde seg til dommen til kyrkja over slike eigedomar. Vidare hadde han hevda at lova gav Ravn rett til å gje kyrkjene til lekfolk, og at han sjølv var like mykje lagmann over kristenretten som over landslovene. Saman med Ravn hadde han dømd om kyrkjene og tienden.³⁸⁴

³⁷⁸ *Biskop Arnes saga* s.151 og 161.

³⁷⁹ *Biskop Arnes saga* s.142-143.

³⁸⁰ *Biskop Arnes saga* s.167.

³⁸¹ Heile framstillinga i *Biskop Arnes saga* viser eit slikt synspunkt, spesielt s.132.

³⁸² *Biskop Arnes saga* s.155.

³⁸³ Ein ser at også Jon Brynjolvsson vart lyst i bann (1289) kring same tidspunkt som Ravn for å ha lyst erkebiskop Jon Raude i utlegde, *Biskop Arnes saga* s.167.

³⁸⁴ *Biskop Arnes saga* s.177-178.

Erlend gjer seg altså skuldig i dei same gjerningane som Ravn, og framstår som ein av dei viktigaste støttespelarane hans. Han var med på å lovta skipanen for Island frå 1283 på Alltinget i 1284, og var truleg med på Alltinget i 1287 då Ravn tilbakeviste biskop Arne sine bannlysingar og lyste fleire i utlegd. Vi veit også at han i 1286 skal ha stevna biskop Arne til tings for å svare for framferda si mot forliket inngått med lekmennene.³⁸⁵ Forliket det her er snakk om er sannsynlegvis det som vart inngått mellom Ravn og biskopen i domkyrkja i Skálholt året 1285. Ei slik stevning innebar at biskopen måtte underlegge seg lekmannsdom, i strid med både sættargjeda frå 1277 og provinsialstatuttet frå 1280.³⁸⁶ Brukte biskop Arne provinsialstatuttet frå 1280 i bannlysinga av Erlend sommaren 1288?

Lovbrota Erlend gjer seg skuldig i grunngeiv både bannlysing i det større bann og forbod etter provinsialstatuttet frå 1280. Retten til jurisdiksjon for kyrkja både i klerkemål og kristenrettssaker, og då sakene om herredømet over kyrkjeieigedomane, vert slått fast i fleire paragrafar i statuttet.³⁸⁷ Påstanden til Erlend om å vere lagmann like mykje over kristenretten som for landslovene, prøvde kongemakta å få innført allereie i 1281 med Jónsbók. Biskop Arne skal då ha brukt provinsialstatuttet frå 1280 som grunnlag for å nekte at fleire av kapitla i den nye lovboka skulle lovtakast. Deriblant var avgjersla om at det skulle vere ein felles lagmann for landslov og Guds lov.³⁸⁸ Sidan biskop Arne har brukt brot på statuttet som grunngeving før for ikkje å tillate at det skulle vere ein felles lagmann, kan han ha brukt det i dette tilfellet også mot Erlend. Dette vert derimot ein for vag påstand, og kan ikkje vere med på å stadfeste bruk av statuttet. Framferda til Erlend er eit døme på at også han fulgte kongemakta i Noreg med å tilsidesette sættargjerda frå 1277.

I saka til Erlend kan det vere ein moglegheit for at statuttet har vorte brukt som heimel for bannlysinga av han, men statuttet vert ikkje nemnt eksplisitt som heimel i sagaen. Vi veit for lite til å stadfeste eller avkrefte bruken av provinsialstatuttet frå 1280 i dette tilfellet. I 1290 vart Erlend på nytt bannlyst, men denne gongen i det mindre bann viss vi skal tru omgrepet brukt i sagaen.³⁸⁹ Eg vil ikkje gå nærmare inn på denne bannlysinga på grunn av omfanget.

³⁸⁵ *Biskop Arnes saga* s.136.

³⁸⁶ NMD nr.29 [2.] og *Provinsialstatuttet 1280* (spesielt) § 6.

³⁸⁷ *Provinsialstatuttet 1280* § 1, § 2, § 6, § 7.6, § 7.7, § 7.13 og § 7.14.

³⁸⁸ *Biskop Arnes saga* s.81 og 85. Sjå kapittel 3 s.41.

³⁸⁹ *Biskop Arnes saga* s.180-181. "forboði" *Árna saga byskups* s.205.

Formyndarstyret til kong Eirik

Fleire stadar i sagaen vert dei norske forholda nemnde og då spesielt framferda til formyndarstyret til kong Eirik mot erkebiskop Jon og kyrkja.³⁹⁰ Det kjem fram at fleire i dette styret og andre baronar kom i det større bann. Enkedronninga Ingeborg Eriksdotter, Andres Pålsson Plytt, Hallkell Ogmundsson Krøkedans og Jon Brynjolvsson vert nemnde med namn.³⁹¹ Eg vel her å la vere ei drøfting av desse bannlysingane eg har retta meg mot ei undersøking av korleis biskop Arne brukte statuttet. I tilfella med formyndarstyret til kong Eirik er det erkebiskop Jon som har lyst dei i bann. Bannlysingane er også så tett oppom konsilet at det er høgst sannsynleg at provinsialstatuttet frå 1280 vart brukt som heimel for bannlysingane.

Det mindre bannet – Forbod (interdikt)

Det mindre bannet var ikkje så alvorleg som det store bannet. Ein kan setje likheitsteikn mellom interdikt eller forbod og det mindre bannet. Det var ei mildare straff enn det store bannet og personar i interdikt kunne fritt vere sosial med andre.³⁹² Interdikt (interdictum) tyder forbod og er eit forbod mot visse religiøse handlingar.³⁹³ Interdikt kan delast inn i to grupper: *interdictum personale* og *interdictum locale* eller *generale*. Skilnaden mellom dei er at *interdictum personale* gjeld einskildpersonar, medan *interdictum locale* er knytt til ein geografisk stad.³⁹⁴ I vår samanheng er vi opptatt av *interdictum personale*, også kalla personalinterdiktet, på norrønt *forboð*. Det innebar forbod mot å ta imot nattverden, vere til stades ved gudsteneste, og for geistlege, forbod mot å utføre kyrkjelege handlingar.³⁹⁵ Personalinterdiktet kunne både vere eit generelt forbod mot alle gudstenestlege handlingar eller eit forbod mot enkelte handlingar. Eit vanleg avgrensa forbod var å verte nekta inngang til kyrkja. Dette ramma spesielt geistlege hardt sidan dei då ikkje kunne utføre sine embetsplikter.³⁹⁶ I *Biskop Arnes saga* er det fleire bannlysingar som fell innanfor denne kategorien, men nokre av dei som er nemnde er retta mot fleire menneske eller framstår som trugslar og ikkje realiserte bannlysingar. Nokre av desse vil verte omtala nedanfor under stadamennene. Det er tre tilfelle i sagaen som eg vel å trekkje fram som konkrete døme på personar i det mindre bann; Åsgrim Torsteinsson, Orm Klængsson og Torvald Helgesson.

³⁹⁰ *Biskop Arnes saga* s.90-91 og 94.

³⁹¹ Sjå *Biskop Arnes saga* s.91, 97-99, 119, 167, 175-177.

³⁹² NgL V s.200 og Seierstad, Andreas. (1959) sp.79.

³⁹³ Cross, F. L. (red.) (1974) s.708.

³⁹⁴ Seierstad, Andreas. (1959) sp.79. Hamre, Lars. (+2003, b) s.199.

³⁹⁵ Seierstad, Andreas. (1959) sp.77-79. Cross, F. L. (red.) (1974) s.490. Hamre, Lars. (+2003, b) s.199.

³⁹⁶ Hamre, Lars. (+2003, b) s.199-200.

Åsgrim Torsteinsson

Åsgrim Torsteinsson var ein aktverdig mann på Island og var i byrjinga ein nær ven av biskop Arne.³⁹⁷ I *Biskop Arnes saga* står det at venskapet mellom dei var så sterkt at ingen kunne få gjennomført noko anna enn det dei to ville når dei var einige. Åsgrim var sysselmann i Rangárþing aust for Þjórsá og saman med Ravn Oddsson i Árneshvíking, vest for Þjórsá.³⁹⁸ Åsgrim vert lyst i forbod to gonger, først vinteren 1282-1283 og deretter under sommaren 1284. Det er hovudsakleg to forhold som førar til at biskop Arne lyser Åsgrim i bann. For det første er det saka om skattlegging av husfolka på bispestolen i Skálholt. Dette ville ikkje dei geistlege godta på fleire grunnlag.³⁹⁹ Allereie i 1275 skal biskopane på Island ha nekta husfolka sine å betale skatt eller tingfarekaup til kong Magnus.⁴⁰⁰ I sættargjerda vart skattefridomen slått fast. Slik det står i konkordatet gjaldt fritakinga frå skatt berre erkebiskopen, biskopane av Oslo, Bergen, Stavanger og Hamar, og sokneprestane i desse norske bispedøma. Bispedøma på Island var dermed ikkje inkludert.⁴⁰¹ Dette har samanheng med at leidangen ikkje gjaldt på Island, og det er leidangsskatten geistlege får fritak for i konkordatet. Islendingane betalte derimot skatt og tingfararokaup.⁴⁰²

Det er sannsynleg slik som Magnús Stefánsson skriv at kong Magnus har vidareført fritaket frå skatt til dei islandske bispedøma med eit privilegiebrev.⁴⁰³ Fleire stadar i sagaen kjem det fram at biskop Arne skal ha sagt at det er usannsynleg at kong Magnus skal ha gitt bispestolen på Hólar større fridom enn bispestolen i Skálholt, og kor lite rettferdig det var viss bispestolen i Skálholt måtte betale det som bispestolen i Hólar var fritatt for.⁴⁰⁴ Dette tyder på at bispestolen på Hólar hadde fått eit privilegiebrev som ga fritaking frå skatt, og at biskop Arne krevde at ingenting mindre skulle gjelde også i hans bispedøme. Fram til forliket på Brautarholt våren 1284, krevde Åsgrim skatt av husfolket på bispestolen i Skálholt. Han kom i forbod på grunn av skattlegginga kring vinteren 1282-1283.⁴⁰⁵ Under Brautarholt-forliket lovde derimot Ravn Oddsson at bispestolen i Skálholt skulle i det heile nyte dei same rettane

³⁹⁷ Åsgrim og biskop Arne var inngift i slekt. Borghild Eyjolvsdóttir var gift med Loft Helgeson. Åsgrim var onkel til Borghild og biskop Arne onkel til Loft. *Biskop Arnes saga* s.77.

³⁹⁸ *Biskop Arnes saga* s.78.

³⁹⁹ Sjå tidlegare omtale i kapittel 2 s.31-32.

⁴⁰⁰ I sagaen vert det framstilt slik at kong Magnus fekk beskjed om dette saman med brevet frå biskop Arne, hirðen og bøndene på Island som fortalde om at dei hadde lovtatt ein ny kristenrett. Brevet er trykt i DI II nr.57 etter ei avskrift frå ca.1500. Det står ingenting i den bevarte avskrifta om skattleggingsspørsmålet. Denne delen av avskrifta er truleg tapt. *Biskop Arnes saga* s.53-54.

⁴⁰¹ NMD nr.29 s.144-146.

⁴⁰² *Jónsbók* s.28.

⁴⁰³ Stefánsson, Magnús. (1984) s.117.

⁴⁰⁴ *Biskop Arnes saga* s.91, 103 og 123.

⁴⁰⁵ *Biskop Arnes saga* s.96.

som bispestolen på Hólar. Det innebar at også bispestolen i Skálholt skulle få skattefritak, og Ásgrim som var til stades ved forliket lovde å betale tilbake våren etter all skatt og tingfarekaup som han hadde krevd i tre år. Ásgrim fekk dermed absolusjon for forbodet.⁴⁰⁶ Sagaen skal ha det til at sjølv om Ásgrim lovde å betale tilbake gjorde han det ikkje.⁴⁰⁷ Sommaren 1284 etter forliket på Alltinget skreiv Ravn og biskop Arne, saman med lagmennene Jon Einarsson og Erlend Olavsson Sterke, Ásgrim og Sturla Tordsson, eit brev til kong Eirik der dei sa at kongen måtte betale tiende av all sin eigedom på Island, og at dei islandske bispestolane skulle vere fritatt frå skatt og tingfarekaup. I tillegg stod det fleire saker i brevet som var forma som ein supplikk. Kong Eirik vart oppmoda av brevutferdarane å svare med eit brev på kva for punkt han ville godta eller avvise.⁴⁰⁸ Ásgrim lovde igjen å betale tilbake det han hadde krevd frå bispestolen i Skálholt.⁴⁰⁹

Seinare på sommaren 1284 skal Ásgrim framleis ha nekta å betale tilbake skatten og tingfarekaupet. Biskop Arne skal då ha møtt Ásgrim og spurd kvifor han ikkje haldt forliket på Brautarholt og det dei inngjekk på Alltinget. Ásgrim skal ha svara at eit kongebrev krevde at han skulle endre framferd og at kong Eirik no ynskte full skatt av husfolket til biskopen og alle andre som faren hans hadde krevd skatt av.⁴¹⁰ Det kan hende at dette kongebrevet er eit negativt svar på punkta som omhandla emnet i supplikken til kongen nemnt ovanfor. Kongebrevet er ikkje bevart i andre avskrifter eller attgjeve andre stadar enn i *Biskop Arnes saga*.⁴¹¹ Slik forteljinga i sagaen er vert ikkje sjølv kongebrevet lagt fram, så vi får berre vite det Ásgrim vel å fortelje til biskopen. Biskop Arne skal ha hevda ovanfor Ásgrim at kong Magnus aldri hadde samtykka i at bispestolen på Hólar skulle ha fleire rettar enn bispestolen i Skálholt. Viss det likevel hadde vore slik at kongane krevde at rettane til bispestolen i Skálholt skulle minnkast, burde Ásgrim aldri ha godtatt det. Biskop Arne sjølv ville aldri ha samtykka eller tålt slike krav, men ville ha “refset i samsvar med Guds lov og erkebiskop Jons forordning”. Ásgrim svara at han gjerne ville imøtekomme biskopen, men ikkje utan å ha

⁴⁰⁶ *Biskop Arnes saga* s.103.

⁴⁰⁷ Gangen i sagaen viser at Ásgrim nekta å betale og vert derfor på nytt lyst i forbod sommaren 1284. *Biskop Arnes saga* s.108, 115 og 122-123.

⁴⁰⁸ Forliket og brevet til kongen er omtalt i *Biskop Arnes saga* s.108-118. Supplikken til kongen er trykt i DI II nr.116.

⁴⁰⁹ *Biskop Arnes saga* s.115-116.

⁴¹⁰ *Biskop Arnes saga* s.122-123.

⁴¹¹ Sjå kommentarane til utgjevarane knytt til RN II nr.357.

rådført seg med sine lovfellar når det kom til kongen sine saker. Biskop Arne godtok ikkje svaret til Åsgrim og lot han derfor lysast på nytt i forbod av presten Torve.⁴¹²

Slik vi får attgjeve hendinga i sagaen tar den form av ein samtale mellom Åsgrim og biskopen. Vi kan ikkje vere sikker på om dei formulerte seg slik eller at samtalen hadde eit slikt forløp. Kanskje har forfattaren av sagaen sjølv vore til stades ved møtet eller fått det fortalt av biskop Arne. Viss vi skal tru framstillinga viser det at då biskop Arne straffa Åsgrim for ikkje å tilbakebetale skatt og tingfarekaup brukte han erkebiskop Jons forordning. Det kan vere provinsialstatuttet frå 1280 som er meint med uttrykket, men det kan også vere eit tidlegare brev sendt til dei islandske biskopane frå erkebiskopen. Erkebiskopen skal allereie ha advara Hallkell Ogmundsson hausten 1280 for å ha skattleggje kyrkjegodset, og det kan hende at erkebiskopen då har sendt brev til lydbiskopane sine med forbod mot ei slik skattlegging.⁴¹³ Eit slik forbod var også med i provinsialstatuttet frå 1280 som gjer det mindre sannsynleg at han allereie hausten etter konsilet skal ha sendt ut eit brev som igjen understreka dette forbodet. Derfor er det sannsynleg at det er statuttet som er meint.

§ 6 i statuttet gjev heimel for ei bannlysing av den som plagar eller legg ei ålmenn eller særleg tyngsle på arbeidsfolk eller tenestefolk til geistlege eller kyrkjer. Han skal då vere nekta inngang i kyrkja. Dette peikar på eit forbod. Vidare står det at personen som kjem i eit slikt forbod ikkje skal få absolusjon før han bøter på brotsverket han gjorde.⁴¹⁴ Viss det er slik at biskop Arne brukte provinsialstatuttet frå 1280 for å straffe Åsgrim, slik det står i sagaen, er det truleg § 6 han hovudsakleg har fulgt. Sidan Åsgrim ikkje levde opp til lovnaden sin vert han lyst i forbod igjen fram til han på dødsleiet ynskte forsoning med biskop Arne og kyrkja.⁴¹⁵

Åsgrim vart ikkje berre lyst i forbod på grunn av skattleggingsspørsmålet, sjølv om dette vert framstilt i sagaen som hovud årsaka. Fleire stadar i sagaen kjem det fram at Åsgrim vart bannlyst fordi han følgte kongen sine brev sjølv om det førte til krenking av kyrkja sine retter. Dette gjaldt spesielt avgjerslene om falker, lovgjevingsmynde i kristenrettssaker og at Guds lov ikkje skulle gå framfor landets lover.⁴¹⁶ Her må ein også rekne skattespørsmålet som ein del av dei generelle klagene frå biskopen. Åsgrim var med på Brautarholt-forliket og

⁴¹² *Biskop Arnes saga* s.122-124. "[...] ok ek ætti eigi at þola þó at gert væri heldr at hegna eptir Guðs lögum ok skipan Jóns erkibyskups." *Árna saga byskups* s.138.

⁴¹³ DN III nr.20. RN II nr.255.

⁴¹⁴ *Provinsialstatuttet 1280* § 6.

⁴¹⁵ *Biskop Arnes saga* s.124-125.

⁴¹⁶ *Biskop Arnes saga* s.88, 94, 96 og 112.

lovtakinga av skipanen for Island frå 1283 på Alltinget i 1284. I tillegg har ein meir spesifikke saker kring enkeltpersonar som kan ha forverra forholdet mellom biskopen og Åsgrim.⁴¹⁷

Desse vel eg ikkje å gå nærmare inn på her.

Slik framferda til Åsgrim vert skildra i sagaen grunngjev det bruk av straff frå biskop Arne. Om han har brukt provinsialstatuttet er usikkert sidan det kan diskuterast om det er statuttet som er meint med erkebiskop Jons forordning, men det er sannsynleg at det er statuttet som er meint.

Orm Klængsson (Orm i Tunga)

Første gongen vi får vite om bannlysinga til Orm er kring sommaren eller hausten 1284, og grunngjevinga for bannet vert nemnt eksplisitt i sagaen. Orm vart lyst i forbod sidan han støtta Åsgrim i dei fleste sakene mellom han og biskopen.⁴¹⁸ Noko meir enn det får vi ikkje vite om grunngjevinga for bannet. Sakene det då er snakk om vert ikkje nærmare diskutert, men truleg gjaldt det skattlegginga av husfolket i Skálholt og andre angrep mot rettsstoda til kyrkja som Åsgrim gjorde seg skuldig i. Då Åsgrim inngjekk forlik med kyrkja på dødsleiet oppfordra Orm han til ikkje å gjere det, og då liket vart flytta til Skálholt for å gravleggjast vart Orm nekta å følgje liket heilt til bispestolen sidan han ikkje var ynskja der av biskop Arne.⁴¹⁹ Sagaen er tendensiøs når det kjem til forholdet mellom Åsgrim og Orm. I nokre samanhengar vert det framstilt som om det er Orm som eggjar Åsgrim til den framferda mot kyrkja som han hadde. Spesielt kjem dette fram då Orm råda Åsgrim til ikkje å inngå forlik med biskop Arne på dødsleiet. Åsgrim vart då så sint at han fekk Orm jaga ut av huset. Orm vert framstilt som ein pådrivar for Åsgrim, og det var først på dødsleiet Åsgrim stod imot Orm.⁴²⁰ Om det faktisk var slik veit vi ikkje, men grunngjevinga for bannet slik det vert framstilt i sagaen var at han støtta Åsgrim i framferda si mot kyrkja. Kva for bann var det snakk om?

Slik bannet til Orm vert omtalt, vart han nekta inngang i kyrkja og dermed tilgang på gudsteneste, og han fekk ikkje motta nattverd i påska.⁴²¹ Ei slik omtale klårgjer at det er det mindre bann, forbod, det er snakk om. Det vert også skriva i sagaen at Orm vart lyst i forbod

⁴¹⁷ Saka om Loft Helgeson, *Biskop Arnes saga* s.88, 93-94 og 96-97. Saka om Ketil Ketilsson, *Biskop Arnes saga* sjå kap.41, 68 og s.100. Saka om Snorre, *Biskop Arnes saga* sjå kap.69, 72 og s.100.

⁴¹⁸ *Biskop Arnes saga* s.124.

⁴¹⁹ *Biskop Arnes saga* s.124-125.

⁴²⁰ Sjå *Biskop Arnes saga* s.122 og 124.

⁴²¹ *Biskop Arnes saga* s.128.

etter biskopen sin forordning, slik som Åsgrim.⁴²² Kan forbodet Orm vart lyst i rettferdiggerast utifrå provinsialstatuttet frå 1280?

Sidan grunngevinga for forbodet er så generell er det vanskeleg å kome fram til heimelen for bannlysinga, men det er fleire paragrafar som grunnjev bannlysing i det større bann eller forbod av personar som støttar andre i krenking av kyrkja sine rettar. Spesielt er det § 7. 6 som slår fast at alle som gjer krav eller urimelege tyngsler på kyrkja eller geistlege og dermed øydeleggjer framgangen og makta til kyrkja skal vere i det fullkomne bann. Dette skal også gjelde dei som hjelper nokon med ei slik framferd mot kyrkja.⁴²³ Denne paragrafen var spesielt retta mot verdslege leiarar slik som jarlar og sysselmenn. Skildringa av lovbrotet i denne paragrafen liknar på forholdet mellom sysselmannen Åsgrim som fekk støtte for framferda si av Orm. Derimot stemmer ikkje straffen overenes. Paragrafen ga det større bann som passeleg staff for eit slikt lovbrott, medan Åsgrim og Orm begge vart lyst i forbod. Slik som eg har tatt opp tidlegare kan misforholdet mellom teoretisk straff og den straffa som vart utøvd i praksis henge saman med biskopen si moglegheit til å tilpasse straff etter tilhøva. I denne perioden stod biskop Arne utan ein erkebiskop i Nidaros til å støtte seg på, og slik som eg kjem inn på nedanfor kan det hende at biskopen ikkje ville gå for hardt ut mot lekmennene utan ei slik støtte.⁴²⁴ Derfor lyste han Orm i forbod og ikkje i det større bann slik som provinsialstatuttet frå 1280 føreskreiv. Ein annan moglegheit er at biskop Arne har brukt dei meir generelle paragrafane i statuttet mot alle angrep på rettsstillinga til kyrkja som ikkje fastsette kva for straff som var passeleg. Det kan då ha vore snakk om både forbod og det større bann.⁴²⁵ Det vert opplyst at Orm tok med eit brev med trugsmål til biskopen frå Ravn.⁴²⁶ Ei slik opplysing i samband med samarbeidet mellom Orm og Åsgrim gir biskop Arne grunnlag for å lyse Orm i forbod for å bryte ned kyrkja sin fridom generelt. Det kan også tenkjast at biskopen ikkje brukte statuttet, men fant heimel for bannlysinga i kanonisk rett. Det er noko vi ikkje kan stadfeste eller avkrefte.

Eit anna forhold har vore med på å forverre Orm sitt forhold til kyrkja. Dette gjaldt kyrkjeieigedomene på høvdingsetet Haukadalur. I samanheng med striden om denne bondekyrkja ser det ut til at Orm fortsette å vere i forbod og ikkje fekk absolusjon frå forbodet som han vart lyst i året 1284. For å sjå nærmare på kvifor han var i forbod i ein lengre periode

⁴²² *Biskop Arnes saga* s.124. “[...] ok því var hann ok forboðaðr af byskups tskipan”. *Árna saga byskups* s.139.

⁴²³ *Provinsialstatuttet 1280* § 7. 6.

⁴²⁴ Sjå nedanfor s.82.

⁴²⁵ *Provinsialstatuttet 1280* § 1 og § 2.

⁴²⁶ *Biskop Arnes saga* s.126.

vil eg gå inn på denne striden. I sagaen får vi fortald at striden om bondekyrkja byrja då Orm skulle ta over Haukadalur året 1285 etter faren Klæng Teitsson som skulle reise til Viðey. I Viðey hadde det sidan 1226 vore etablert eit augustinerkloster som Klæng skal ha gått inn i.⁴²⁷ Haukadalur var ei bondekyrkje som eigde ein fjerdedel av garden den stod på i tillegg til krøtter og lausøyre. Kyrkja fekk også tiende og andre inntekter frå gardar i nærleiken.⁴²⁸ Klæng hadde vore den tidlegare kyrkjebonden og forvalta kyrkjeieigendomen og formuen tilknytta den.⁴²⁹ Då overtakinga til Orm skjedde skal biskop Arne ha overdratt den delen av partseiet som tilhørde kyrkja, kyrkjeluten, til presten Odd Svartsson.⁴³⁰ Ei slik overtaking av kyrkjeluten ville innebære at Odd skulle bu og forvalte eigeidomen og formua knytt til kyrkja. Kyrkja sin del av garden ville dermed verte ein sjølvstendig driftseining, det vil seie at kyrkja eigde heile sin part i garden, tilhøyrande formue, inntekter og krøtter. Kyrkja ville dermed ikkje berre få tilgang på ein del av avkastninga frå sin part i garden, men ville få heile avkastninga frå sin del.⁴³¹ Ei slik handling innebar å opprette ein stad på partseiegarden.⁴³² Dette ville ikkje Klæng og Orm godta sidan det tyda at dei ikkje fekk forvalte og ta imot avkastninga av kyrkja. Klæng skal då ha samla dei krøttera som tilhørde lokalkyrkja, og som presten Odd eigentleg skulle ha hatt, seks kyr og seksti melkesøyer, og Orm skal ha merka feet med sitt eige merke. Kyrkjebonden, no Orm, fortsatte dermed å administrere kyrkja og tilhøyrande formue i Haukadalur. Presten som vart sett av biskop Arne til å forvalte den nye staden fekk ikkje underhald og truleg ikkje lønn.⁴³³

Våren 1286 skal både Orm og presten ha krevd inn tiende frå gardane i nærleiken. Bøndene ville ikkje betale til begge, og for at det skulle vere presten som skulle få betalinga, oppmoda biskop Arne bøndene til å leggje betalinga i kyrkja. Det er først her vi får vete at Orm framleis var i forbod sidan han ikkje kunne gå inn i kyrkja og hente betalinga. Orm skal ha klaga til Ravn over at biskop Arne nekta han tienden og at han hadde gitt han forbod mot å gå inn i kyrkja, høyre gudsteneste og motta nattverden.⁴³⁴ Truleg var Orm framleis i det forbodet han hadde kome i året 1284 sidan vi ikkje får nokre opplysingar om absolusjon før han ligg på dødsleiet. Saka om kyrkja i Haukadalur har då rettferdiggjort at han ikkje vart løyst frå

⁴²⁷ *Biskop Arnes saga* s.127 og 148.

⁴²⁸ Stefánsson, Magnús. (1984) s.138. DI IV nr.19.

⁴²⁹ *Biskop Arnes saga* s.122 og 127.

⁴³⁰ *Biskop Arnes saga* s.127.

⁴³¹ Stefánsson, Magnús. (1984) s.138-139.

⁴³² Stefánsson, Magnús. (2000) s.28-30.

⁴³³ *Biskop Arnes saga* s.127-128. Stefánsson, Magnús. (1984) s.138.

⁴³⁴ *Biskop Arnes saga* s.128.

forbodet med det første. Provinsialstatuttet frå 1280 ga heimel for bannlysing når det kom til herredømet over kyrkjene, men fleirtalet av paragrafane gir det større bann som passeleg straff og då ofte med sjølve gjerninga.⁴³⁵ Derimot opnar § 1 både for det store bann og forbod.⁴³⁶ Biskop Arne kan derfor ha brukt statuttet som heimel. Orm skal ved dødsleiet gått med på å overdra heile kyrkjeformuen til presten Odd og fekk dermed absolusjon.⁴³⁷

Torvald Helgesson

Torvald Helgesson var prest på Island og fekk prostedøme av biskop Arne i Vestfirðir.⁴³⁸

Torvald var i byrjinga ein viktig støttespelar for biskop Arne i konfliktane med lekmennene, men slik det vert fortalt i *Biskop Arnes saga* vart han tilslutt bannlyst av biskopen. Kvifor vart Torvald bannlyst? Som nemnt ovanfor godkjente ikkje Ravn Oddsson at Torvald skulle ha prostedøme i Vestfirðir. I tillegg hadde Torvald herredøme over staden Holt i Önundarfjorður, noko Ravn hevda lekmennene hadde rettmessig krav på.⁴³⁹ Torvald vart ofte sett under press og trugsmål frå Ravn.⁴⁴⁰ I 1287 lyste Ravn Torvald og brødrene hans i utlegd, sannsynlegvis på grunn av at han på Alltinget same år erklærte at han skulle lyse alle dei som biskop Arne hadde sett på kyrkjeieigedomar i strid med skipanen frå 1283 i utlegd.⁴⁴¹ Torvald hadde då herredømet over staden Holt i Önundarfjorður.

Vi veit ikkje noko sikkert tidspunkt for bannlysinga av Torvald. Heller ikkje ein konkret grunngeving for bannlysinga er nemnt i sagaen. Det vert derfor vanskeleg å vite noko sikkert, men truleg har bannlysinga til Torvald samanheng med at han ga opp for presset frå Ravn våren 1288.⁴⁴² Han la då sakene sine under lekmanndom, og gjekk med på å gje frå seg herredømet over staden Holt til Ravn. Slik det vert framstilt i sagaen fekk biskop Arne vite om hendinga via andre som sa at Torvald no prata annleis om biskopen og at han hadde gitt seg under Ravn utan at det var nødvendig. Sagaforfattaren fortel vidare at biskop Arne vart rasande på grunn av nyheitene og aldri hadde nokon meir tillit til Torvald.⁴⁴³ Ravn derimot skal ha sett “pris på å ha fanget den gjeveste av biskopens overklerker og i stor grad trukket ham over på sin side”.⁴⁴⁴ Truleg er det etter denne hendinga at biskop Arne har bannlyst

⁴³⁵ *Provinsialstatuttet 1280* § 6, § 7. 6, § 7. 7 og § 7. 14.

⁴³⁶ *Provinsialstatuttet 1280* § 1.

⁴³⁷ *Biskop Arnes saga* s.146-148.

⁴³⁸ *Biskop Arnes saga* s.134.

⁴³⁹ *Biskop Arnes saga* s.134.

⁴⁴⁰ *Biskop Arnes saga* s.134, 144, 150, 152 og 154.

⁴⁴¹ *Biskop Arnes saga* s.149 og 152.

⁴⁴² Sjå tidlegare omtale i samanheng med bannlysinga av Ravn s.52 f.

⁴⁴³ *Biskop Arnes saga* s.154.

⁴⁴⁴ *Biskop Arnes saga* s.156.

Torvald. Sjølv om sagaforfattaren vil ha det til at Torvald skal ha sagt at han overga seg til Ravn med atterhald om at det ikkje måtte gå mot hans plikt til å tene Gud, Den heilage kyrkja og biskop Arne, oppfatta biskopen det annleis. For han hadde Torvald valt å gå imot sin overordna og føye seg etter lekmennene. Dette var sårt for biskop Arne og rekna som eit lojalitetsbrot. Dette er truleg hovudårsaka til at Torvald vart bannlyst.

I tillegg anklaga biskopen Torvald for å ha ødsla vekk kyrkjeformuane til Holt i Önundarfjörður og kyrkja i Vatnsfjörður. Han hadde også vore garantist for formuen til kyrkja på Breiðabólstaður på Reykjanes på vegne av broren sin, presten Adalbrand. Denne formuen hadde broren ødsla vekk medan han budde på staden. Vidare stod Torvald i gjeld til ein person kalla Njál. Njál ville at biskop Arne skulle avgjere saka mellom han og Torvald, og biskopen dømde Torvald til å betale ein narkvaltann og noko gods til Njál. Ein narkvaltann består av elfenbein og var svært verdifull. Biskop Arne såg på saka som viktig sidan Njál stod i gjeld til staden Hólar i Hrunamannahreppur. Viss Torvald betalte Njál, kunne staden lettare få tilbake det Njál skyldte. Torvald nekta å betale noko av det han skulda. Ravn på si side støtta Torvald i ikkje å betale noko, og hevda at biskop Arne gjorde seg skuldig i fiendskap mot kongen når han krevde delar av formuen til Torvald.⁴⁴⁵ Sidan Torvald nektar å betale gjer han seg skuldig i økonomiske tap for kyrkja, noko som truleg har vore ein del av grunngevinga for bannlysinga av presten. Kva for bann vart Torvald lyst i?

Ei opplysning i sagaen peiker mot at Torvald vart suspendert frå embetet. Dette er den tredje forma for poena medicinalis. Suspensasjon var ei mellombels straff som berre kunne ramme geistlege. Vedkommande kunne ikkje utøve sitt embete og kunne heller ikkje ta imot inntektene frå det. Det kunne innebere suspensjon frå utøvinga av vigselmakt, domsmakt og mottaking av inntekter, men trengte ikkje gjelde alle desse. Det var altså snakk om eit mellombels tap av utøvinga av rettane knytt til eit embete og ikkje tap av sjølve rettane.⁴⁴⁶ Torvald skal ha klaga til biskop Arne over at han fekk nesten ingen bøteinntekter, og at han vart utsett for fleire plager slik at han aldri fekk vere i fred. Det at han ikkje fekk nokon bøteinntekter kan tyde på at han var suspendert frå utøvinga av visse delar av embetsgjerningane sine slik som domsmakt.⁴⁴⁷ Derimot kan det hende at denne opplysninga peikar på framferda Torvald vart utsett for frå Ravn og lekmennene før våren 1288. I 1287 hadde Ravn erklært i eit rundskriv som skulle lesast opp i kvart kyrkjesosn på Vestfirðir at ein

⁴⁴⁵ *Biskop Arnes saga* s.154-156.

⁴⁴⁶ Hamre, Lars. (†2003, b) s.200.

⁴⁴⁷ *Biskop Arnes saga* s.154.

kvar som la sakene sine under prosten Torvald eller viste han støtte, ville verte rekna som landssvikarar.⁴⁴⁸ Magnús Stefánsson skriv at i sagaen vert det framstilt som om dette var delvis tomme truslar frå Ravn.⁴⁴⁹ Viss det likevel var slik at fleire ikkje ville legge sakene sine under Torvald, ville det innebere reduserte bøteinntekter, og viss vi skal tru sagaen klaga Torvald over at han fekk nesten ingen bøteinntekter. Hadde Torvald vore suspendert frå embetet ville han ha mista alle bøteinntektene. I tillegg klaga han over alle plagane han vart utsatt for, noko som truleg peikar på trugsmåla frå lekmennene før han ga seg under Ravn. Klaga frå Torvald kjem også i ein samanheng der biskop Arne ser tilbake på korleis han hadde tålt at Torvald ikkje hadde betalt for seg tidlegare. Opplysninga treng dermed ikkje vere tilknytta konsekvensane av brotet Torvald tok med biskop Arne, men situasjonen før. Fråsegna om reduserte bøteinntekter treng derfor ikkje vere ein indikasjon på at han var suspendert.

Vidare i sagaen finn ein informasjon om at Torvald ikkje fekk gå i kyrkje.⁴⁵⁰ Om denne opplysninga er sann, kan det peike på eit vanleg avgrensa forbod. Det å vere i forbod har nok ramma Torvald hardt. Som prest ville det å vere nekta inngang i kyrkja innebere at han ikkje kunne administrere sakramenta og halde gudsteneste. I praksis innebar det at han mista retten til å ha eit kyrkjeleg embete.⁴⁵¹ Det at Torvald vart utestengd frå kyrkja viser at det ikkje er snakk om suspensasjon som straff, men forbod, sidan suspensasjon ikkje ga nokon avgrensningar på inngang til kyrkja. Vi får ikkje meir informasjon om den kyrkjelege straffa Torvald vart pålagt utanom det som vert brukt til eit moralskt føremål i sagaen. Saka med Torvald vert bevisst nytta i sagaen for å vise at viss du krenkjar kyrkja på nokon slags måte, vil du verte straffa for det.⁴⁵²

Om biskop Arne brukte provinsialstatuttet frå 1280 som heimel for ei lysing av Torvald i det mindre bann har vi ikkje nok grunnlag for å seie det eine eller det andre. Han kan ha brukt nokon av dei generelle paragrafane i statuttet som gir bann som passeleg straff for alle lovbrøt eller krenkingar av kyrkja. Spesielt § 1 og § 2 er relevante i samanheng med saka til Torvald sidan begge desse går på brot mot rettsstillinga til kyrkja og opnar både for forbod eller det større bann som straff. § 1 går også inn på ran og ågang på kyrkjeieigedomane noko Torvald

⁴⁴⁸ *Biskop Arnes saga* s.149-150.

⁴⁴⁹ Stefánsson, Magnús. (1984) s.147.

⁴⁵⁰ *Biskop Arnes saga* s.165.

⁴⁵¹ Hamre, Lars. (†2003, b) s.199-200.

⁴⁵² Sjå *Biskop Arnes saga* s.155, 164-165 og 181-182.

gjorde seg skuldig i når han nekta å betale tilbake det han hadde i gjeld til fleire kyrkjer.⁴⁵³

Resten av paragrafane som går på lovbrota til Torvald viser til det større bann som passeleg sanksjon. Likevel betyr det ikkje at vi kan avkrefte at han kan ha brukt andre paragrafar sidan biskopen hadde eit visst slingringsmon til å justere straffa etter lovbrota. Sjølv om straffa til Torvald kan passe med paragrafane i statuttet frå 1280 kan vi ikkje stadfeste eller avkrefte at det vart brukt som heimel for bannlysinga.

Stadamennene

Sidan det finst så mykje generell omtale kring bannlysing av stadamennene og ei endring i kyrkjeleg framferd mot dei er det føremålstenleg å samle desse i ein diskusjon. Brukte biskop Arne provinsialstatuttet frå 1280 som heimel for bannlysingane av stadamennene?

Etter forliket på Brautarholt i 1284 gjekk fleire handgangne menn og bønder saman om å ta fleire stader og bondekyrkjer frå dei geistlege, og då i ei mykje vidare tolking av skipanen frå 1283 enn den biskop Arne la fram på Brautarholt. Ifølgje sagaen vart 18 kyrkjer tatt denne våren av ulike personar der fleire vert nemnt med namn.⁴⁵⁴ Biskop Arne erklærte at kyrkjene hadde vorte tatt mot hans vilje og hevda at lekmennene hadde brote forliket sidan dei tolka skipanen frå 1283 alt for vidt.⁴⁵⁵ Biskop Arne stiller seg tydleg fiendtleg til lekmennene sitt krav om kyrkjene, og truleg har biskopen allereie her rekna stadamennene som bannsette med sjølve gjerninga. Han bannlyser derimot ingen med namn. Som tidlegare nemnt vart den fiendtlege haldninga til biskopen mot stadamennene vidareført i hyrdebrevet som biskop Arne utferda etter forliket på Alltinget i 1284. Her átvarar han stadamennene og kongen sine menn mot å fortsetje med lovgjeving på kyrkja sitt område. Det som tidlegare var bestemt av kyrja om ulike forhold skulle gjelde. Dette gjaldt også herredømet over kyrkjene. Viss ikkje ville dei verte straffa i samsvar med Guds lov og provinsialstatuttet frå 1280.⁴⁵⁶

Provinsialstatuttet frå 1280 ga både heimel for bannlysing med namn og med sjølve gjerninga av stadamennene. Det kjem klårt fram at kyrkjeieigedomane skulle kyrkja sjølv råde over. Når herredømet over kyrkjene vert nemnt eksplisitt i paragrafane er det tilnærma alltid det større bann som vart rekna som passeleg straff. Tre av paragrafane høyrar nemleg til den siste gruppa med bannsmål som skulle føre til det større bann, medan det i den fjerde paragrafen

⁴⁵³ *Provinsialstatuttet 1280* § 1 og § 2.

⁴⁵⁴ *Biskop Arnes saga* s.107.

⁴⁵⁵ *Biskop Arnes saga* s.108.

⁴⁵⁶ *Biskop Arnes saga* s.117. DI II nr.117.

står eksplisitt “fullkome bann av sjølv gjerningi”.⁴⁵⁷ Derimot opnar § 1 i statuttet for både det store bann og forbod sidan det ikkje vert spesifisert kva for straff som var rettferdig.⁴⁵⁸ Viss det var slik som det står i sagaen at biskop Arne brukte stauttet, stemmer framferda hans overens med paragrafane i statuttet?

Når ein ser på framferda til biskop Arne ser vi at straffa som vert pålagd stadamennene i byrjinga frå 1284 til 1286 truleg er forbod. Våren 1285 sender biskop Arne ut eit brev til stadamennene, og åtvarar dei for å ta imot nattverden i påska. Han rettferdiggjjer advarselen med sitt embetsansvar som biskop i å rettleie dei kristne mot frelse. Den same motivasjonen finn vi i provinisialstatuttet frå 1280 for å utferde bannlysingsartiklane.⁴⁵⁹ Sidan han viste at stadamennene levde i dødeleg synd ville han forsøme embetet sitt viss han ikkje sa frå om ei slik straffbar handling som å krevje herredøme over kyrkjene. Han presiserar at han ikkje kunne nekte stadamennene å ta imot nattverden, men ei slik handling ville føre til at dei auka misgjerningane sine mot kyrkja og dermed straffa. Av eiga vilje burde dei unngå det. Det var derfor fleire som valte ikkje å ta mot nattverden.⁴⁶⁰ Ein kan tolke denne åtvaringa som eit forbod alle stadamennene hadde kome i med sjølv gjerninga. På Alltinget 1285 går derimot biskop Arne med på at stadamennene som hadde tatt stader eller bondekyrkjer i samråd med Ravn, igjen kunne ta mot nattverden. Dei fekk då nattverden på Alltinget. Det kjem fram seinare i sagaen, våren 1287, at eit brev med advarsel mot å gå til kyrkja og ta mot nattverden hadde biskopen sendt til stadamennene kvar vår før påske.⁴⁶¹ Dette har han truleg gjort også våren 1286 sidan fleire av stadamennene skal ha klaga til Ravn om at dei ikkje hadde fått tatt imot nattverden i påska 1286.⁴⁶² Kring tingtida i 1286 skal biskop Arne igjen gått med på å tåle at dei som hadde tatt stader eller bondekyrkjer i samråd med Ravn si tolking av skipanen kunne gå til kyrkje og ta mot nattverden. Fleire av stadamennene skal då ha gått til gudsteneste.⁴⁶³

Viss det var forbod med sjølv gjerninga stadamennene vart utsette for fram til 1286 er det ei mildare straff enn det dei fleste paragrafane i statuttet tilseier. Ved Alltinga i 1284, 1285 og

⁴⁵⁷ *Provinisialstatuttet 1280* § 6, § 7. 6, § 7. 7, § 7. 14.

⁴⁵⁸ *Provinisialstatuttet 1280* § 1.

⁴⁵⁹ *Provinisialstatuttet 1280* s.42, 45-46.

⁴⁶⁰ *Biskop Arnes saga* s.126, DI II nr.122.

⁴⁶¹ *Biskop Arnes saga* s.148.

⁴⁶² *Biskop Arnes saga* s.129, 135 og 136.

⁴⁶³ *Biskop Arnes saga* s.129 og 138.

1286 går også biskop Arne med på at stadamennene igjen kunne gå til kyrkje. Kvifor valte biskop Arne å gå mildt fram mot stadamennene og inngå forlik etter forlik?

Då skipanen frå 1283 kom til Island var erkebiskop Jon Raude død. Erkebiskopet stod då ledig heilt fram til 1288 då biskop Jørund vart iførd pallium.⁴⁶⁴ Den norske kyrkjeprovinsen stod dermed utan ein leiar i ein periode på seks år, og biskop Arne kunne ikkje vende seg til erkebiskopen i Noreg for å få støtte for sakene sine. Dette kan forklare kvifor han valte ei mildare linje mot stadamennene, og godtok forlik etter forlik. Ein slik tankegang finn ein belegg for i sagaen. Som nemnt tidlegare i kapittelet får biskop Arne eit brev frå Loft Helgeson som fortel om hendingane i Noreg og framferda til kongemakta mot erkebiskop Jon. I dette brevet oppfordrar Loft biskop Arne til å forlike seg med kongedømet så langt som det er mogleg, slik at den islandske biskopen ikkje vert utsett for den same åtferda som erkebiskop Jon. Viss biskop Arne ikkje visste at erkebiskopen var død, fekk han informasjon om det i brevet frå Loft.⁴⁶⁵ Om våren neste år inngår biskop Arne forliket på Brautarholt der han går med på å tåle påboda i brevet om stadamála fram til *ein ny erkebiskop til Nidaros var innsatt* [mi utheving].⁴⁶⁶ Biskop Arne skal ifølgje sagaen også ha sagt at Brautarholt-forliket var ein måte for han å kome ut av ein vanskeleg situasjon fram til det kom ein ny erkebiskop.⁴⁶⁷ Gong på gong vert det framheva i sagaen at ein framleis ikkje hadde fått ein ny erkebiskop til Nidaros.⁴⁶⁸ Det er sannsynleg at biskop Arne kan ha valt ei mildare linje mot stadamennene fordi han stod åleine utan ein leiar og støttespelar i erkebiskopen. Han har derfor valt ikkje å gå til det skritt å lyse stademennene i det store bann med namn, men heller inngått forlik med kongemakta for å utsetje ein konfrontasjon til ein ny erkebiskop vart innsatt.

Hausten 1286 ser ein derimot ei endring i framferda til biskop Arne mot stadamennene. Han byrjar no å bannlyse fleire av dei med namn i det store bann. Interessant nok vert det presisert av sagaforfattaren at sommaren dette året fekk biskop Arne vite at det hadde vorte valt ein ny erkebiskop i Noreg. Valet hadde falle på Eindride, ein korbror i Trondheim. Kunnskapen om valet skal ha “ytterligere skjerpet biskop Arnes hjerte til å straffe den urett som rammet kirken”, og forfattaren fortel vidare at “Biskopen mente han nå var fri fra alle forlik han hadde

⁴⁶⁴ Kolsrud, Oluf. (1913, a) s.204-205.

⁴⁶⁵ *Biskop Arnes saga* s.98-99. DI II nr.112.

⁴⁶⁶ *Biskop Arnes saga* s.102.

⁴⁶⁷ *Biskop Arnes saga* s.115.

⁴⁶⁸ *Biskop Arnes saga* s.102, 103, 115, 120, 133-134 og 135.

lovet å tåle fra stadamennenes side, ettersom han trodde det var kommet en erkebiskop til Nidaros”.⁴⁶⁹ Slike utsegn frå forfattaren støttar oppom teorien om at biskop Arne valte ei mild linje kring stadamála dei første ára fordi han stod åleine utan ein erkebiskop i Noreg som støtte. Eindride ville derimot ikkje etterkome valet, men dette var ikkje biskop Arne klar over, han trudde det hadde kome ein ny erkebiskop.⁴⁷⁰

Eirik Mårdson er den første vi får fortald om som vert bannlyst denne hausten på biskop Arne sin visitas i Vestfirðir. I tillegg til å ha tatt kyrkja i Selárdalur og kyrkja på Holt i Önundarfjörður hadde Eirik gjort seg skuldig i andre saker som krenkja kyrkja si rettsstilling. Sagaen nemner berre to av desse sakene eksplisitt. Han hadde tatt ein kval frå kyrkja på Eyri utan å betale kyrkja økonomisk motyting, og han hadde støtta Ravn Oddsson i angrepa på kyrkja med å reise rundt med brev frå sistnemnde med påbod om å følgje kongen si sak sjølv om det krenkja kyrkja. Sagaen framstiller det slik at biskop Arne skal ha oppfordra Eirik til å forlike seg med kyrkja, noko han ikkje gjorde. Desse oppfordringane om forlik frå biskopen er truleg dei tre påminningane som var nødvendige før biskopen kunne lyse Eirik i det store bann. Biskopen skal då ha bannlyst Eirik på marimesse 8.september. Skildringa av seremonien, “lyst i bann med klokkeklang og ved at et lys ble snudd opp ned og dermed slukket”, bekreftar at det var det større bann han vart lyst i.⁴⁷¹

Deretter får vi vite om bannlysingane av Klemet på Núpur, Torgrim Einarsson og Einar Torvaldsson same hausten. Alle tre skal ha fått fleire oppmodingar frå biskop Arne om å endre åtferd, men dei skal ha nekta noko forlik. Det vert vidare presisert i sagaen at dei vart lyst i bann på same måte som Eirik, og vi kan då rimeleg sikkert seie at dei vart lyst i det større bann med namn under ein bannlysingseremoni.⁴⁷² Som med Eirik vert det lista opp fleire saker som gjorde at desse tre kom i bann, men det at dei hadde tatt kyrkjeiegedomer har truleg vore det viktigaste. Klemet hadde tatt kyrkja på Núpur, og jaga vekk presten biskop Arne hadde sett på staden. Torgrim hadde tatt kyrkja på Staður i Steingrímsfjörður og tatt ein kval som tilhørde kyrkja utan å gje vederlag. Einar Torvaldsson hadde tatt kyrkja i Vatnsfjörður og jaga vekk prestane som biskop Arne hadde prøvd å sette der.⁴⁷³ Denne bondekyrkja vart sett på som ei av dei rikaste og var ei av dei to kyrkjene erkebiskop Jon

⁴⁶⁹ *Biskop Arnes saga* s.141 og 146.

⁴⁷⁰ *Biskop Arnes saga* s.142.

⁴⁷¹ *Biskop Arnes saga* s.142-143.

⁴⁷² *Biskop Arnes saga* s.143-144.

⁴⁷³ *Biskop Arnes saga* s.143-144.

dømde om i 1273.⁴⁷⁴ I tillegg var Einar skuldig i utanomekteskapeleg samleie. I tillegg til desse sakene, vert det sagt at han hadde gått til kyrkje og tatt imot nattverden sjølv om han var i forbod.⁴⁷⁵

Sommaren 1288 skal biskop Arne ha fått fleire brev frå den ny-innsatte erkebiskopen Jørund. I det eine skal han ha stadfesta dommen til erkebiskop Jon frå 1273 kring kyrkjeieigedomane. Biskop Arne skulle krevje herredøme over stadane og bondekyrkjene. Viss lekmennene ikkje ville rette seg skulle dei lysast i bann. Erkebiskop Jørund opplyser også om at kong Eirik ville støtte biskop Arne sitt krav om herredøme.⁴⁷⁶ Denne sommaren skal biskop Arne ha reist til Noreg for å få ei endeleg avgjersle i stadamála. Bannlysingane han kjem med no har han lyst med støtte av erkebiskop Jørund. Han har derfor truleg ikkje brukt provinsialstatuttet like aktivt slik som han gjorde i perioden då han stod utan ein erkebiskop.

Konklusjon

Det vi ser etter denne analysen over bannlysingane biskop Arne kjem med etter 1280 er at han i enkelte tilfelle brukar provinsialstatuttet frå 1280 eksplisitt som heimel. Dette var tilfelle då han bannlyste alle tingmennene på Alltinget i 1284. Han presiserer vidare i eit hyrdebrev etter dette Alltinget at viss lekmennene fortsetter med åtferda si mot fridomen til kyrkja, spesielt stadamål, vil han gje dei straff etter provinsialstatuttet frå 1280. Derfor er det truleg at biskopen nettopp brukte dette lovverket som grunnlag for bannlysingane han kjem med. Ein ser også at i dei tilfella vi har drøfta, har lovbrota vore dekkja av paragrafane i statuttet og straffa har i stor grad stemt overens med føreskriftene i det. Eg har likevel ikkje kunna stadfesta i at statuttet vart brukt i desse tilfella sidan det ikkje vart nemnt eksplisitt som heimel, men det er sannsynleg. Ein ser også at måten biskop Arne har brukt bann endrar seg etter tilhøva. Spesielt har biskopen brukt bannlysing for å kome fram til forlik etter forlik med stadamennene til det kom ein ny erkebiskop i Nidaros.

⁴⁷⁴ *Biskop Arnes saga* s.40-43.

⁴⁷⁵ *Biskop Arnes saga* s.143-144.

⁴⁷⁶ *Biskop Arnes saga* s.162. DI II nr.140. RN II nr.[498].

5. Bannlysingsmønsteret til biskop Arne – ei samanlikning

I forrige kapittel såg vi på bruken av statuttet. I dette kapittelet skal vi også rette merksemda mot bannlysingane før 1280. Det ein ser etter ei analyse av *Biskop Arnes saga* er at talet på bannlysingar aukar drastisk etter 1280; kring 35 personar vart bannlyst. Perioden før provinsialkonsilet i Bergen, som er dekkja av sagaen, står igjen med 5 tilfelle med bruk av bann.⁴⁷⁷ Føremålet med dette kapittelet er todelt. For det første skal vi sjå på dei 5 tilfella med bann som er nemnd i sagaen frå 1264 til 1280 for å samanlikne med banna som vart lyst etter provinsialkonsilet i 1280.⁴⁷⁸ Er det skilnad i måten biskop Arne brukte bannlysingar før og etter 1280? For det andre skal vi sjå korleis bannsette personar reagerte på å verte bannlyste. Hadde bannet den ynskja verknaden slik at personar endra åtferd? Akkurat dette spørsmålet er viktig for å vurdere om provinsialstatuttet frå 1280 hadde noko gjennomslagskraft hjå folket. Følgjene av å bryte paragrafane i statuttet var nettopp bann, og viss ikkje denne straffa var skremmande nok ville ikkje kyrkja vinne fram med sine krav.

Metodiske utfordringar

I ei samanlikning av bannlysingsmønsteret til biskop Arne før og etter 1280 er *Biskop Arnes saga* hovudkjelda. Dette førar til ein metodisk utfordring. Sjølv om sagaen dekkjer tidsspennet det er snakk om, ser ein at den vert meir detaljert og omfattande etter 1280.⁴⁷⁹ Dette førar til at kjeldeomfanget til den første perioden frå 1264 til 1280 har eit tynnare kjeldegrunnlag enn perioden etter 1280. Bannlysingsmønsteret vi ser biskop Arne har før 1280 er dermed ikkje nødvendigvis representativt for perioden. Det vi kan trekke ut av bannlysingane før 1280 er meir generelle tendensar basert på eit snevert kjeldegrunnlag. I perioden etter 1280 der kjeldetilfanget er betre kan vi derimot operere med meir sikre konklusjonar kring bannlysingsmønsteret til biskopen. Det kan dermed reisast spørsmål om den samanlikninga vi ynskjer å utføre lar seg gjere i lys av kjeldesituasjonen. Som svar på slike spørsmål har det vorte hevda at ei for streng vurdering av kjeldeomfanget vil føre til at ingen samanlikningar vil kunne la seg gjere.⁴⁸⁰ Eg har valt å utføre samanlikninga sjølv om

⁴⁷⁷ Vedlegg 1.

⁴⁷⁸ Den første perioden avgrensar seg frå 1264 sidan det første bannet Arne kjem med ikkje kan heilt sikkert daterast. Tidlegast har dette bannet vorte lyst i 1264, *Biskop Arnes saga* s.24. Perioden strekker seg så til 1280 då provinsialkonsilet vart haldt. Den andre perioden strekker seg frå provinsialkonsilet i 1280 fram til 1290. I 1290-1291 sluttar sagaen brått og vi mistar moglegheita til å fylgje biskop Arne sitt bannlysingsmønster vidare.

⁴⁷⁹ *Biskop Arnes saga* s.12.

⁴⁸⁰ Melve, Leidulf. (2009) s.74.

kjeldegrunnlaget er ujamnt for dei to periodane, men då med atterhald om at dei konklusjonane eg trekker ut frå perioden før 1280 er basert på ei tolking av eit lite kjeldegrunnlag.

Kontekst – Frå venskap til eit konfliktfylt forhold

Sjølv om undersøkingseiningane i denne samanlikninga ligg svært tett i tid og førekjem med same aktør og geografisk stad, er det svært ulike kontekstar vi no skal samanlikne. Biskop Arne har hatt ein heilt annan autoritet på Island i perioden før 1280. Truleg har dette hatt samanheng med biskopen sitt nære venskap med kong Magnus Lagabøte.⁴⁸¹ Det gode venskapet er fleire stadar understreka i sagaen, og det skal ha vore nær kontakt mellom den islandske biskopen og kongen. Dette ser vi både av at biskop Arne oppheld seg mykje hjå kongen medan han er i Noreg, og den omfattande brevvekslinga mellom dei.⁴⁸² Vi ser eit konkret døme i sagaen på at dei skal ha innleia eit samarbeid for å få kvart sitt mål gjennom på Island. Biskop Arne skreiv til kong Magnus i 1271 og ba han om støtte i stadamála. Samstundes sendte han eit brev til erkebiskop Jon med den same oppmodinga.⁴⁸³ Truleg vendte biskop Arne seg til både erkebiskopen og kongen sidan ei støtte frå begge ville gje eit breiare grunnlag for krava mot stadamennene, og gjere det vanskeleg for dei å stå mot biskopen sine krav.

Kong Magnus skal ha svara biskop Arne positivt, men med eit atterhald. Viss biskop Arne ville hjelpe han med å få lovtatt lovboka *Járnsiða* skulle han støtte biskopen i sakene hans. Kong Magnus viste til at biskopen med sin autoritet på Island ville lettare få gjennom eit lovvedtak hjå folket. I tillegg var det ein del av biskopen si plikt å rettleie folket til alt som kunne føre til forbetring. Som motyting ville han etterkome biskopen sitt ynskje om støtte i stadamála med å invitere han og motparten hans til eit møte i Noreg for å løyse striden.⁴⁸⁴ Biskop Arne skal ha fulgt kongen sitt ynskje om lovtakinga, og *Járnsiða* vart lovtatt på Alltinget i 1272.⁴⁸⁵ Dette samarbeidet mellom kong Magnus og biskop Arne viser at dei begge brukte kvarandre sin posisjon for å få gjennom sine ynskjer.⁴⁸⁶ Venskapet til kongen gir biskop Arne ein god moglegheit til å bruke kongen sin autoritet over sine handgangne menn

⁴⁸¹ Beistad, Heidi Anett Øvergård. (2008) s.58 f.

⁴⁸² *Biskop Arnes saga* s.22, 39, 56, 62-63, 72, 73-74. Sjå også Beistad, Heidi Anett Øvergård. (2008) s.68 f.

⁴⁸³ *Biskop Arnes saga* s.35.

⁴⁸⁴ Biskop Arne, Ravn Oddsson og fleire av stadamennene reiste til Noreg sommaren 1272 for å etterkome kongen sin invitasjon til eit møte for å få ei løysing på striden, *Biskop Arnes saga* s.37. Møtet det er snakk om er riksmøtet i 1273. Før møtet kom saka om stadane opp for ein kanonisk domstol leia av erkebiskop Jon Raude. Kongen var bisettar ved dommen representert av Audun Huggleiksson og Tore Håkonsson. Begge profilerte menn i kongen sin krets. *Biskop Arnes saga* s.39-43. Helle, Knut. (1972) s.163-166.

⁴⁸⁵ *Biskop Arnes saga* s.35-36.

⁴⁸⁶ Sjå Beistad, Heidi Anett Øvergård. (2008) s.74 og 75.

til å nå sine mål på Island. Denne autoriteten kan ha ført til at det ofte var nok med trugsmål om bann for at folket føya seg. Dette ser vi også døme på i sagaen. Biskop Arne fekk Egil Solmundsson og Torunn Einarsdotter til å skilje seg frå kvarandre sjølv om dei hadde vore gift i fleire år og hadde fem born saman berre ved bruk av trugsmål om bannlysing.⁴⁸⁷ Han fekk også sysselmannen Torvard Torarinsson til å gje etter i fleire søksmål der dei saksøkte hadde søkt hjelp hjå biskop Arne sidan dei hevda Torvard handterte saka deira urettferdig.⁴⁸⁸ Posisjonen til biskop Arne har truleg også vorte styrka av at han hadde ein erkebiskop i Nidaros som han kunne vende seg til for å få støtte.

Autoriteten biskop Arne hadde i 1270-åra ser han ut til å miste i perioden etter 1280. For det første var kong Magnus død, noko som førte til at det tidlegare venskapsforholdet til kongemakta var brote. Han greidde ikkje å bygge opp same samarbeidsforholdet til sonen kong Eirik.⁴⁸⁹ I staden vart han møtt av eit anti-kyrkjeleg formyndarstyre som gjekk inn for ei suverene kongemakt i lovgjeving og jurisdiksjonsspørsmål. I tillegg vart støtta frå erkebiskopen i Nidaros sterkt redusert. Frå konflikta utvikla seg sommaren 1280 vart erkebiskop Jon opptatt av hendingane i Noreg, og etter at han døydde i 1282 var erkebispestolen vakant i seks år. Konfliktsituasjonen som utvikla seg i Noreg og spreidde seg til Island, førte til fleire åtak på kyrkja. Etterspurnaden etter eit forsvar for kyrkja si rettsstilling har dermed vore meir aktuelt og biskop Arne tok i bruk bannet i ein større grad enn tidlegare.

Bannlysingar før 1280

Vi har fire tilfelle med bannlysing i perioden etter 1264 fram til 1280. Eit av desse er frå før Arne Torlaksson vart vigsla til biskop i Skálholt 1268. Som prest lyste Arne eit heilt gjestebod i forbod på grunn av eit ekteskap som ikkje var i samsvar med kanonisk rett. Ein mann med namnet Odde, vi veit ikkje etternamnet, var trulova med Oløv Broddedotter. Det var vitnar på ekteskapsløfta og blant dei var den islandske jarlen Gissur Torvaldsson. Då Arne fekk vite om bryllaupsplanane hevda han at eit slikt ekteskap var i strid med kanonisk rett sidan Odde var vigsla til diakon og derfor ikkje kunne gifte seg. Arne viste til både biskop Heinrek, tidlegare biskop på Hólar (1247-60), og den dåverande biskopen på Hólar, biskop Brand (1263-64), som begge hadde forbode alle subdiakonar og andre som hadde avlagd høgare vigelseid å

⁴⁸⁷ *Biskop Arnes saga* s.45-46.

⁴⁸⁸ *Biskop Arnes saga* s.57-60.

⁴⁸⁹ Beistad, Heidi Anett Øvergård. (2008) s.71. Beistad skriv at på slutten av 1280-åra ser ein eit tett forhold mellom kong Eirik og biskop Arne, men då med ein mindre venskapleg karakter enn det forholdet biskopen hadde med kong Magnus.

gifte seg. Likevel, etter jarl Gissur sitt råd vart bryllaupet haldt. Arne lyste deretter Odde og alle som var i gjestebodet i bann.⁴⁹⁰ Det kjem fram av framstillinga i sagaen at det var snakk om eit forbod. Jarlen vart nekta inngang i kyrkja.⁴⁹¹ Odde valte å fortsette med bryllaupet til tross for advarslane frå Arne truleg fordi han fekk støtte frå jarlen. Jarlen skal ha hevda at ekteskapet var fullt lovleg etter “forn landsskikk”. Han hevda at det stort sett hadde vore vanleg praksis på Island at personar med vigelseid kunne gifte seg. Han sjølv var vigsla til diakon, men var gift. Presten Arne stod likevel på sitt. I tillegg til å vise til dei islandske biskopane sitt forbod viste han til pavane sine utsegner som i liknande tilfelle hadde trua med fullt bann. Forordningane til pavane var alle kristne pliktige til å lyde.⁴⁹² Kravet til sølibat for geistlege går heilt tilbake til omkring 300 år e.Kr.⁴⁹³ Det gjaldt først berre geistlege av høgare vigsel, men pave Leo den store (pave 440-61) utvida sølibatet til også å gjelde subdiakonar.⁴⁹⁴ Dette vart vidare tatt opp igjen i lovgjevinga frå seinare konsil, noko som tyder på at sølibatkravet var vanskeleg å få gjennomført blant dei geistlege.⁴⁹⁵

Hendinga kring ekteskapet til Odde kan tene som eit døme på konflikhtar som kunne oppstå då geistlege viste til kanonisk rett som rettsgrunnlag. Sjølv om det i prinsippet var slik at alle kristne skulle følgje kanonisk rett, kunne det ikkje nødvendigvis verte brukt som heimel før det vart tatt opp i kristenrettane eller den kyrkjelege partikulærretten, slik som provinsiallovgeving, i kvart land. Den som vart dømd etter kanonisk rett utan at det var heimel i den heimlege retten kunne hevde at han vart utsett for rettsvillfaring.⁴⁹⁶ Det er dette jarlen hevdar då han viser til islandsk sedvane; biskopen kunne ikkje krevje noko utifrå kanonisk rett, som var ukjend for det islandske folk. Gissur jarl skal til slutt ha gitt etter for Arne, og Odde måtte gå ifrå Oløv. Deretter fekk alle som var i gjestebodet absolusjon.⁴⁹⁷ Ein ser seinare at sølibatskravet vart tatt med i alle dei fire revisjonane av kristenrettane frå kong Magnus Lagabøter, utforma i perioden 1260-1273: “Dette er de menn som ikke har lov til å få

⁴⁹⁰ *Biskop Arnes saga* s.23.

⁴⁹¹ *Biskop Arnes saga* s.24.

⁴⁹² *Biskop Arnes saga* s.23-24.

⁴⁹³ Sjå f.eks. *First Council of Nicaea (325)*, Canon 3, i Schroeder, H. J. (1937) s.21.

⁴⁹⁴ Gallèn, Jarl. (1957) sp.545-546.

⁴⁹⁵ Sjå f.eks. *First Lateran Council (1123)*, Canon 3 og Canon 21 (truleg feilplassert i vedtaka frå dette konsilet, stammar truleg frå pave Urban II (1088-1099)), *Second Lateran Council (1139)* Canon 6, i Schroeder, H. J. (1937) s.180, 192 og 200. Gallèn, Jarl. (1957) sp.545-546.

⁴⁹⁶ Sjå kapittel 4 s.49.

⁴⁹⁷ *Biskop Arnes saga* s.23-24.

seg en kone: munkar, prester, diakoner, underdiakoner, sinnsforvirrende menn og uføre”.⁴⁹⁸
Biskop Arne inkluderar også forbodet i sin kristenrett frå 1275.⁴⁹⁹

Vidare er to av bannlysingssakene vi ser før 1280 ein konsekvens av valdsgjeringar. Den første er saka med Gudlaug Tanneson. Gudlaug hadde som born mista faren sin, Tanne, i eit drap utført av Marteinn Måsson. Som hevn for drapet av faren vart broren til Marteinn, Pål Måsson, drepen. Drapa skjedde våren 1252 og vart avgjort med rettssak. Gudlaug som var born då drapa skjedde bestemte seg, 21 år seinare, for å hevne drapet på faren. Marteinn var då i biskop Arne sitt følgje og reid rett ved sidan av biskopen då Gudlaug plutselig hogg til han med ei øks i skuldra slik at blodet også traff biskopen. Biskop Arne reagerte på drapsforsøket med å lyse Gudlaug i bann. Grunngevinga til biskopen for bannlysinga var hovudsakleg to omstende. For det første hadde Gudlaug vore nær biskopen då han valte å hogge til Marteinn, noko som kunne ha ført til at biskop Arne vart skada viss han bomma.⁵⁰⁰ Utføring av ei valdsgjering i nærleiken av biskopen var også ei krenking av hans geistlege status. Det skulle føre til anathema.⁵⁰¹ For det andre var ikkje Marteinn førebudd på angrepet.⁵⁰² Det kan og vere at biskopen har tatt omsyn til statusen til Marteinn. Han var i teneste hjå abbed Olav Hjørleivsson som forstandar på Helgafell og var dermed ein lekmann i geistleg teneste. Angrepet kan derfor ha vorte rekna som eit angrep på ein geistleg.⁵⁰³ Likevel ser ein at det ikkje har vore snakk om anathema sidan det er biskop Arne sjølv som gir absolusjon til Gudlaug.⁵⁰⁴ Om det då har vore det store bann eller det mindre bann kan vi ikkje sikkert avgjere.

Den andre valdshandlinga i sagaen før 1280 er hendinga på ferja over Ölfusá sommaren 1278. Presten Gudmund Gudmundsson skulle ta ferja over elva då Eindride Bonde Boggul og Nikolaus Oddsson tok tak i presten og kasta reisegodset overbord. Presten omtalte det som om dei hadde skamfare han, og Eindride og Nikolaus innrømde at dei “hadde hatt et basketak da presten ikke ville overlate fergen til dem”. Eindride og Nikolaus var sendemenn frå kongen og hadde kome til Island i 1277. Dei skulle krevje inn kongen sine skatteinntekter og fremje bodskapen frå kongen. Eindride og Nikolaus hevdar at årsaka til at dei hadde byrja å slåst med

⁴⁹⁸ *Nyere Borgartings kristenrett I* [17.]. Sjå også *Nyere Gulatings kristenrett I* [25.], *Nyere Borgartings kristenrett II* [22.] og *Nyere Gulatings kristenrett II* [21.].

⁴⁹⁹ *Kristinréttur Árna Þorlákssonar* kap.17.

⁵⁰⁰ *Biskop Arnes saga* s.46-47.

⁵⁰¹ Definering av anathema sjå kapittel 4 s.53.

⁵⁰² *Biskop Arnes saga* s.47.

⁵⁰³ *Biskop Arnes saga* s.46-47.

⁵⁰⁴ *Biskop Arnes saga* s.47.

presten var fordi han nesten hadde fått tak i veskene deira med kongebreva og skulle kaste dei overbord. Dei handla i forsvar mot framferda til presten. Biskop Arne godtok ikkje utsegna til kongsmennene og opplyste dei om at dei hadde kome i *pavelig bann* med sjølve gjerninga.⁵⁰⁵ Biskop Arne har derimot vore villig til å gje dei absolusjon viss dei sverja ein eid og ga presten erstatning.⁵⁰⁶ Årsaka til at biskopen var villeg til å gje Eindride og Nikolaus absolusjon for eit pavebann har truleg samanheng med at dei skulle reise til Noreg. Ei slik reise kunne vere farleg og biskopen ville derfor ikkje ta sjansen på at to menn døydde i det store bann. Eindride og Nikolaus ville derimot ikkje sverje eid sidan dei hevda at dei berre hadde handla i sjølvforsvar. Dei betalte likevel ein liten sum til presten dei hadde angripe og fekk absolusjon før reisa.⁵⁰⁷

Den siste bannlysings-saka som vert omtala i *Biskop Arnes saga* i den første perioden er tilknytta stadamála. I 1268 reiste Arne Torlaksson til Noreg for å verte vigsla til biskop i Skálholt. Då han kom tilbake til Island 17. august 1269 hadde han med seg eit brev frå erkebiskop Jon med påbod gjeldande for det islandske folket. Desse forordningane gjaldt framferd under nattverden, lysing av ekteskap, nekting av nattverden for dei som tok seg friller, påbod om at alle stader og tiender skulle biskopen ha herredøme over, og forbod mot åger.⁵⁰⁸ Påbodet om biskopen sitt herredøme over stadane skal biskop Arne ha hevda ovanfor folket allereie same hausten som han kom tilbake til Island som ny vigsla biskop og visiterte Sunnlendingafjórðungur. Fleire skal då ha gitt råderetten over kyrkjene og kyrkjegodset til biskopen, men han fekk sterk motstand då det kom til dei rikaste stadane.⁵⁰⁹ Våren 1270 fortsette biskopen kravet om herredøme ovanfor dei lekmennene som tidlegare ikkje ville gje frå seg stadane. I denne samanhengen får vi vite om Ketil Loftsson som biskopen bannlyste for ikkje å gje frå seg råderetten over staden Hítardalur. I byrjinga var det først snakk om eit trugsmål om bann og Ketil skal då ha samtykka i å betale formuen til staden midlertidig til biskopen fram til kongen hadde gitt dom i saka. Samtykket trakk derimot Ketil tilbake seinare og biskop Arne lyste han i bann på Torlaksmesse om sommaren. Bannet var Ketil i ei tid før han våren 1272 fekk absolusjon sidan han igjen samtykka på å gje frå seg staden. Han lovde vidare aldri å krevje staden tilbake til seg eller nokon av arvingane sine så lenge det ikkje vart

⁵⁰⁵ Sjå kapittel 4 s.53 f. for ein diskusjon av nemningane anathema og pavebann.

⁵⁰⁶ *Biskop Arnes saga* s.62 og 66-67.

⁵⁰⁷ *Biskop Arnes saga* s.66-67.

⁵⁰⁸ *Biskop Arnes saga* s.24-27.

⁵⁰⁹ *Biskop Arnes saga* s.27.

avgjort av kongen og erkebiskopen at han hadde rett til det.⁵¹⁰ Ketil har då truleg visst om innkallinga frå kong Magnus til eit møte i Noreg for å avgjere stadamála.

Det er tydeleg at fleire må ha vorte bannlyst av biskop Arne i samband med stadamála i byrjinga av 1270-åra. I sagaen får vi vite om fleire stadar som biskop Arne reiste krav om, men det vert ikkje nemnt noko eksplisitt om fleire bannlysingar.⁵¹¹ Likevel er det tydeleg at biskop Arne har bannlyst fleire sidan Ravn Oddsson skal ha erklært at kongen aldri ville ha godtatt at lekmennene vart bannlyst slik utan nokon årsak.⁵¹²

Samanlikning

Ein ser at både før og etter 1280 brukar biskop Arne bannlysing bevisst for å få gjennomslag for kyrkja sine krav og synspunkt. Det er likevel nokre skilnadar vi legger merke til og som vi vil drøfte nærmare her.

Før 1280 ser vi at grunngevinga for bannlysingane er meir varierte. Ein har bannlysingssaker kring giftarmål, vald og stadamål. Derimot er bannlysingane vi finn etter 1280 hovudsakleg retta mot saker kring krenking av kyrkjeleg jurisdiksjon og stadamål. Den større variasjonen i bannlysingane som vi finn før 1280 kan ha samanheng med sagaen som kjelde.

Sagaforfattaren var i ein posisjon der han kunne sile ut det som han ville fortelje om og det som ikkje var nødvendig. Dette fører ofte til eit fokus på hovudkonfliktane. Han konsentrerer seg om stadamála i framstillinga si og elles dei andre åtaka mot kyrkja si rettsstilling som biskop Arne måtte vise tilbake. Slik framstår biskopen som ein som alltid arbeidar for kyrkja sin rett, noko som ut frå sjangeren er eit av føremåla med forteljinga. Biskop Arne skal oppfattast av lesaren som ein god og rettvis biskop.

Det er klart at herredømet over stadane og bondekyrkjene har vore sentral i forholdet mellom verdsleg og geistleg makt på Island i 1280-åra, spesielt etter at skipanen kom til øya i 1283. Den var eit alvorleg brot på rettsstillinga til kyrkja og opptek derfor biskop Arne i stor grad. I tillegg har ein det omstende at sagaen vart truleg skriven på byrjinga av 1300-talet.

Sættargjerda på Avaldsnes (1297) som avgjorde at stadane skulle kyrkja ha herredøme over medan bondekyrkjene skulle lekmennene ha herredøme over, hadde då vorte inngått mellom kong Eirik og biskop Arne.⁵¹³ Ein såg då avslutninga på ein langvarig strid som biskop Arne

⁵¹⁰ *Biskop Arnes saga* s.28 og 32-33.

⁵¹¹ *Biskop Arnes saga* s.27, 29, 33, 34, 37 og 40.

⁵¹² *Biskop Arnes saga* s.34-35.

⁵¹³ DI II nr.167. Stefánsson, Magnús. (2000) s.13.

hadde vore ein sentral del av. Forfattaren frå Skálholt-miljøet som har stått nær biskop Arne kan derfor ha sett det som ei viktig oppgåve å vise korleis biskop Arne kjempa seg fram til dette forliket. Konteksten kring utferdinga kan soleis vere med på å forklare kvifor vi får eit sterkt fokus på stadamála.

Problemet med ei slik fokusering på hovudkonfliktane er at forfattaren kan fort gje oss eit inntrykk av at biskop Arne ikkje bannlysar nokon for andre grunnar enn stadamála etter 1280. Dette er derimot ikkje sannsynleg. Det er trulegat biskop Arne bannlysar personar for andre saker slik som giftarmål mot kanonisk rett som vi har døme på frå perioden før 1280, men at sagaforfattaren ikkje har sett på desse bannlysingane som like viktig sidan dei ikkje kastar lys over hovudkonflikta i tidsperioden. Fokuset til forfattaren av sagaen kan derfor hindre oss i å finne eit meir variert utval av bannlysingssaker. Vi ser for eksempel at då Einar Torvaldsson vart bannlyst, vart også utanomekteskapeleg samleie tatt fram som ein del av grunngevinga for bannet.⁵¹⁴ Dette kan tyde på at biskop Arne truleg har hatt ein større variasjon i grunngevinga si for bannlysingar etter 1280 enn slik det er attfortald i sagaen, sjølv om vi ikkje kan stadfeste det.

Ein annan skilnad i korleis biskop Arne brukar bannet er at grunngevingane for bannlysinga etter 1280 er meir komplekse enn før 1280. Etter 1280 er det fleire gjerningar som førte til ei bannlysing, og ofte vert grunngevinga attgjeve i sagaen på ein meir omfattande måte. For eksempel har ein tilfellet med bannlysinga av heile gjestebodet tilknytta giftarmålet til Odde og Oløv før 1280. Her grunn gav biskop Arne bannlysinga med at det var eit giftarmål i strid med kanonisk rett. Han baserar soleis bannlysinga konkret på ei misgjerning. Viss ein då ser på den omfattande grunngevinga for bruk av bann då biskop Arne bannlyser Eirik Mårdsson, Klemet på Núpur, Torgrim Einarsson og Einar Torvaldsson medan han var på visitas på Vestfirðir hausten 1286, er det ein klår skilnad⁵¹⁵ Alle fire vart lyst i det store bann for å ha tatt stader eller kyrkjer med formue, noko som truleg har vore hovudgrunnen til bannlysinga, men i alle fire sakene vert det også inkludert fleire misgjerningar i grunngevinga.⁵¹⁶ For eksempel hadde Einar Torvaldsson i tillegg gjort seg skuldig i ekteskapsbrot, gått til kyrkje og

⁵¹⁴ *Biskop Arnes saga* s.143-144. Sjå kapittel 4 s.83-84.

⁵¹⁵ Sjå kapittel 4 s.83 f.

⁵¹⁶ *Biskop Arnes saga* s.142-144.

tatt imot nattverden sjølv om han var i forbod, og jaga vekk prestar frå kyrkja i Vatnsfjörður.⁵¹⁷

Inntrykket vi får av eit meir komplekst bannlysingsmønster hjå biskop Arne etter 1280 kan ha samanheng med dei endra tilhøva kring hans posisjon i det islandske samfunnet etter 1280. Den svekka autoriteten hans etter kong Magnus sin død og vakansen på erkesetet i Nidaros, gjorde etterspurnaden etter ei breiare grunngeving for ei bannlysing nødvendig. Den komplekse grunngevinga for bannlysingane etter 1280 kan også henge saman med kjeldetilfanget. Sidan sagaen vert meir omfattande og detaljert i 1280-åra tyder det på at forfattern hadde betre tilgang til informasjon frå denne tidsperioden eller sjølv var involvert i hendingane. Derfor kan han lettare inkludere alle tilhøva som førte til ei bannlysing etter 1280, medan han i perioden før ikkje har hatt den same informasjonen kring hendingane.

Ein tredje skilnad mellom dei to periodane er den drastiske auka i bannlysingar etter 1280. Denne auka har truleg samanheng med at situasjonen på Island i siste perioden, spesielt etter 1283, vart tilspissa og meir konfliktfult mellom geistlege og lekmenn. Desse tala er derimot usikre når det kjem til begge periodane. Som nemnt ovanfor er det indikasjonar på at biskop Arne bannlyste fleire lekmenn i den første perioden i samband med kravet om herredøme over stadane og bondekyrkjene etter påbodet frå erkebiskop Jon i 1269.⁵¹⁸ Talet på bannlysingar i sagaen etter 1280 har kanskje også vore høgare med tanke på at det truleg er fleire stadamenn som ikkje vert nemnde med namn som vart bannlyst. I tillegg kan det ha vore saker der biskop Arne påla bannet på personar som gjorde seg skuldig i kristenrettsbrot som åger eller feilaktig giftarmål, som ikkje vart tatt med i sagaen på grunn av fokuset til forfattern på hovudkonfliktane. Dette vert derimot spekulasjonar og kan ikkje avkreftast eller stadfestast. Det er uansett lite sannsynleg at talet på bannlysingar før 1280 har vore i nærleiken eller overstige talet vi har etter 1280.

Spørsmålet vert vidare om den sterke auka av bannlysingar i den andre perioden kan skuldast utferdinga av provinsialstatuttet frå 1280? Det er ikkje grunnlag for å knytte endringane til statuttet. Sjølv om dette gjorde utstrakt bruk av bann som eit forsvar for kyrkja er det hovudsakleg den nye situasjonen biskop Arne stod ovanfor i 1280-åra som førte til at han bannlyste fleire samanlikna med perioden før. Dette til tross for at vi har påpeika i kapittel 4

⁵¹⁷ *Biskop Arnes saga* s.143-144.

⁵¹⁸ Sjå ovanfor s.91.

at han var meir reservert i bannlysingane sine mot stadamennene så lenge erkebispstolen var vakant.⁵¹⁹

Verknaden av bannet

Statuttet frå provinsialkonsilet i Bergen 1280 var sjølv programerklæringa til erkebiskopen og biskopane på korleis dei skulle forsvare seg mot angrepa på rettsstillinga til kyrkja. Her var trugsel om bann brukt i si fulle tyngde. For å vurdere gjennomslagskrafta til provinsialstatuttet frå 1280 er det derfor nødvendig å vurdere korleis folket stilte seg til bannlysing. Korleis personar reagerte på bannlysing varierte, og det er vanskeleg å kome fram til kvifor det var slik. Denne analysa over verknaden til bannet vil berre inkludere det vi finn av omtale i *Biskop Arnes saga*.

Andreas Seierstad skriv at påverknadskrafta til bannet var avhengig av om bannet vart skikkeleg kunngjort for den bannlyste. Ei formell bannlysing var det som var det mest effektive.⁵²⁰ Ofte var det slik at bannlysingar med sjølv gjerninga vart lyst over fleire gjerningsmenn slik som vi finn døme av på Alltinget 1284 og 1287. Sjølv om ein vart bannlyst ved sjølv gjerninga hadde ein krav på at det skulle kunngjerast offentleg. Likevel var det ofte tilfelle der personar kunne hevde at dei ikkje kunne vere under bann sidan dei ikkje hadde fått det kunngjort med namn. Bannet vart soleis lyst over ukjende gjerningsmenn. Ein kunne dermed ikkje vite kven som var i bann. Seierstad hevdar at ein slik situasjon førte til at bruken av bannet hadde mindre gjennomslagskraft. Derimot var bannlysing med namn og “i rettslege former eit verksamt tvangsmiddel alt til slutten av mellomalderen”.⁵²¹

At ei særskilt kunngjering av bannet over kvar enkelt var ein viktig føresetnad for at bannet skulle vere effektivt er tilnærma sjølv sagt. For at ei lov eller ei straff skal vere gyldig for den det gjelder må personen vere klar over den. At fleire nektar for å ha vore i bann sidan dei ikkje har fått bannet særskilt kunngjort finn ein døme på då biskop Arne kom fram til eit forlik med lekmennene på Alltinget i 1288. Her lovde han å gje absolusjon til dei som avla eid på at kongen og erkebiskopen skulle avgjere alle sakene mellom partane. Det var likevel fleire som ikkje lot seg løyse nettopp fordi dei nekta skuld eller nekta for at dei faktisk var

⁵¹⁹ Sjå kapittel 4 s.82 f.

⁵²⁰ Seierstad, Andreas. (1959) sp.82.

⁵²¹ Seierstad, Andreas. (1959) sp.81-82.

bannlyste med sjølve gjerninga fordi dei ikkje hadde fått kunngjort særskilt bann over seg av geistlege.⁵²² Førte dei banna som vart kunngjort med namn til endringar hjå dei bannlyste?

Dei døma vi finn i sagaen viser at dei som vart lyst i bann med namn endra lite åtferda si sjølv om det hadde vorte kunngjort for dei. Biskop Arne har i tillegg valt å bannlyse sentrale personar i konfliktane, som Ravn Oddsson og Erlend Sterke, under den viktigaste høgtidsdagen i Skálholt bispedøme; Torlaxsmessa om sommaren.⁵²³ Dette har han truleg gjort sidan denne messa var godt besøkt og bannlysinga ville dermed verte kjent i eit større omfang. Då Ravn fekk vete om trugsmålet om bann frå biskop Arne skal han ha sagt:

Jeg frykter det ikke, selv om biskopen forbanner meg eller bannlyser meg og på denne måten lønner meg for at jeg til nå i mangt og mye har latt være å følge kongens påbud. Fra nå av akter jeg ikke å spare meg, siden det ikke lenger er noe som må skånes.⁵²⁴

Ravn frykta ikkje ei bannlysing frå biskop Arne og såg heller på det som ei moglegheit for å gå hardare fram mot kyrkja. Ein ser også at på Alltinget i 1287 erklærer Ravn alle banna biskop Arne hadde lyst mot stadamennene som ugyldige.⁵²⁵ Dette understrekar ignoransen for banna biskop Arne kom med. Kvifor førte ikkje slike bann fram?

I vurderinga av påverknadskrafta til bannet er tilhøva kring bannlysingane ein viktig faktor. Dei fleste bannlysingane vi får attfortald i *Biskop Arnes saga* etter 1280 er relatert til stadamála. Dette var ei politisk konflikt som hadde vidtgåande økonomiske konsekvensar. Viss biskopen vant fram med kravet om råderett over stadane og bondekyrkjene ville stadamennene miste ei viktig inntektskjelde og dermed ein del av deira maktgrunnlag. Konsekvensane av å gje etter for biskopen på grunn av bannlysing ville dermed vere store. I tillegg gjekk Ravn og stadamennene fram slik dei gjorde med grunnlag i deira tolking av skipanen som kom til Island frå kongemakta i 1283. Det forsvaret dei etablerte mot biskop Arne sine krav på stadane og bondekyrkjene var altså etter deira syn grunna i kongeleg lovgjeving.⁵²⁶ Ravn som viser seg som leiraren for stadamennene står for eit tankesett som ser på kongen som suveren i lovgjevinga. Derfor kan ikkje biskop Arne krevje noko som går mot kongen sine ord sidan det vil innebere opprør mot kongen. Bannlysingane grunna stadamála var slik ugyldige. Biskop Arne framsto i tillegg med ein svekka autoritet etter 1280 sidan han

⁵²² *Biskop Arnes saga* s.159-160.

⁵²³ *Biskop Arnes saga* s.155. Stefánsson, Magnús. (1984) s.148.

⁵²⁴ *Biskop Arnes saga* s.156.

⁵²⁵ *Biskop Arnes saga* s.149.

⁵²⁶ Det viser seg seinare at kong Eirik hevdar at Ravn og stadamennene har gått for langt i tolkinga deira av skipanen frå 1283, sjå *Biskop Arnes saga* s.163 og 169.

ikkje hadde ei vennleg innstilt kongemakt å vende seg til og stod utan ein erkebiskop i Nidaros. Situasjonen har truleg ført til at lekmennene med Ravn i spissen har tatt mindre omsyn til banna biskopen kom med.

Sjølv om tendensen i sagaen er at banna ikkje vart tatt omsyn til finn ein også indikasjonar på at dei hadde ei viss påverknadskraft. Då biskop Narve bannlyste Ravn etter oppmoding frå erkebiskop Jon og biskop Arne i 1289 då Ravn hadde kome til Noreg, vert det understreka i sagaen at folk rundt han ville ikkje ha sosial omgang med han utanom nokre få islandske menn. Ravn prøvde då å få ein engelsk klerk til å løyse han frå bannet med å anke saka til paven, men anka vart sett på som ugyldig og Ravn fortsette å vere i bann.⁵²⁷ Det er tydeleg at i den situasjonen Ravn då var i ikkje var ynskja av han sjølv. Tidlegare i forteljinga får vi også vite at det var fleire av folket på Island som valte ikkje å høyre på oppmodingane frå Ravn viss dei minska kyrkja sin fridom fordi “de med sikkerhet kjente biskopens vrede og bannlysing når man trosset hans vilje og forordning”.⁵²⁸

Ein ser også at trugsmål om bann er nettopp det som driv Ravn til å inngå forlik på forlik med biskop Arne. Med Brautarholt-forliket skal biskop Arne ha gått med på å tåle forordningane i skipanen frå 1283, men ikkje ha samtykka i dei. Truleg innebar dette ein lovnad om ikkje å bannlyse stadamennene. Likevel kjem biskopen med advarslar mot stadamennene om å ta imot nattverden i påska kvart år. Sagaforfattaren skriv at fleire av stadamennene ikkje turde å gå til kyrkje og ta imot nattverden på grunn av biskopen sine advarslar, noko som tyder på at trugsmålet om bann vann til ein viss grad fram.⁵²⁹ Ravn skal då ha klandra biskopen på grunn av framferda si mot stadamennene, og han skal ha hevda fleire gonger at biskopen hadde brote tidlegare forlik.⁵³⁰ Ein ser vidare at då partane drøftar forlika dei inngår, er ein vesentleg del av krava frå Ravn at biskopen løyser dei bannlyste frå bannet. Spesielt ser ein dette ved drøftingane på Alltinget i 1288.⁵³¹ Viss det verkeleg hadde vore slik at lekmennene ikkje hadde tatt omsyn til bannet ville dette ikkje ha vore eit så sentralt krav frå Ravn.

Den påverknadskrafta bannet hadde har truleg samanheng med følgjene av straffa på det personlege planet. Så lenge bannet var ei del av ei politisk konflikt der det var snakk om kven som hadde lovgjevingsmynde i saka, og følgjene av saka hadde store økonomiske

⁵²⁷ *Biskop Arnes saga* s.167.

⁵²⁸ *Biskop Arnes saga* s.150.

⁵²⁹ *Biskop Arnes saga* s.126.

⁵³⁰ *Biskop Arnes saga* s.108-109, 113, 129 og 134-135.

⁵³¹ *Biskop Arnes saga* s.133, 135-136, 138, og 158-159.

konsekvensar, ville det vere vanskeleg å vinne fram med sanksjonen. Likevel hadde bannet konsekvensar for det enkelte mennesket det gjaldt. Viss ein døydde i bann ville ein vere fortapt i det hinsidige. Dette er truleg årsaka til at både Ásgrim Torsteinsson og Orm Klængsson gjekk tilbake på det dei tidlegare hevda ovanfor biskop Arne og inngjekk forlik på dødsleiet.⁵³² Ein ser og at når det kjem til bannlysingane før 1280 vann biskop Arne lettare fram med dei sakene som vart rekna å vere under kyrkjeleg jurisdiksjon som giftarmål, medan det med Ketil Loftsson og herredømet over staden Hítardalur er vanskelegare å få aksept for bannet han kjem med.

Konklusjon

Samanlikninga av bannlysingsmønsteret til biskop Arne før og etter 1280 syner større variasjon i bannlysings sakene før 1280 enn i den siste perioden der bannlysingane hovudsakleg er knytt opp til stadamála og angrep på kyrkja si rettsstilling. Eg har hevda at dette kan ha samband med kjeldetilfanget som er dårlegare før 1280 eller forfattaren si fokusering på hovudkonfliktene etter 1280. Vidare ser vi at bannlysingane har meir komplekse grunngevingar etter 1280 enn før. Det kan vere eit uttrykk for den svekka autoriteten til biskop Arne. Han ville ha fleire misgjerningar å basere seg på. Det kan samstundes ha samband med at sagaen er meir detaljert etter 1280. Den tredje skilnaden er den sterke auka i bannlysingar etter 1280 som eg hevdar må sjåast i samband med den nye konteksten biskopen er i. Eg finn ikkje grunnlag for å sjå endringane i bannlysingsmønsteret til biskop Arne i samband med utferdinga av provinsialstatuttet. Sjølv om dette statuttet gjorde utstrakt bruk av bann som eit forsvar for kyrkja vil eg hevde at det er den konflikt prega situasjonen etter 1280 som skapar etterspurnad etter fleire bannlysingar.

Påverknadskrafta til bannet er tvetydig. Tendensen er at bannlysingane etter 1280 ikkje vart tatt omsyn til, men det kjem samstundes fram at å vere i bann ikkje var ein ynskja situasjon. Bannet påverkar ikkje åtferda til lekmennene, men dei førar fram til forlik mellom stadamennene og biskop Arne. Hovudårsaka til at bannet ikkje viste seg som eit verksamt tvangsmiddel for kyrkja var tilhøva kring bannlysingane. Bannlysingane var i stor grad knytt til politiske konfliktar med store konsekvensar for ei heil gruppe. I tillegg hadde autoriteten til biskop Arne vorte svekka på grunn av det nye forholdet til kongemakta og mangel på ein erkebiskop i Nidaros. Påverknadskrafta til provinsialstatuttet som var avhengig av korleis

⁵³² *Biskop Arnes saga* s.124-125 og 146-148.

bannet vart sett på av folket var dermed mindre enn det biskopane og erkebiskopen må ha hatt ynskje om i situasjonen som utvikla seg i 1280-åra.

6. Avslutning

Med føremålet å kome nærmare provinsialstatuttet frå 1280 har vi opna for eit nytt fokus på konflikta som utvikla seg i 1280-åra mellom kyrkja og kongemakta i Nidaros kyrkjeprovins. I denne undersøkinga har provinsialstatuttet vore fokuset, noko som skil seg klårt frå tidlegare historiske framstillingar. I stadenfor å godta den etablerte tolkinga i forskingslitteraturen om at statuttet var eit fåfengt forsøk på eit forsvar frå kyrkja i endringane som kom i 1280, har problemstillinga for denne undersøkinga vore: “Korleis vart provinsialstatuttet frå 1280 oppfatta og brukt i konflikta mellom kongemakt og kyrkje i 1280-åra?”

Bruken av statuttet har tidlegare ikkje vorte granska i større grad, truleg på grunn av vurderingar av kjeldegrunnlaget som for lite for ei slik undersøking. I tillegg har den etablerte tolkinga av statuttet som eit forsvar som ikkje førte fram i konflikta truleg spelt ei rolle. Denne undersøkinga la opp til ei ny handtering av kjeldene for å kunne kaste lys over den aktuelle problemstillinga. Vi har utført ei analyse av *Biskop Arnes saga* for å kome fram til korleis biskop Arne Torlaksson nytta statuttet i 1280-åra på Island ved hjelp av bannlysingane han kom med. Denne analysa har også gitt oss innsikt i korleis dei ulike partane såg på statuttet. Korleis vart så statuttet oppfatta av dei ulike partane?

Under lovtakinga av *Jónsbók* ser vi dei klåraste motsetnadane. Biskop Arne skal ha brukt statuttet som eit motargument mot lovtakinga. Her ser vi tydeleg ei vurdering av statuttet som ein autoritet og gjeldande lov. Kongen sin utsending Lodin Lepp avkreftar derimot gyldigheita til statuttet, og hevdar at lovgjevinga var opp til kongen åleine. Denne tankegangen ser vi også hjå Ravn Oddsson. Måten dei fleste av dei islandske handgangne menn avkreftar kyrkjeleg jurisdiksjon og lovgjevingsmynde på viser at dette har vore ei samla oppfatning hjå lekmennene. Sjølv om biskop Arne møtte ein sterk opposisjon på Alltinget i 1281 ser vi at han fortsett å bruke statuttet mot åtferda til lekmennene. Spesielt kjem dette fram på Alltinget i 1284 då han igjen viser til statuttet som ein autoritet mot framferda til Ravn og stadamennene. Motparten støttar seg derimot på deira tolking av skipanen frå 1283 og reknar ikkje bannlysingane som biskop Arne kjem med som gyldige.

For å vurdere vidare om biskop Arne brukte statuttet som eit forsvar har vi sett på bannlysingane han kom med i 1280-åra. Hypotesen for undersøkinga var at statuttet i stor grad vart brukt som eit forsvar frå kyrkja i konflikta med kongemakta. Det vi har funne er at

statuttet vert eksplisitt nemnt i sagaen som ein del av forsvaret til biskop Arne mot lovtakinga av Jónsbók i 1281 og på Alltinget i 1284. Biskopen viser også eksplisitt til statuttet som heimel for seinare bannlysingar i hyrdebrevet han utferda etter dette Alltinget. Dette gjer det sannsynleg at statuttet er heimelen for bannlysingane han kom med. Etter å ha sett på nokre av bannlysingane ser vi at alle desse har i stor grad vore dekkja av paragrafane i statuttet. I tilfellet med Ásgrim Torsteinsson ser vi også at det vert vist til erkebiskop Jon si forordning i samband med bannlysinga, noko som truleg er ei anna nemning på statuttet. Sjølv om bannlysingane har vore dekkja av statuttet kan det likevel ikkje stadfestast at statuttet vart brukt som heimel. Det undersøkinga av desse bannlysingane likevel viser er at det ikkje kan avkrefast. Dei eksplisitte tilvisingane til statuttet i argumentasjonen til biskop Arne viser at han brukte statuttet som eit forsvar, men det er ikkje grunnlag for å avgjere i kor stor grad. Førte så forsvaret til biskop Arne fram?

For å vurdere påverknadskrafta til statuttet har vi sett på gjennomslagskrafta til bannlysingane som biskop Arne kom med. Det viser seg at bannlysingane i stor mon vart ignorert av dei bannlyste, og førte ikkje fram til endra åtferd. Samstundes ser ein også at kravet om absolusjon frå banna var eit sentralt krav frå Ravn då partane skulle diskutere forlik. Spesielt ser vi dette i 1286 og på Alltinget i 1288. Det vert derfor nærliggjande å hevde at bannet ikkje hadde den ynskta verknaden som kyrkja hadde håpa på, men at det likevel hadde ei viss gjennomslagskraft sidan det førte biskop Arne fram til nye forlik. Slik kunne han utsette eit endeleg oppgjør med stadamennene, men samstundes hevde kyrkja sin rett fram til han kunne få støtte frå Noreg. Har vi så kome fram til kvifor bannlysingane ikkje førte til endra åtferd hjå lekmennene?

Vi har hevda at den endra situasjonen etter 1280 er hovud årsaka til at bannlysingane som biskop Arne kjem med ikkje endrar åtferd til mesteparten av lekmennene. Før 1280 hadde biskopen større autoritet på Island som ein nær ven av kong Magnus. Han hadde soleis ei moglegheit til å gå direkte til kongen i saker mellom han og lekmennene. Dette gjorde han også då han ynskja hjelp frå kongen i stadamála før 1273. I tillegg har han hatt ein erkebiskop i Noreg som han kunne få støtte frå. Konfliktsituasjonen etter 1280 tilspissa motsetnaden mellom dei geistlege og lekmenn. Biskop Arne sin autoritet vart svekka sidan kong Magnus døydde same året. Han vart no møtt av ei anti-kyrkjeleg kongemakt som gjekk tilbake på rettane til kyrkja. Erkebiskop Jon døydde også to år seinare, noko som innleia ein vakanse på erkesetet i seks år. Biskop Arne har dermed mista moglegheita til å søkje støtte både hjå

kongen og erkebiskopen. Konflikta som utvikla seg var også i stor mon politisk med økonomiske konsekvensar for partane. Dette gjaldt både stadamála og kampen om jurisdiksjonen. Bannlysingane til biskop Arne viser seg dermed å ha mindre slagkraft sidan dei vart brukte i ein politisk maktkamp. Ein ser likevel at då bannlysingane vart aktualisert på eit personleg nivå slik som ved dødsleiing har biskopen vunne fram. Ein ser at konteksten i perioden før 1280 er ein heilt annan enn korleis situasjonen utvikla seg etter 1280. Har dette ført til endringar i bannlysingsmønsteret til biskopen?

I samanlikninga vi utførte mellom bannlysingsmønsteret til biskopen i perioden frå 1264 til 1280 og bannlysingane etter 1280, ser ein ei meir kompleks grunngeving for banna, ein mindre variasjon i kvifor bannet vart lyst, og ei sterk auke i talet på bannlysingar. Den meir komplekse grunngevinga for bann har vi sett på som ein konsekvens av at biskopen ville ha eit breiare grunnlag for å bannlyse etter 1280. Dette har hatt samanheng med konfliktsituasjonen han no var i, og den svekka autoriteten han no hadde. Samstundes er dette ein usikker konklusjon sidan *Biskop Arnes saga* ser ut til å vere fyldigare og meir detaljert etter 1280. Den meir komplekse grunngevinga kan dermed ha samanheng med at forfattern av sagaen stod nærmare hendingane og hadde ein betre tilgang på informasjon. Den mindre variasjonen i bannssaker etter 1280 har vi sett på som ein konsekvens av forfattern sitt fokus på hovudkonflikta, stadamål, i sagaen. Dei bannlysingane grunna i kristenrettsbrot slik som feilaktig giftarmål kan dermed ha vorte sila ut av framstillinga av forfattern. Den sterke auka i bannlysingar etter 1280 kan for det første sjåast i samanheng med at sagaen er fyldigare etter 1280. Likevel har nok talet på bannlysingar vore mykje høgare enn i perioden før 1280. Auka kan ha samanheng med statuttet som vart utferda i 1280 sidan det inneheldt ein utstrakt bruk av bann, men vi har hevda at det er ikkje er noko grunnlag for ein slik påstand. Det er heller meir sannsynleg at auka er ein konsekvens av konfliktsituasjonen etter 1280. Det vart eit større behov for bannlysingar frå biskopen.

Viss vi så vender tilbake til Lars Hamre si oppmoding om ei djupare framstilling av statuttlovgjevinga i den norske kyrkjeprovinsen, kan vi seie at denne undersøkinga har kome fram til noko vesentleg nytt? Vi har tilført den etablerte forskinga ei innsikt i bruken av statuttet frå 1280 frå ein av lydbiskopane i kyrkjeprovinsen. Slik har vi sett på statuttet frå ei side som ikkje har vorte vidare diskutert tidlegare. Samstundes har vi sett på konflikta som utvikla seg i 1280 med fokus på provinsialstatuttet. Statuttet har soleis ikkje vorte ei kjelde til ei historisk framstilling av hendingane denne sommaren slik som etablert forskingslitteratur

ofte har brukt statuttet til. Med dette fokuset har vi sett på motivet bak konsilet som erkebiskop Jon kalla inn allereie i 1278. Vi har konkludert med at det er mindre truleg at innkallinga vart motivert av generalkonsilet i Lyon 1274, men at det kan sjåast i samanheng med erkebiskop Jon sitt ynskje om å få lovtatt sin eigen kristenrett eller i eit ynskje om å ta opp dei viktigaste paragrafane frå sættargjerda i kyrkjeleg lovgjeving. Vi har også sett på heimelen for nokre av paragrafane i statuttet som vi fann i både kanonisk rett og heimleg rett. Analysen av *Biskop Arnes saga* viser at den etablerte tolkinga i forskingslitteraturen på statuttet som eit fåfengt forsøk på eit forsvar frå kyrkja burde nyanserast. For det første ser ein at statuttet vart brukt som eit kyrkjeleg forsvar. Bruken av statuttet førte biskop Arne Torlaksson fram til forlik etter forlik med stadamennene. Dette til tross for at statuttet ikkje vart oppfatta av motparten som gjeldande rett. Dette viser også at sjølv om bannlysingane ikkje førte til endrå åtferd hjå dei bannlyste hadde dei ein viss påverknadskraft. Likevel er det viktig å understreke at statuttet som eit forsvarsmiddel hadde nok ein langt mindre verknad enn det kyrkja opphaveleg må ha håpa på. Sjølv om det har latt seg stadfeste at statuttet vart brukt, har det derimot ikkje latt seg avgjere i kor stor grad det vart brukt. Hypotesa nemnt i innleiinga burde derfor også nyanserast. Vi kan ikkje stadfeste at det vart brukt i stor grad.

Sjølv om undersøkinga hadde som mål å kome med ei tilføring til etablert forskning, representerer likevel dette berre eit forsøk på å svare på Hamre sine oppmodingar. Det er fleire områder med provinsialstatuttet frå 1280 som kan utforskast vidare. Ei djupare undersøking av heimelen til statuttet kan vere med å klårgjere om konsilet burde verte sett i samanheng med sættargjerda frå 1277 eller eit anna føremål. Sidan statuttet er utforma under ei konflikt er det også interessant å sjå om konsilet vendte hovudsakleg til heimleg rett eller kanonisk rett som grunnlag for forsvaret dei bygde opp. Eit anna emne som med fordel kunne utdjupast nærmare er opptakinga av statuttet i seinare kyrkjeleg lovgjeving. Sjølv om Seip her har vore inn på emnet slik vi nemnte i innleiinga, kan ei vidare undersøking klårgjere bruken og gyldigheita til statuttet frå ei annan side enn det vi her har kunne gjort. Det hadde også vore interessant å sett nærmare på listene over bannstraff trykt i *Diplomatarium Islandicum* som vi nemnte i innleiinga. Kva er forholdet mellom desse og statuttet? Vidare var oppmodinga til Hamre retta mot statuttlovgjeving generelt, og ikkje berre til provinsialstatuttet frå 1280. Oppmodinga siktar soleis til fleire undersøkingar av ulike statutt.

Kjelder og litteratur

Kjelder

Árna saga byskups. (1998) Utg. Guðrun Ása Grímsdóttir. Biskupa Sögur III. I *Íslenzk fornrit*. Bind XVII. Reykjavík.

Biskop Arnes saga. (2007) Omsetjing av Magnús og Gunhild Stefánsson. Oslo.

DI = *Diplomatarium Islandicum, Íslenzkt fornbréfasafn* II 1253-1350 (1893) Utg. Jón Sigurðsson og Jón Þorkelsson. Kaupmannahöfn.

DN = *Diplomatarium Norvegicum* I, II, III, VI, XVII, XIX (1874-1914) Utg. Chr. Lange og Carl R. Unger, Gustav Storm, H. J. Huitfeldt-Kaas, Alexander Bugge, Chr. Brinchmann og Oluf Kolsrud. Christiania.

Erkebiskop Jons kristenrett. I *Nyere norske kristenretter* (2009) Omsetjing av Bjørg Dale Spørck. Oslo.

Hirdskræden. (2000) Omsetjing av Steinar Imsen. Oslo.

IA = *Islandske Annaler indtil 1578.* (1888) Utg. Gustav Storm. Christiania.

Jónsbók = Jónsbók. The Laws of Later Iceland. (2010) Omsetjing av Jana K. Schulman.

Kristinréttur Árna Þorlákssonar = Járnsiða og Kristinréttur Árna Þorlákssonar. (2005) Utg. Haraldur Bernharðsson, Magnús Lyngdal Magnússon og Már Jónsson. Reykjavík.

Magnus Lagabøters landslov (1915) Omsetjing av Absalon Taranger. Oslo – Bergen.

NGL = *Norges gamle Love* III-V (1849-95) Utg. Rudolf Keyser, P. A. Munch, Gustav Storm og Ebbe Hertzberg. Christiania.

NMD = *Norske middelalderdokumenter.* (1973) Utg. Sverre Bagge, Synnøve Holstad Smedal og Knut Helle. Bergen – Oslo – Tromsø.

Nyere Borgartings kristenrett I. I *Nyere norske kristenretter* (2009) Omsetjing av Bjørg Dale Spørck. Oslo.

Nyere Borgartings kristenrett II. I *Nyere norske kristenretter* (2009) Omsetjing av Bjørg Dale Spørck. Oslo.

Nyere Gulatings kristenrett I. I *Nyere norske kristenretter* (2009) Omsetjing av Bjørg Dale Spørck. Oslo.

Nyere Gulatings kristenrett II. I *Nyere norske kristenretter* (2009) Omsetjing av Bjørg Dale Spørck. Oslo.

RN = *Regesta Norvegica* II (1978) Utg. Sverre Bagge og Narve Bjørgo. Oslo.

Schroeder, H. J. (1937) *Disciplinary decrees of the general councils. Text, Translation, and commentary.* London - St. Louis.

Oppslagsverk

Cross, F. L. og E. A. Livingstone. (1974) *The Oxford Dictionary of the Christian Church.* Second Edition. London.

Haraldsø, Brynjar. (1999) *Fagord i teologi og kristendomskunnskap.* Oslo.

Heggstad, Leiv., Finn Hødnebø og Erik Simensen. (2012) *Norrøn ordbok.* 5. utgåve. Oslo.

Litteratur

Bagge, Sverre. (2010) *From Viking Stronghold to Christian Kingdom. State Formation in Norway, c.900-1350.* København.

Beistad, Heidi Anett Øvergård. (2008) *Kirkens frihet. Biskop Arne Torlaksson som Islands reformator.* Masteroppgåve i historie. NTNU, Trondheim.

Bjørkvik, Halvard. (1965) Leidang. I *Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder: Fra vikingtid til reformasjonstid.* Bind X. Oslo. sp.432-442.

Bjørkvik, Halvard. (1967) Olafsskatt. I *Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder: Fra vikingtid til reformasjonstid.* Bind XII. Oslo. sp.553-556.

Brundage, James A. (1995) *Medieval Canon Law.* London – New York.

- Canning, Joseph. (1998) *A History of Medieval Political Thought 300-1450*. London.
- Dahlerup, Troels. (1968) Provst. I *Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder: Fra vikingtid til reformasjonstid*. Bind XIII. Oslo. sp.537-540.
- Gallén, Jarl. (1957) Celibat. I *Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder: Fra vikingtid til reformasjonstid*. Bind II. Oslo. sp.545-548.
- Grímsdóttir, Guðrún Ása. (1998) Formáli. Biskupa sögur III. I *Íslensk fornrit*. Bind XVII. Reykjavík.
- Hamre, Lars. (1959) Fabrica. *Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder: Fra vikingtid til reformasjonstid*. Bind IV. Oslo. sp.115-120.
- Hamre, Lars. (1963) Kirkevænger – Norge. I *Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder: Fra vikingtid til reformasjonstid*. Bind VIII. Oslo. sp.412-415.
- Hamre, Lars. (1972) Statuter – Norge. I *Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder: Fra vikingtid til reformasjonstid*. Bind XVII. Oslo. sp. 65-70.
- Hamre, Lars. (1979) *Møtet i Bergen sommaren 1280, Seminar hausten 1979*. [Upublisert manuskript, under avlevering til Nasjonalbiblioteket].
- Hamre, Lars. (†2003, a) Ein diplomatarisk og rettshistorisk analyse av Sættargjerda i Tunsberg. I *Historisk Tidsskrift*. Bind 82. Oslo. s.381-431.
- Hamre, Lars. (†2003, b) Striden mellom erkebiskop Jørund og domkapitlet i Nidaros. I Imsen, Steinar. (red.) (2003) *Ecclesia Nidrosiensis 1153-1537: Søkelys på Nidaroskirkens og Nidarprovinsens historie*. Skrifter nr.15, Senter for middelalderstudier, NTNU. Trondheim.
- Haug, Eldbjørg. (1996) *Provincia Nidrosiensis i dronning Margretes unions- og maktpolitikk*. Doktoravhandling i historie. NTNU, Trondheim.
- Haug, Eldbjørg. (2003) Konkordat-konflikt-privilegium. Sættargjerden som indikator på forholdet stat-kirke fra Magnus Lagabøter til Christian I (1273-1458). I Imsen, Steinar. (red.) (2003) *Ecclesia Nidrosiensis 1153-1537: Søkelys på Nidaroskirkens og Nidarprovinsens historie*. Skrifter nr.15, Senter for middelalderstudier, NTNU. Trondheim.

- Haug, Eldbjørg. (2013) *Statutory Legislation in the Norwegian Church in the Later Middle Ages*. [Upublisert].
- Helle, Knut. (1964) *Norge blir en stat 1130-1319. Handbok i Norges historie*. Bind I, del 3.
- Helle, Knut. (1972) *Konge og gode menn i norsk riksstyning ca. 1150-1319*. Bergen – Oslo – Tromsø.
- Imsen, Steinar. (2000) Innledning. I *Hirdskråen*.
- Imsen, Steinar. (2003) Nidarosprovinsen. I Imsen, Steinar. (red.) (2003) *Ecclesia Nidrosiensis 1153-1537: Søkelys på Nidaroskirkens og Nidarprovinsens historie*. Skrifter nr.15, Senter for middelalderstudier, NTNU. Trondheim.
- Joys, Charles. (1955) Tidsrommet 1253-1280 og Tidsrommet 1280-1450. I Fjellbu, Arne. (red.) (1955) *Nidaros erkebispesetel og bispesete 1153-1953*. Oslo.
- Keyser, Rudolf. (1858) *Den norske Kirkes Historie under Katholicismen*. Bind 2. Christiania.
- Koht, Halvdan. (1916) Sættargjerda i Tønsberg 1277. I *Historisk Tidsskrift*. Femte rekke, bind 3. Kristiania. s.261-276.
- Kolsrud, Oluf. (1913, a) *Den norske Kirkes Erkebiskoper og Biskoper indtil Reformationen*. Diplomatarium Norvegicum. Bind XVII B, Christiania.
- Kolsrud, Oluf. (1913, b) Kirke og folk i middelalderen. I Holmsen, Andreas. og Jarle Simensen. (red.) (1970) *Norske historikere i utvalg*, Bind III. Oslo. s.173-183.
- Kolsrud, Oluf. (†1958) *Noregs kyrkjesoga i millomalderen*. Oslo.
- Lárusson, Mágus Már. (1956) Árna saga biskups. I *Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder: Fra vikingtid til reformasjonstid*. Bind I. Oslo. sp.251.
- Lárusson, Magnús Már. (1962) Jónsbók. I *Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder: Fra vikingtid til reformasjonstid*. Bind VII. Oslo. sp.612-616.
- Liltvedt, Terje. (1991) *Norske provinsialstatutter 1280-1351. En idéhistorisk og rettshistorisk studie*. Magistergradsavhandling i idéhistorie. Universitetet i Oslo.

- Melve, Leidulf. (2009) Komparativ historie; ei utfordring for historiefaget? I *Historisk Tidsskrift*. Bind 88. s.61-80.
- Munch, P. A. (1858) *Det norske Folks Historie*. Bind I, IV. Christiania.
- Munch, P. A. (1859) *Det norske Folks Historie*. Bind 2, IV. Christiania.
- Nylander, Ivar. (1963) Kanonisk rätt. I *Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder: Fra vikingtid til reformasjonstid*. Bind VIII. Oslo. sp.221-225.
- Schroeder, H. J. (1937) *Commentary*. I *Disciplinary decrees of the general councils. Text, Translation, and commentary*. London - St. Louis.
- Seierstad, Andreas. (1959) Excommunicatio og interdikt. I *Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder: Fra vikingtid til reformasjonstid*. Bind IV. Oslo. sp.77-83.
- Seip, Jens Arup. (1942) *Sættargjerden i Tunsberg og kirkens jurisdiksjon*. Oslo.
- Sigurðsson, Jón Viðar. (2003) Island og Nidaros. I Imsen, Steinar. (red.) (2003) *Ecclesia Nidrosienses 1153-1537: Søkelys på Nidaroskirkens og Nidarprovinsens historie*. Skrifter nr.15, Senter for middelalderstudier, NTNU. Trondheim.
- Skånland, Vegard. (1968) Provinsialkonsil. I *Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder: Fra vikingtid til reformasjonstid*. Bind XIII. Oslo. sp. 527-529.
- Spørck, Bjørg Dale. (2006) *Kong Magnus Lagabøters kristenretter. Innhold, språk og overlevering*. Avhandling (dr.art). Universitetet i Oslo.
- Spørck, Bjørg Dale. (2009) Forord. Etterord. I *Nyere norske kristenretter*. Oslo.
- Stefánsson, Gunhild. og Magnús Stefánsson. (2007) Innledning. I *Biskop Arnes saga*.
- Stefánsson, Magnús. (1984) Frá goðakirkju til biskupskirkju. Staðamál. Den islandske kirkes historie ca.1260-ca. 1320. Bind I-II. Norsk omsetjing av islandsk versjon publisert i *Saga Íslands*, bind III. Reykjavík. [upublisert].
- Stefánsson, Magnús. (1997) Islandsk egenkirkevesen. I Michalsen, Dag. og Knut Sprauten. (red.) (1997) *Rett og Historie. Festskrift til Gudmund Sandvik*. Oslo.

Stefánsson, Magnús. (2000) Staðir og staðamál. Studier i islandske egenkirkelige og beneficialrettslige forhold i middelalderen. I *Skrifter*. Bind 4. Historisk institutt. Universitet i Bergen.

Tierney, Brian. (1964) *The crisis of church & state 1050-1300*.

Tobiassen, Torfinn. (1964) Tronfølgelov og privilegiebrev. En studie i kongedømmets ideologi under Magnus Erlingsson. I *Historisk Tidsskrift*. Bind 43, s.181-273.

Woolf, Alex. (2003) The diocese of Sudreyar. I Imsen, Steinar. (red.) (2003) *Ecclesia Nidrosienses 1153-1537: Søkelys på Nidaroskirkens og Nidarprovinsens historie*. Skrifter nr.15, Senter for middelalderstudier, NTNU. Trondheim.

Vedlegg 1

Bannlysingar før 1280

Namn	Tilvising i sagaen	Sidetal ⁵³³
Eindride Boggul	Eksplisitt	66, 67
Gudlaug Tannesson	Eksplisitt	46, 47
Ketil Loftsson	Eksplisitt	28, 32, 33
Nikolaus Oddsson	Eksplisitt	66, 67
Odde, Oløv og Gissur Torvaldsson (lyste ei større gruppe i bann)	Eksplisitt	23, 24

Bannlysingar etter 1280

Namn	Tilvising i sagaen	Sidetal ⁵³⁴
“Erkebiskopen hadde lyst mange av kongens menn i bann”	Eksplisitt	99
Alle til stades på Alltinget 1284	Eksplisitt	110, 117
Alle til stades på Alltinget 1287	Eksplisitt	149
Andres Pålsson Plytt	Eksplisitt	98
Bjørn Dufgusson	Tolking ⁵³⁵	107
Brand Gudmundsson	Absolusjon	107, 171
Einar Torvaldsson	Eksplisitt	107, 143, 144, 145
Eirik Mårdsson	Eksplisitt	107, 142, 143, 144, 145, 180, 181
Erlend Sterke	Eksplisitt	155, 169, 177, 178, 181
Eyjolv Andresson	Tolking ⁵³⁶	107
Eyjolv Ásgrimsson	Absolusjon	112, 116
Hallkell Ogmundsson	Eksplisitt	176
Håmund i Görðum	Tolking ⁵³⁷	107
Ingeborg Eriksdotter (og fleire aktverdige menn)	Tolking. “ble midlertidig døv når det gjaldt å lytte til daglige tidemesser”	97
Jon Brynjolvsson	Eksplisitt	167, 175, 176
Klemet på Núpur	Eksplisitt	107, 143
Klumpe-Bjørn	Absolusjon	170, 171
Loft Halvdansson/Steinvorsson	Tolking (Nekta inngang til kyrkja)	107, 170, 177
Loft Ketilsson	Eksplisitt	107, 112, 118, 177
Magnus	Tolking ⁵³⁸	107
Narve	Tolking ⁵³⁹	107

⁵³³ Sidetal gjeld den norske omsetjinga av *Biskop Arnes saga* (2007).

⁵³⁴ Sidetal gjeld den norske omsetjinga av *Biskop Arnes saga* (2007).

⁵³⁵ Tok Hjarðarholt.

⁵³⁶ Tok Hraungerði.

⁵³⁷ Tok Garðar.

⁵³⁸ Tok Ás.

Olav Arnesson	Eksplisitt	107, 177, 181
Orm Klængsson	Eksplisitt	124, 128, 129, 146, 147.
Pål Ketilsson	Eksplisitt	107, 112, 118, 177
Ravn Oddsson	Eksplisitt	153, 155, 156, 160, 164, 166, 167, 171, 172
Sigvat Halvdansson/Steinvorsson	Tolking ⁵⁴⁰	107, 170
Skegge i Austfjörðum	Tolking ⁵⁴¹	107
Skulesønene ⁵⁴²	Tolking ⁵⁴³	107
Skum i Görðum	Tolking ⁵⁴⁴	107
Snorre Ingemundsson	Absolusjon	107, 112, 170,
Sturla Halvdansson/Steinvorsson	Tolking ⁵⁴⁵	170
Sturla Sæmundsson	Absolusjon	134, 149, 170
Sveinbjörn Frá Súðavík	Eksplisitt	107, 152
Tomas Snorteson	Absolusjon	107, 170
Tord og hans mor	Tolking ⁵⁴⁶	107
Torgils Hauksson	Tolking ⁵⁴⁷	107
Torgrim Einarsson	Eksplisitt	107, 143, 144, 145, 170, 180, 181
Torvald Helgason	Tolking (nekta inngang til kyrkje)	154, 155, 164, 165, 181, 182
Vidnem i Austfjörðum	Tolking ⁵⁴⁸	107
Ásgrim Torsteinsson	Eksplisitt	96, 100, 103, 112, 116, 123, 124, 125

⁵³⁹ Tok Garðar.

⁵⁴⁰ Tok Oddi.

⁵⁴¹ Tok Þvottá.

⁵⁴² Usikkert kor mange personar som skjular seg bak Skulesønene. Eg har derfor latt det stå som eitt tilfelle.

⁵⁴³ Tok Staður undir Hraun.

⁵⁴⁴ Tok Garðar.

⁵⁴⁵ Tok Oddi.

⁵⁴⁶ Tok staden på Kvinnabrekka.

⁵⁴⁷ Tok Setberg.

⁵⁴⁸ Tok kyrkja på Þvottá.

Abstract

This research aims to perform a thorough investigation of the provincial statute of 1280. This was inspired by Lars Hamre's encouragement of a deeper investigation of the Norwegian statutory legislation and an evaluation of the statute from 1280, on which there has been done little research.

Firstly we looked into the motivation for the summoning to the council when the statute was made, and the change of circumstances in Bergen at the time of the council. The starting point for a further investigation of the statute has been an analysis of the "The saga of Bishop Arne" *Biskop Arnes saga*. We have looked at the limited mention we found about the statute in the saga to reach different views upon the statute as valid law. Furthermore we have tried to answer a problem that previously has not been answered: "How was the statute enforced?" We have done this by looking at the excommunications issued by the Bishop to see if they had legal authority in the provincial statute from 1280. We have also looked upon the pattern of excommunications of the Bishop to see if this was in any way changed after 1280, and the reasons for an eventual change.

The research shows that the statute probably was used by Bishop Arne as legal authority for some of the excommunications. The defence did not lead to any change in the behaviour of the lay men, except that it lead the Bishop to settle while waiting for support from a new Archbishop in Nidaros.